

Møteinnkalling

Utval:	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Møtestad:	Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato:	16.04.2018
Tid:	09:00 – 15:00

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post
politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Merk at det vert heildagsmøte i fellesnemnda.

Det vert servert lunsj rundt kl. 12.00.

Straume, den 9.april 2018.

Kari-Anne Landro (s)
Leiar

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 26/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 27/18	Referatsaker og orienteringar
RS 2/18	Referat Regionrådet Vest 12.03.2018
RS 3/18	Referat partssamansett utval 22.03.2018
PS 28/18	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 29/18	Endring i prosjektorganisering - Nye Øygarden kommune
PS 30/18	Prosess for tilsetjing av rådmann i Nye Øygarden kommune
PS 31/18	Sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur
PS 32/18	Sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar
PS 33/18	Lokaldemokrati og identitet - rammebudsjett for tiltak og arrangement
PS 34/18	Deltaking i prøveordning - Overtaking av ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta frå 2020



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 022.3
Saksmappe: 2018/34-8962/2018
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 09.04.2018

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
26/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.04.2018

Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
27/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.04.2018

Referatsaker og orienteringar

- Notat frå arbeidsgruppe for Fjell, Sund og Øygarden eldreråd (vedlegg)
- Orientering om studietur til København 27.-29.mai v/ kst. rådmann Lillian Torsvik

- RS 2/18 Referat Regionrådet Vest 12.03.2018
- RS 3/18 Referat partssamansett utval 22.03.2018



Arbeidsgruppe for Fjell, Sund og Øygarden eldreråd – retningslinjer

På felles drøftingsmøte for eldreråda i Fjell, Sund og Øygarden, torsdag 20.februar 2018, vart det semje om å setje ned eit interimstyre for det nye eldrerådet i nye Øygarden kommune. På fyrste møtet i nedsett interimstyre 4.april 2018 vart det vedteke å omdefinere interimstyret til **arbeidsgruppe for Fjell, Sund og Øygarden eldreråd** i samband med overgangen til nytt eldreråd i nye Øygarden kommune 1.1.2020. Arbeidsgruppa skal ha seks medlemmer, to frå kvar av kommunane Fjell, Sund og Øygarden, i tillegg til tre varamedlemmer, ein frå kvar av dei nemnte kommunane.

Eldrerådet sin funksjon, etter føresegner i eldrerådslova § 3, er å vere eit rådgjevande organ. Med andre ord så skal ikkje eldrerådet kunne avgjere saker, men vedta ei uttale eller innstilling til eit politisk utval.

I heftet «Eldrerådet sine oppgåver og funksjoner» vert dei ulike sakstypene som eldrerådet skal jobbe med, presisert.

Arbeidsgruppa må jobbe for at kommunestyret, i nye Øygarden kommune, vedtek møte- og talerett til eldrerådet når saker som er relevante for eldrerådet skal behandlast i kommunestyret.

Det vil dessutan vere vesentleg for arbeidsgruppa å sjå etter at nærtteneste-prinsippet ligg til grunn i arbeidet som vert gjort fram mot etablering av ein ny kommune. Arbeidsgruppa vil også oppmode om at alle relevante saker som vert behandla i fellesnemnda, og som omhandlar levekåra for eldre, vert sendt til arbeidsgruppa for innspel før avgjersle i saka.

Arbeidsgruppa vil fungere fram til eit nytt eldreråd er valt i nye Øygarden kommune.



Stad:	Kommunehuset i Sund kommune
Dato:	12.03.2018
Tid:	13:00 -15.30
Desse møte:	Kari-Anne Landro (møteleiar), Børge Haugetun, Marianne Sandahl Bjorøy, Lillian Torsvik, Rune Lid og Siri Fahlvik Pettersen Informasjonsrådgjevar Vigleik Brekke og Anne Grete Hareide (møtesekretær). Christian Alsaker deltok også i møtet og var sekretær i delar av møtet då Anne Grete Hareide måtte gå tidleg.
Andre:	Tone- Merethe Aasen, SINTEF, Sigmund Kvernes, Gode Sirklar, Tom Georg Indrevik, styreleiar Gode Sirklar, Rune Landro, kommunalsjef i Øygarden og Trude Senneseth, Fjell kommune.
Forfall:	

Nr	Sak	Konklusjonar/ansvar oppfølging
1/18	Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte.	Vedtak: Innkalling og referat er godkjent
2/18	Skjønsmidlar til fornyings og inovasjonsprosjekt 2018	Vedtak: Regionrådet vedtek prioritering av søknadane slik det ligg i saka. 1 Kartlegging, effektivisering og digitalisering av arkiv (Fjell, Sund og Øygarden) 2 Digitalisering av omsorgstenesta (Fjell, Sund og Øygarden) 3 Digital omstilling i skulen (Sund, Fjell og Øygarden) 4 Etablering av Vest brann og redningsregion (VBR) (Fjell, Sund, Øygarden og 14 andre) 5 Koordinatorstilling barneverns samanslåing (Fjell og Sund) 6 Integrering av flyktningar gjennom arbeid (Fjell) 7 ROS analyse for Knarrvika i Fjell kommune (Fjell) Invitasjon frå Nordhordland utviklingselskap IKS var ettersendt som referatsak i forkant av regionrådsmøtet (Invitasjon til deltaking i utgreiing om samarbeid innan IKT-drift i Hordaland). Denne vart teken opp under sak 2/18. Regionrådet valde å ikkje prioritere denne på lista over søknader om skjønnsmidlar. Sekretariatet sender melding om vedtaket til fylkesmannen.
3/18	Framtidas kunnskapsklynge i nye Øygarden kommune	Rune Landro presenterte løypemelding frå prosjektet, status, operative mål og plan for vidare arbeid. Gjeld finansiering - Ein har fått tilsegn på 500 000,- via Handlingsprogram for næring- og samfunnsutvikling i Hordaland fylkeskommune. Totalsøknaden var på 1 500 000,- for 2018 og 2019 og ein har fått stadfesta at ein ikkje kan søka på midlar for det same prosjektet i 2019.

		<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektet verte oppmoda om å søke andre relevante støtteordningar. - Prosjektet treng avklaring kring det kommunale kontantbidraget, jfr. Finansieringsplan. <p><u>Konklusjon:</u> Kommunena vil fremje sak til kommunestyra for å få løyst ut kontantbidraget. Siri Fahlvik Pettersen får ansvar for å skrive saka.</p> <p>Det vart vidare <u>konkludert</u> med at saka må innom fellesnemnda fordi ho er relevant for den nye kommunen.</p>
4/18	Val av ny tomt til nye Sotra vidaregåande skule	<p>Kari-Anne Landro introduserte saka og sa mellom anna at notatet som var lagt ved, var eit godt grunnlag for vidare drøfting.</p> <p>Prossjen vidare i saka vart drøfta og konkludert slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lillian Torsvik tar kontakt med Fylkeskommunen om status for den formelle prosessen. - Notatet «Val av tomt for til nye Sotra vidaregåande skule» blir sendt Rune Landro og prosjektet «Framtidas kunnskapsklynge i nye Øygarden kommune» for uttale. Prosjektet og lokalisering må sjåast i samanheng. Uttale må ligge føre til neste møte i regionrådet 04.06. - Val av tomt til den bnye skulen blir tema i neste Regionrådsmøte. Det blir utarbeida ei sak til Fellesnemnda med ei tilråding til tomtealternativ frå Regionrådet til møtet i fellesnemnda 16. juni.
5/18	Havrom 2018	<p>Løypemelding frå Sigmund Kvernes. Orientering om status og framdrift.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Regionrådet tar initiativ til eit møte med aktørane innan Marin næring. 5 aktørar skal inviterast til å møte Regionrådet der ein ser på spørsmål som må utgreiast betre. Dette blir eit eige møte. - Næringa blir utfordra til å delta med finansiering i ei moglegheitsstudie - Langsiktige prosjekt må bli sak til Fellesnemnda. Dette gjeld særleg prosjekt som går ut over 2020.
6/18	Søknad til Forskiingsrådet i FORKOMMUNE-programmet	<p>Trude Senneseth orienterte om programmet.</p> <p>Rådmennene har gitt positiv tilbakemelding på deltaking i programmet.</p> <p>Regionrådet tek saka til orientering</p>
7/18	Referatsaker	Regionrådet si årsmelding vart drøfta.
8/18	Ymse	<ul style="list-style-type: none"> - Link til innkalling i PDF blir lagt ved neste møteinnkalling - Møtet i Regionrådet 28.05 blir avlyst. Neste møte blir 04.06.



Møteprotokoll

Utval: Partssamansett utval Nye Øygarden kommune
Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato: 22.03.2018
Tid: 12:00 - 14:20

Medlemer som møtte:

Kari-Anne Landro	Leiar	H
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Børge Haugetun	Nestleiar	TVØ
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Silvia Haugland	Medlem	TVØ
Espen Harketstad	Medlem	AP
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Nina Zandstra	Medlem	
Bodil Aleksandersen	Medlem	
Cathrine Olsen	Medlem	
Hildegunn Høyland	Medlem	
Vibecke Hodnekvam	Medlem	

Forfall:

Solveig D Rong MEDL

Varamedlemer som møtte:

Anne Grete Andersen for Solveig D Rong

Andre:

Prosjektleiinga sin representant spesialrådgjevar Willy Sørensen, personalsjef Lisbeth Grosvold, personalsjef Kaja Pedersen, møtesekretær Unni Rygg.

Leiar Kari-Anne Landro

underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 4/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 5/18	Referatsaker og orienteringar
RS 2/18	Fellesnemnda 22.01.18, Møtebok PS 10/18 Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 22.januar 2018
RS 3/18	Fellesnemnda 19.02.18, Møtebok PS 14/18 Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i fellesnemnda 19.februar 2018
PS 6/18	Oppnemning og representasjon i arbeidsgrupper innan området arbeidsgjevpolitikkk - ny handsaming
PS 7/18	Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden

PS 4/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 22.03.2018:

Protokollen frå førre møte, 10.01.18, vart godkjent utan merknad.

Innkallinga vart godkjent med merknad om nytt vedlegg og ny merknad til sak 7/18 Omstillingsavtale.

Sakslista vart godkjent med følgjande merknad;

Hovudtillitsvalde Vibecke Hodnekvam foreslo å utsetje sak 7/18 Omstillingsavtale. Leiar Kari-Anne Landro viste til at Hodnekvam kan kome med grunngjeve utsetjingsframlegg når saka vert behandla, og at sakslista såleis blir verande som i innkallinga.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 22.03.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte, 10.01.18, vert godkjente.

PS 5/18 Referatsaker og orienteringar

Orienteringar

Det er ingen orienteringar til møtet.

Referatsaker

- RS 2/18 Fellesnemnda 22.01.18, Møtebok PS 10/18 Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 22.januar 2018
- RS 3/18 Fellesnemnda 19.02.18, Møtebok PS 14/18 Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i fellesnemnda 19.februar 2018

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 22.03.2018:

Det kom fleire detaljerte merknader til referatsak 3/18, «Milepelsplan til møte i fellesnemnda 19.februar», om punkt 24-27 og punkt 30, som administrasjonen tek med seg i det vidare arbeidet med planen. Spesialrådgjevar Willy Sørensen viste også til at det vert jobba med framstillinga og koordineringa av innhaldet i milepelsplanen for å få eit meir levande, fleksibelt og digitalt styringsverktøy.

Referatsakene vart tekne til orientering med merknadane som kom fram i møtet.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 22.03.2018:

Saka vert teken til orientering.

RS 2/18 Fellesnemnda 22.01.18, Møtebok PS 10/18 Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 22.januar 2018

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 22.03.2018:

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 22.03.2018:

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 3/18 Fellesnemnda 19.02.18, Møtebok PS 14/18 Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i fellesnemnda 19.februar 2018

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 22.03.2018:

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 22.03.2018:

Referatsaka vert teken til orientering.

PS 6/18 Oppnemning og representasjon i arbeidsgrupper innan området arbeidsgjevarpolitikk - ny handsaming

Innstilling:

1. Partsamansett utval vedtek representasjon i partsamansette arbeidsgrupper fortløpande.
2. Partsamansett utval vedtek frikjøp for ein representant frå Akademikarane og ein representant frå YS for kommunane Fjell, Sund og Øygarden i 20% stilling, for perioden 01.04.2018 til 31.12.2019, til arbeid i samband med kommunesamanslåinga.

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 22.03.2018:

Personalsjefane Lisbeth Grosvold og Kaja Pedersen var til stades under behandlinga av saka.

Det vart stilt spørsmål om frikjøpsordninga for arbeidet med den nye kommunen. Personalsjef Kaja Pedersen viste til at ev. frikjøp er på organisasjonsnivå, ikkje opp mot tillitsvalde som einskildpersonar, for å hindre over 100 % stilling sett opp mot arbeidet i eigen kommune.

Framlegg frå Delta YS v/ Anne Grete Andersen om nytt punkt 2 i innstillinga:

2. Partsamansett utval vedtek at Delta YS og Akademikarane får 20 % frikjøp kvar for kommunane Fjell, Sund og Øygarden for perioden 01.04.18 til 31.12.19, til arbeidet i samband med kommunesamanslåinga.

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Framlegg om nytt punkt 2 fekk 6 røyster (tillitsvalde i utvalet) og fall. Innstillinga punkt 2 vart såleis vedteke med 9 røyster.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 22.03.2018:

1. Partsamansett utval vedtek representasjon i partsamansette arbeidsgrupper fortløpande.
2. Partsamansett utval vedtek frikjøp for ein representant frå Akademikarane og ein representant frå YS for kommunane Fjell, Sund og Øygarden i 20% stilling, for perioden 01.04.2018 til 31.12.2019, til arbeid i samband med kommunesamanslåinga.

PS 7/18 Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden

Innstilling:

Partsamansett utval vedtek Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Avtalen gjeld frå avtalen er underskriven og ut omstillingsperioden. Når nye Øygarden kommune er etablert som eige rettssubjekt 01.01.20, trer den nye kommunen inn i denne avtalen.

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 22.03.2018:

Personalsjefane Lisbeth Grosvold og Kaja Pedersen var til stades under behandlinga av saka. Grosvold delte ut nye vedlegg til saka, protokolltilførsel til drøftingsmøtereferatet 07.03.18 frå Fagforbundet Sund, og følgjande merknad til drøftingsreferatet frå HTV Vibecke Hodnekvam: «Det var akademikarane som spurte om HVO, ikkje utdanningsforbundet». Vedlegga vart tekne til orientering.

Leiar Kari-Anne Landro kom med framlegg om å presisere innstillinga i saksframlegget ved å legge til følgjande setning, noko som utvalet vart samde om:

- «Avtalen gjeld då berre saker som har vore sak i omstillingsperioden fram til 31.12.19»

Leiar Kari-Anne Landro kom med framlegg om følgjande tekniske justeringar omstillingsavtala, noko som utvalet vart samde om:

- Pkt. 7 «Rekruttering / innplassering til Nye Øygarden kommune;
 - 1.setning, fjerne dato «1.kvartal 2018».
 - 4. avsnitt siste setning, fjerne dato «16.04.18».
- Pkt. 3 «Verksemdoverdraging»;
 - hakepunkt 1, «Løn» - skrive om siste setning til «Faste tillegg vert i utgangspunktet ikkje vurdert vidareført til stilling i nye Øygarden kommune med mindre ansvar og nye oppgåver tilseier det».

Tom Georg Indrevik kom med følgjande generelle innspel til innhaldet i omstillingsavtala:

- Ikkje siter lovtekst i omstillingsavtala, men ta med «Det er til ein kvar tid gjeldande lovtekst som gjeld».
- Teksten i omstillingsavtala bør sjekkast opp juridisk før ferdigstilling slik at lova vert følgt.

Marianne Sandahl BJORØY kom med følgjande generelle innspel til drøftingsmøtereferat:

- Referata framover bør vere tydeleg på kva partane har blitt samde om.

Omstillingsavtala vart deretter grundig diskutert. Forslaga som vart fremja vart stemt over punktvis.

Framlegg frå Tom Georg Indrevik:

Partssamansett utval (PSU) tar saka til orientering og ber administrasjonen i samarbeid med de tillitsvalte arbeide vidare med følgjande punkt:

- Pkt. 6 «Rekruttering i omstillingsperioden»;
 - Byte ut 1.setning: «Allereie etablerte stillingsgrupper og omstillingsutval i kommunane held fram med arbeid sitt», med følgjande setning: «Det vert oppretta ei felles overordna stillingsgruppe som dekkjer alle tre kommunane».

Votering: forslaget vart **samrøystes vedteke**.

- Pkt. 8 «Verkemiddel for å behalde kompetansen»;
 - Hakepunkt 2) «Kompensasjon for skifte av arbeidsstad» bør utgå.

Votering: forslaget fekk 9 røyster (politiske medlemmer i utvalet) og vart **vedteke**.

- Pkt. 9 «Sluttvederlag og støtte til studium»;
 - Ny setning heilt nedst i punktet: «Dersom verkemidlane i punkt 9 skal brukast, skal det gjerast i samråd med partssamansett utval (PSU)».

Votering: forslaget vart **samrøystes vedteke**.

Framlegg frå Jogeir Sognnæs:

- Pkt. 9 «Sluttvederlag og støtte til studium»;
 - Byte om rekkefølga på hakepunkt 1 og 2.

Votering: forslaget vart **samrøystes vedteke**.

Framlegg frå Marianne Sandahl BJORØY:

- I innleiinga «Omstillingsavtale» står det to kulepunkt;
 - Kulepunkt 1, endre årstal til 2017 slik at setninga blir «Fjell, Sund og Øygarden kommune vedtok i juni 2017 å slå seg saman».

- Kulepunkt 2, vis også til intensjonsavtala kapittel 11 – Kommunen som arbeidsgjevar – administrative prosessar.

Votering: forslaget vart **samrøystes vedteke**.

- Pkt. 2 «Føremål»;
 - Tekstedel / sitat frå arbeidsmiljølova utgår.

Votering: forslaget vart **samrøystes vedteke**.

- Pkt. 7 «Rekruttering/ innplassering til nye Øygarden kommune»;
 - Hakepunkt «Nærare om rettskrav» – rediger og kort ned tekst til å berre innehalde formalitetane rundt rettskrav.

Votering: forslaget vart **samrøystes vedteke**.

- Pkt. 12 «Endringar i omstillingsavtala»;
 - Stram opp og konkretiser teksten i avsnittet.

Votering: forslaget vart **samrøystes vedteke**.

Framlegg frå Hildegunn Høyland:

- Pkt. 7 «Rekruttering/ innplassering til nye Øygarden kommune»;
 - Under avsnittet «Ein ser føre seg to alternativ for innplassering», «Alternativ 2 - Direkte innplassering»:
Byte ut setning 4: «Dersom stillinga er aktuell for fleire, vert det ei vurdering ut frå kompetanse og kven som er best skikka for jobben (kvalifikasjonsprinsippet)», med følgjande setning:
«Om det er fleire kvalifiserte arbeidstakarar som konkurrerer om same ledige stilling, vert det lagt vekt på røynsle».

Votering: forslaget fekk 6 røyster (tillitsvalde i utvalet) og fall.

Framlegg frå Anne Grethe Andersen::

- Pkt. 7 «Rekruttering/ innplassering til nye Øygarden kommune»;
 - Under avsnittet «Ein ser føre seg to alternativ for innplassering», «Alternativ 1) Frivillig og avtalt ordning mellom arbeidsgjevar og dei tilsette»:
Avsnitt 4, setning nr. 2 – ta vekk følgjande setning: «Dersom ein tilsett ikkje takkar ja til tilbodet ein får og eventuelle andre tiltak er vurdert, så vert det å betrakta som ei oppseiing frå arbeidsgjevar og arbeidstilhøvet går til opphøyr 31.12.19».

Votering: forslaget fekk 6 røyster (tillitsvalde i utvalet) og fall.

- Pkt. 7 «Rekruttering/ innplassering til nye Øygarden kommune»;
 - Hakepunkt «Stillingsgaranti». Til siste setninga om at «Garantien gjeld eventuelle oppseiingar som kan relaterast til innskrenkingar og effektivisering som følgje av

kommunesamanslåinga fram til 31.12.21» kom administrasjonen med ynskje om retting av årstal til 31.12.2020 følgd opp med forslag frå Tom Georg Indrevik om å avgrense stillingsgarantien til 31.12.2020. Forslag om å avgrense stillingsgarantien til 31.12.2020 vart sett opp mot framlegg frå Andersen om at stillingsgarantien skal gjelde fram til 31.12.2021.

Votering: forslaget om stillingsgaranti fram til 31.12.2020 fekk sju røyster, medan forslaget om at stillingsgarantien skal gjelde fram til 31.12.2021 fekk **åtte røyster** (6 tillitsvalde, 1 AP, 1 FrP) og **vart vedteke**.

- Pkt. 12) «Endringar i omstillingsavtalen»;
 - Underskrifter tillitsvalde – ta vekk organisasjonsnamnet etter særnamnet

Votering: forslaget vart **samrøystes vedteke**.

- Pkt. 7 «Rekruttering/ innplassering til nye Øygarden kommune»;
 - Hakepunkt «Overtalighet», i siste avsnitt, ta med ny setning «Det vert som hovudregel gjeve eitt tilbod, men det kan opnast for inntil to tilbod» før den siste setninga i avsnittet.

Votering: forslaget vart **samrøystes vedteke**.

Partssamansett utval vart samde om å gje administrasjonen i oppdrag å innarbeide vedtekne forslag i omstillingsavtala, og legge fram ny sak med justert innstilling og oppdatert omstillingsavtale for endeleg vedtak i neste møte.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 22.03.2018:

Partssamansett utval gjev administrasjonen i oppdrag å innarbeide vedtekne forslag i omstillingsavtala, og legge fram ny sak med justert innstilling og oppdatert omstillingsavtale for endeleg vedtak i neste møte.



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 022.3
Saksmappe: 2017/5634-8965/2018
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 09.04.2018

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
28/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.04.2018

Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
29/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.04.2018

Endring i prosjektorganisering - Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Den 02.10.17 vedtok fellesnemnda ei prosjektorganisering av Nye Øygarden kommune. Det vart vedteken ein modell for samspelet mellom dei viktigaste aktørane i prosjektet. Då den tilsette prosjektleiaren valde å trekke seg frå stillinga si den 19.03.18, vart det nødvendig å finne alternative løysingar for styring av prosjektet. Fellesnemnda gav leiargruppa, ved dei tre ordførarane, vide fullmaktar til å finne mellombels løysing for den vidare prosjektstyringa. Leiargruppa har i samråd med rådmennene utarbeidd ei løysing som vert lagt fram i denne saka for endeleg godkjenning.

I modellen som vert lagt fram i denne saka har rådmennene i dei tre kommunane fått ei særskilt rolle i styringa av prosjektet. Dei tre rådmennene vil ha ei sentral rolle i prosjektet fram til 31.12.18. Rådmannen i Sund, Rune Lid, er blitt spurt og har sagt seg villig til å fungere som prosjektrådmann ut året 2018 inntil rådmann for den nye kommunen er tilsett.

Det er avklart med dei tre rådmennene at det berre er Rune Lid som er aktuell for ei permanent leiarstilling i den nye kommunen. Rune Lid får difor tilbod om stilling som assisterande rådmann i Øygarden kommune frå 01.01.20.

Innstilling:

Fellesnemnda godkjenner følgjande endringar i prosjektorganisering for Nye Øygarden kommune:

1. Mellombels modell for prosjektstyring slik det går fram av saka er at dei tre rådmennene får eit særskild ansvar for gjennomføring av prosjektet fram til 31.12.18.
2. Rune Lid vert tilsett som fungerande prosjektrådmann fram til og med 31.12.18.
3. Rune Lid får tilbod om stilling som assisterande rådmann i Øygarden kommune frå 01.01.20.

Straume, den 05.04.2018

Willy Sørensen
administrasjon

Dokument vedlagt saka:


Saksopplysningar:

Fellesnemnda vedtok den 02.10.17, sak 10/17, ei prosjektorganisering av Nye Øygarden kommune. Det vart vedteken ein modell for samspelet mellom dei viktigaste aktørane i prosjektet og kor prosjektleiar med nærstab har hatt ein vesentleg rolle i styringa av prosjektet. Den tilsette prosjektleiaren trekte seg frå stillinga si den 19.03.18 og fellesnemnda måtte finne alternative løysingar for styring av prosjektet. Fellesnemnda gav leiargruppe ved dei tre ordførarane, vide fullmaktar til å finne løysing for den vidare prosjektorganiseringa. Leiargruppa har i samråd med dei tre rådmennene utarbeidd ei løysing for prosjektorganiseringa som vert lagt fram i denne saka for endeleg godkjenning.

I modellen som vert lagt fram i saka er tittel 'prosjektleiar' bytta ut med 'prosjektrådmann'. Den vidare planen er å tilsette ein rådmann frå og med 01.01.19 kor vedkommande første året vil tre inn i rolla som prosjektrådmann, jf. eigen sak til fellesnemnda om tilsettingsprosess for ny rådmann. Vidare i modellen så er rådmennene i dei tre kommunane gjeve ei tydeleg prosjektstyringsrolle. Rådmannen i Sund, Rune Lid, vert føreslått som konstituert prosjektrådmann med hovudansvar for prosjektet, inntil ny rådmann er tilsett. Prosjektstaben vil vere prosjektrådmannen sitt ansvar.

Det er avklart med dei tre rådmennene at det berre er Rune Lid som er aktuell for ei permanent leiarstilling i den nye kommunen. Rune Lid får difor tilbod om stilling som assisterande rådmann i Øygarden kommune frå 01.01.20.

Ny modell for prosjektorganisering



SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
30/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.04.2018

Prosess for tilsetjing av rådmann i Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Denne saka omhandlar prosess for tilsetjing av rådmann i nye Øygarden kommune. Det vert lagt opp til intern tilsetjingsprosess, men med delkjøp av ekstern konsulentbistand knytt til rådgjeving og gjennomføring av intervju og persontestar.

Det vert oppnemnd eit tilsetjingsutval som får fullmakt til å gjennomføra tilsetjing i stillinga. Tilsetjingsutvalet består av dei tre ordførarane i tillegg til eit ekstra medlem og 3 tillitsvalte, ein frå kvar kommune.

Tidsplanen er lagt opp med tanke på utlysing av stillinga i løpet av august og tilsetjing innan 1. oktober 2019, slik at ny rådmann er på plass til 1. januar 2019.

Innstilling:

1. Fellesnemnda godkjenner prosess og tidsplan for tilsetjing av rådmann i nye Øygarden kommune, som vist i saka.
2. Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å gjennomføra prosessen med tilsetjing av rådmann for nye Øygarden kommune.
3. Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å kjøpa ekstern konsulentbistand slik det er gjort greie for i saka.
4. Fellesnemnda vedtek slikt tilsetjingsutval:
 - a. Dei tre ordførarane
 - b. I tillegg eit ekstra medlem
 - c. 3 tillitsvalte, 1 frå kvar kommune, valt av og blant dei tillitsvalte

Straume, den 06.04.2018

Willy Sørensen
administrasjon

Dokument vedlagt saka:

Saksopplysningar:

Etter at prosjektleiar avslutta sitt tilsetjingsforhold, har ordførarane bedt rådmennene i Sund, Fjell og Øygarden om å ta mellombels ansvar for vidareføring av prosjektet med å etablere Nye Øygarden kommune. Ein av rådmennene vil ha funksjon som prosjektrådmann til 31.12.18, jf. eiga sak om prosjektorganisering.


Ordførarane har bedt rådmennene om å leggja fram ei sak for fellesnemnda om prosess for tilsetjing av rådmann for den nye kommunen, med tanke på at denne skal vera på plass frå 1. januar 2019. Dette betyr at tilsetjing av aktuell kandidat bør vera gjort før 1. oktober 2018, med tanke på 3 månader oppseiingstid.


Det vert lagt til grunn gjennomføring av intern tilsetjingsprosess, men med delkjøp av ekstern konsulentbistand. Det vert soleis lagt opp til delkjøp frå ekstern konsulent som mellom anna skal bidra med rådgjeving og gjennomføring av intervju og persontestar. Utarbeiding og utsending av tilbod på konsulentbistand til tre aktuelle tilbydarar og val av tilbydar inkludert klagefrist, må vera gjennomført i løpet av juni måned.

Utlysingstekst for rådmannsstillinga må vera ferdig i løpet av juni måned slik at utlysinga kan annonserast rett etter sommarferien, i august måned.

Eit tilsetjingsutval på 7 personar får fullmakt til å tilsetja i stillinga. Tilsetjingsutvalet består av dei 3 ordførarane og 1 eit anna medlem frå fellesnemnda eller administrasjonen og 3 tillitsvalte, ein frå kvar kommune, valt av og blant dei tillitsvalte. Tilsetjingsutvalet består då av 4 medlemmar frå arbeidsgjevarsida og 3 medlemmar frå arbeidstakarsida.

Tidsplan 2018 - 2019:





Vurdering:

Då prosjektleiar har slutta i stillinga, vil det no vera naturleg å lysa etter rådmann for Nye Øygarden kommune. Den tilsette rådmannen vil fram til 01.01.20 ha funksjon som prosjektrådmann med ansvar for å ferdigstillja prosjektet med etablering av den nye kommunen.

Det vert rådd til å starta prosessen med tilsetjing av rådmann snarast etter at fellesnemnda har gjort vedtak i denne saka. For å sikra fortgang i prosessen og halda framdriftsplanen, er det nødvendig at dei tre ordførarane får tilstrekkeleg fullmakt frå fellesnemnda.

For å bistå ordførarane og tilsetjingsutvalet med særskild kompetanse knytt til rådgjeving og gjennomføring av intervju og persontesting, vil det vera nødvendig å kjøpa ekstern konsulentteneste.

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
31/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.04.2018

Sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur

Samandrag av saka:

Hausten 2017 oppnemnte fellesnemnda eit politisk utval for gjennomgang av den politiske styringsstrukturen i Nye Øygarden kommune. Utvalet er samansett av 7 politikarar frå Øygarden, Fjell og Sund, og er leia av ordføraren i Fjell. Mandat for arbeidet går fram av saka.

Utvalet har i 6 møte arbeidd med ei rekke tema knytt til politisk styring, og har utarbeidd ein sluttrapport som dei med dette fremjar til vedtak i fellesnemnda.

Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek å legge Sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur til grunn for den politiske organiseringa av Nye Øygarden kommune, inkludert framlegg til reglement for delegering av politisk mynde, reglement for møte, og ordningar for godtgjersle for dei folkevalde.
2. Fellesnemnda legg til grunn utvalet si tilråding av politisk organisasjonsmodell med same struktur (formannskap, to hovudutval og kontrollutval), og med dei same namn og funksjonar som går fram av rapporten.
3. Fellesnemnda legg til grunn at utval for politisk styringsstruktur sine framlegg til møtetidspunkt for kommunestyret, formannskapet og hovudutvala vert gjeldande i Nye Øygarden kommune.
4. Fellesnemnda legg til grunn at utval for politisk styringsstruktur sine framlegg til andre utval enn hovudutvala,- jf kap.7 i sluttrapporten, vert implementert i organiseringa av Nye Øygarden kommune.
5. Fellesnemnda godkjenner dei ulike satsane og ordningane for godtgjersle til folkevalde som går fram av del 4, kap 19 – 24 i rapporten.

Straume, den 09.04.2018

Willy Sørensen
Administrasjon

Dokument vedlagt saka:

- Sluttrapport frå Utval for politisk styringsstruktur
- Lenke til referat frå dei ulike møta i utvalet:
<http://www.nyeoygardenkommune.no/moteinnkalling-og-protokoll/>

Saksopplysningar:

I møte 2.oktober 2017, sak 8/17, oppnemnte fellesnemnda eit utval som ...»går gjennom den politiske styringsstrukturen fram mot etablering av Nye Øygarden kommune. Utvalet vil og foreslå delegasjonsreglementrapportere til fellesnemnda...».

Utvalet vart samansett av følgjande medlemmer/varamedlemmer:

Frå Fjell: Marianne Sandahl Bjorøy, Ernst Einarsen og Kristin Brennhaug/ Hilde Lohmann Sandal, Cecilie Rathem og Johannes Kobbeltvedt som vara

Frå Sund: Jogeir Sognæs og Jørgen Kausland / Elisabeth Toft Erichsen og Ørjan Telle som vara

Frå Øygarden: Børge Haugetun og Ingrid Marie Toft/ Espen Harkestad og Silvia Haugland som vara.

I møte 30.oktober 2017, sak 23/17, vedtok fellesnemnda følgjande mandat for utvalet sitt arbeid:

1. Det politiske utvalet for gjennomgang av den politiske styringsstrukturen i Nye Øygarden kommune skal legge til grunn følgjande mandat for arbeidet:

- Utvalet sitt arbeid skal byggje på dei grunnleggjande føresetnadene som er fastlagt i Intensjonsavtalen, og på sentrale element i styringa av dei tre kommunane i dag.

- Utvalet skal vurdere behovet for andre utval, råd og komitear utover dei som går fram av Intensjonsavtalen.

- Utvalet skal utarbeide eit presist grunnlag for arbeidet i kommunestyret, formannskapet, dei fire hovudutvala, kontrollutvalet, administrasjonsutvalet og evt. andre utval eller komitear.

Dette skal m.a klargjere ansvarsområde, arbeidsform, grensesnitt og andre tilhøve som er naudsynt og tenleg for at dei skal fungere best mogleg kvar for seg og saman.

- Utvalet skal utarbeide eit nytt og samlande delegasjonsreglement for den nye kommunen. Reglementet skal vere presist og tydeleg når det gjeld å klargjere ansvarstilhøve og mynde på alle viktige område mellom politikk og administrasjon.

2. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda, og levere sluttrapport innan utgangen av mars 2018.

Utvalet konstituerte seg i møte 7.november med Marianne Sandahl Bjorøy som leiar og Børge Haugetun som nestleiar. Prosjektleiaren v/Willy Sørensen vart sekretær for utvalet.

Utvalet har hatt 6 møte med vekt på følgjande tema:

- politisk organisering
- reglement for delegering av politisk mynde
- reglement for møte i folkevalde organ
- ordningar for godtgjersle for folkevalde

Sluttrapporten er bygd opp i samsvar med dette.

Politisk organisering:

Politisk organisering av Nye Øygarden kommune var det mest sentrale temaet i dei to første møta i utvalet.

Utvalet tok m.a. utgangspunkt i dei tre første strekpunkta i mandatet, og la også til grunn den sokalla Demokratimodellen slik den framgår av kap.6 i Intensjonsavtalen.

Utvalet la vekt på at prinsippet om formannskapsmodellen med gjennomgåande representasjon, var det som låg til grunn for den politiske organiseringa. Formannskapet skal bestå av 11 medlemmar.

I Intensjonsavtalen var det lagt opp til at det skulle opprettast fire hovudutval:

- hovudutval for helse og omsorg
- hovudutval for oppvekst og kultur,
- hovudutval for nærings- og samfunnsutvikling, og
- hovudutval for areal- og plansaker.

Det var i intensjonsavtalen lagt opp til at kvart av hovudutvala skulle ha 9 medlemmar.

Det kom frem i diskusjonen at løysinga med 4 hovudutval, ikkje var drøfta grundig i arbeidet med Intensjonsavtalen. Utvalsleiar tok difor spørsmålet om tal hovudutval opp i fellesnemnda i møte 20.11.17 og igjen i møtet 11.12.2017. Fellesnemnda gav utvalet fullmakt til å utarbeide et forslag der organisasjonskartet vart redusert frå fire til to hovudutval.


Ingen av dagens 3 kommunar har i dag meir enn 3 komitear/hovudutval. Øygarden kommune har 2 utval; utval for drift og samfunnsutvikling og utval for levekår. Fjell kommune har 2 komitear; komité for drift og forvaltning og komité for plan- og utvikling. I Sund har dei 3 utval; forvaltningsstyre - planutval, saksgruppe levekår og nærmiljø og saksgruppe næring og utvikling.

Ein organisasjonsmodell med fire hovudutval legg opp til ei relativt sektorbasert styring, som kan redusere samarbeidet mellom sektorane. Utvalsmedlemmane var samde om at dette ikkje var å tilrå, og at det var særleg viktig å sjå tenestane innafor helse og omsorg og oppvekst og kultur i ein samanheng. På den måten vil intensjonsavtalens tanke om kvalitet i tenestene være bærebjelken i utviklinga av Nye Øygarden kommune.

Med tanke på dei to andre hovudutvala i Intensjonsavtalen; hovudutval for nærings- og samfunnsutvikling og utval for areal- og plansaker, vart ikkje medlemmane heilt samde. Fleirtalet meinte at ein kunne slå desse utvala saman av di det var ein fellesnemnar mellom saksgrunnlaga for desse to utvala.

På side 4 i rapporten er det vist framlegg til fordeling av saksansvar mellom formannskap og hovudutvala. Utvalet hadde i utgangspunktet fleire ulike alternativ til drøfting, med fire, tre og to hovudutval. Ein var samd om at fire hovudutval m.a. ville innebere for lite saksgrunnlag for kvar/nokre av dei. Eit formannskap og tre hovudutval var heller ikkje heilt slik som fleirtalet i utvalet ønskte. Eit fleirtal i utvalet meinte at den fordelinga som nå ligg føre gjer eit godt nok saksomfang og gjer utvala ein heilskap og eit meir oversiktleg sakstilfang av deira saksområde.

I møte 29.november 2017 vedtok utvalet å legge ein modell med formannskap og to hovudutval til grunn for det vidare arbeidet. Modellen er tydeleggjort i figuren under:



Utvalet foreslo følgjande oppgåver/ arbeidsområde til formannskapet og dei to hovudutvala:

Politisk organisering		
Kommunestyret		
Formannskapet <ul style="list-style-type: none"> Budsjett, rekneskap, økonomiplan, handlingsprogram Kommuneplanen sin samfunnsdel Regionalt samarbeid og utvikling Valstyre Eigarskap Næringssaker Beredskap 	Hovudutval for miljø- og stadutvikling <ul style="list-style-type: none"> Kommuneplanen sin arealdel Kommunedelplanar (areal) Reguleringsplanar og arealrelaterte saker Samferdsle Kommunale eigedomar: bygging og utvikling Miljø saker 	Hovudutval for tenester og levekår <ul style="list-style-type: none"> Helse/skule/sosial/omsorg/NAV: drift og planlegging Kommunedelplanar (tematiske) Samfunnskontakt: Frivillige lag og organisasjonar, idrett, kyrkja Kultur

(Sjå del 1 side 4 i sluttrapporten).

Utvalet ønskte at tal medlemmer i hovudutvala vart utvida frå 9 (Intensjonsavtalen) til 11.

Vedtaket vart gjort med 6 mot 1 røyst. Mindretallet ønskte ei løysing med tre hovudutval. Ingen av medlemmane ønskte ein modell med fire hovudutval.

Fleirtallet grunn gav også tal hovudutval med ønske om mest mogleg delegasjon til administrasjonen, slik at hovudutvala fekk ein mest mogleg overordna rolle og minst mogleg detaljstyrande rolle, og difor ei tenleg styringsform for ein stor/større kommune. Ein vurderte også at arbeidsområda var godt og oversiktleg inndelt i «harde» og «mjuke» sektorar, og at dei var godt tilpassa ei samfunnsutvikling med auka fokus på konsekvensane av store endringar, t.d i befolkninga sin alderssamansetnad.

Reglement for delegering av politisk mynde

Dette temaet var hovudsak i utvalet sitt tredje møte 11.januar 2018. Som grunnlag for drøftingane hadde ein m.a. gjeldande reglement for kvar av dei tre kommunane. Ein valde å nytta Øygarden sitt reglement som utgangspunkt, m.a. av di ein fann deira bruk av oversiktlige matriser og vanleg tekst som særleg pedagogisk og godt eigna for føremålet.

Utvalet hadde m.a. fokus på om ein skal tilrå eit politisk/administrativt utval etter modell av politisk arbeidsutval i Fjell. Ein drøfta også ev. bruk av saksordførar ved utarbeiding av særleg store og viktige plansaker.

Reglement for møte i folkevalde organ

Denne delen av sluttrapporten er framlegg til eit grundig og detaljert reglement for møta i dei folkevalde organa. Det var hovudtema i møte 30.januar 2018 i utvalet. På same måte som tidlegare la ein til grunn noverande reglement i dei tre kommunane.

Utvalet hadde kanskje særleg fokus på følgjande tema:

- prosedyrar knytt til handsaming av ikkje-offentlege dokument
- framgangsmåte ved ugildskap
- ulike prosedyrar ved avrøysting
- ordningar med høve til spørjing kommunestyre, formannskap og hovudutval
- innbyggjarinitiativet

I utvalet sitt siste møte drøfta ein m.a konkrete møtetidspunkt i kommunestyre, formannskap og utvala. Sjå pkt. 3 i framlegg til vedtak.

Ordningar for godtgjersle for folkevalde

Både Øygarden, Sund og Fjell har detaljerte reglement for ulike ordningar med godtgjersle til folkevalde. Desse var grunnlaget for drøftingane i utvalet sitt møte.

Rapporten inneheld framlegg til konkrete beløp eller tilsvarande når det gjeld alle typar godtgjersle som utvalet meiner er relevante ut frå noverande ordningar i dei tre kommunane. Den føreslår også på kva måte godtgjerslene skal utbetalast på, ordningar for justeringar og oppdateringar der dette er aktuelt, presiseringar av situasjonar der godtgjersle ikkje er aktuelt, osb.

Nokre av ordningane er knytt til enkeltpersonar som t.d ordførar, varaordførar el. utvalsleiarar. I andre høve gjeld det grupper av folkevalde, som t.d medlemmer av formannskap. Det er også støtteordningar for partigruppene, kompensasjonsordningar og frikjøpsordningar m.m.

Avgjere der det er tvil eller usemje om korleis reglementet skal tolkast, vert lagt til formannskapet.

Sjå framlegg til vedtakspunkt 5 i saka.

Vurdering:

Prosjektadministrasjonen har hatt ansvaret for sekretærfunksjonen for utvalet. Sekretæren har ført rapporten i penna på vegne av den.

Denne saka inneheld ikkje ei administrativ vurdering, anna enn at administrasjonen meiner utvalet har gjennomført arbeidet i samsvar med mandatet gjeve av fellesnemnda.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Sluttrapport frå Utval for politisk styringsstruktur

April 2018





NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Innleiing

Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune vedtok i møte 2.oktober 2017 å etablere eit politisk utval for ein gjennomgang av den politiske styringsstrukturen i den nye kommunen. I møte 30.oktober ga fellesnemnda utvalet følgjande mandat:

1. *Det politiske utvalet for gjennomgang av den politiske styringsstrukturen i Nye Øygarden kommune skal legge til grunn følgjande **mandat** for arbeidet:*
 - *Utvalet sitt arbeid skal byggje på dei grunnleggjande føresetnadene som er fastlagt i Intensjonsavtalen, og på sentrale element i styringa av dei tre kommunane i dag.*
 - *Utvalet skal vurdere behovet for andre utval, råd og komitear utover dei som går fram av Intensjonsavtalen.*
 - *Utvalet skal utarbeide eit presist grunnlag for arbeidet i kommunestyret, formannskapet, dei fire hovudutvala, kontrollutvalet, administrasjonsutvalet og evt. andre utval eller komitear. Dette skal m.a klargjere ansvarsområde, arbeidsform, grensesnitt og andre tilhøve som er naudsynt og tenleg for at dei skal fungere best mogleg kvar for seg og saman.*
 - *Utvalet skal utarbeide eit nytt og samlande delegasjonsreglement for den nye kommunen. Reglementet skal vere presist og tydeleg når det gjeld å klargjere ansvarstilhøve og mynde på alle viktige område mellom politikk og administrasjon.*
2. *Utvalet skal rapportere til fellesnemnda, og levere sluttrapport innan utgangen av mars 2018.*

Utvalet har hatt følgjande medlemmer:

Marianne Sandahl Bjorøy, Fjell kommune – leiar
Børge Haugetun, Øygarden kommune – nestleiar
Ernst Morten Einarsen, Fjell kommune
Kristin Brennhaug, Fjell kommune
Jogeir Sognnæs, Sund kommune
Jørgen Kausland, Sund kommune
Ingrid Marie Toft, Øygarden kommune

Prosjektleiar v/Willy Sørensen har vore sekretær for utvalet og har ført denne rapporten i penna.

Utvalet har hatt 6 møte i perioden 7.november 2017 – 22.mars 2018.

Dette dokumentet er utvalet sin sluttrapport som vert fremja for fellesnemnda for Nye Øygarden kommune 16.april 2018.

Skjenet 2
April 2018

Marianne Sandahl Bjorøy
Leiar



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

INNHALD

Kap.1 POLITISK ORGANISERING – STRUKTUR OG INNHALD	Side 4
Kap.2 DELEGERING AV POLITISK MYNDE	Side 7
Kap.3 KOMMUNESTYRET SITT ANSVARSOMRÅDE	Side 7
Kap.4 ANSVARSOMRÅDET TIL FORMANNSKAPET	Side 15
Kap.5 HOVUDUTVALA	Side 16
Kap.6 ORDFØRAREN	Side 18
Kap.7 DELEGASJON TIL ANDRE UTVAL	Side 18
Kap.8 REGLEMENT FOR MØTE	Side 21
Kap.9 FØR MØTET TEK TIL	Side 22
Kap.10 I MØTE	Side 23
Kap.11 SPØRSMÅL	Side 26
Kap.12 SAKSORDFØRAR OG UTGREIINGSNEMNDER	Side 27
Kap.13 MØTEBOK	Side 28
Kap.14 SÆRSKILDE REGLAR	Side 29
Kap.15 FOLKEVALDE SIN RETT TIL INNSYN	Side 29
Kap.16 INNBYGGJARINITIATIV	Side 30
Kap.17 SEKRETÆRFUNKSJONEN	Side 31
Kap.18 GENERELT	Side 33
Kap.19 FAST ÅRLEG GODTGJERSLE	Side 33
Kap.20 GODTGJERSLE PR.MØTE	Side 34
Kap.21 TAPT ARBEIDSINNTEKT	Side 35
Kap.22 PENSJON OG FORSIKRINGAR	Side 36
Kap.23 ETTERGODTGJERSLE/ ETTERLØN	Side 36
Kap.24 UTGIFTSDEKNING	Side 37



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Del 1

Politisk organisering

Me vil byggja den nye kommunen med sterkt lokalt sjølvstyre, stort engasjement frå politikarar, tilsette og innbyggjarar for å kunna utvikla kommunen i takt med auka oppgåver. Kommunen skal styrast etter formannskapsmodellen med politiske utval og gjennomgåande representasjon. (Intensjonsavtalen kap.6, 1.avsnitt).

INNHALD


Kap.1 POLITISK ORGANISERING – STRUKTUR OG INNHALD

Side 4



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Skissa over viser Utval for politisk styringsstruktur sitt framlegg til hovudmodell for politisk organisering i (Nye) Øygarden kommune.



Politisk organisering		
Kommunestyret		
Formannskapet <ul style="list-style-type: none"> • Budsjett, rekneskap, økonomiplan, handlingsprogram • Kommuneplanen sin samfunnsdel • Regionalt samarbeid og utvikling • Valstyre • Eigarskap • Nærings saker • Beredskap 	Hovudutval for miljø- og stadutvikling <ul style="list-style-type: none"> • Kommuneplanen sin arealdel • Kommunedelplanar (areal) • Reguleringsplanar og arealrelaterte saker • Samferdsle • Kommunale eigedomar: bygging og utvikling • Miljøsaker 	Hovudutval for tenester og levkår <ul style="list-style-type: none"> • Helse/skule/sosial/omsorg/NAV: drift og planlegging • Kommunedelplanar (tematiske) • Samfunnskontakt: Frivillige lag og organisasjonar, idrett, kyrkja • Kultur

Skissa viser korleis utvalet har tenkt dei ulike funksjonane til formannskapet og dei to hovudutvala. Jf. del 2, kap.3 og kap.4. I samsvar med Intensjonsavtalen ser utvalet føre seg 45 representantar i kommunestyret, og 11 i formannskapet. Dei to hovudutvala vil også kvar ha 11 medlemmar.

Ordføraren og varaordføraren skal ikkje vere medlem eller varamedlem i hovudutvala. Kommunestyret kan vedta å auke eller redusere talet både på faste utval og på tal medlemmer av desse. Om ikkje kommunestyret gjer særskilt vedtak i anna retning skal hovudutvala ha uendra samansetjing i same valperiode.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

DEL 2

REGLEMENT FOR DELEGERING AV POLITISK MYNDE

Reglementet skal som hovedregel vurderast og eventuelt endrast tidlegast mogleg etter kvart kommuneval. Kommunelova §39 andre ledd seier følgjande:

«Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmynde og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.»

INNHALD

Kap.2 DELEGERING AV POLITISK MYNDE	Side 6
Kap.3 KOMMUNESTYRET SITT ANSVARSOMRÅDE	Side 7
Kap.4 FORMANNSKAPET SITT ANSVARSOMRÅDE	Side 15
Kap.5 HOVUDUTVALA	Side 16
Kap.6 ORDFØRAREN	Side 18
Kap.7 DELEGASJON TIL ANDRE UTVAL	Side 18



2. DELEGERING AV POLITISK MYNDE

Delegering av mynde («delegasjon» i daglegtale) vert i dette reglementet brukt i tydinga overføring av mynde frå kommunestyret til politiske utval eller rådmannen til å fatta avgjerder på ulike område.

Dette reglementet har fokus på delegering av politisk mynde. Det vil vere naturleg å sjå dette saman med eit eige reglement for delegering av mynde frå rådmannen til ulike delar av administrasjonen, altså eit eige administrativt reglement. All delegering frå politisk nivå til administrasjonen skjer til rådmannen.

Delegering av mynde inneber ikkje fråskrivning av ansvar. Kommunestyret kan sjølv fatta vedtak på vedkomande saksområde utan å trekkja tilbake delegert mynde. Det same gjeld saksområde der rådmannen har delegert sitt mynde vidare i administrasjonen.

Dette reglementet skal leggje tilhøva til rette for lokalpolitisk styring og effektiv tenesteyting, og vere ein viktig del av grunnlaget for

- Vedtaksmynde nærast mogleg brukarane
- Sterk rettstryggleik
- Klare og tydelege rutinar
- Best og breiast mogleg kontakt med og aktiv informasjon til innbyggjarane om kommunen si verksemd. I denne samanheng skal ein aktivt nytte sosiale- og andre media/ verktøy.
- Effektiv og god saksbehandling

Kommunestyret er kommunen sitt øvste politiske organ, og har det overordna ansvaret for heile kommunen si verksemd. Alle vedtak som styrer kommunen si verksemd, skal i utgangspunktet gjerast av kommunestyret, so langt ikkje anna følgjer av lov eller av vedtak og ordningar som kommunestyret sjølv har vedteke.

Saker av prinsipiell betyding vert delegert til politiske utval, medan saker som ikkje er prinsipielle vert delegert til rådmannen.

Prinsipielle saker er saker som krev ei breiare skjønsmessig vurdering av politiske karakter. Dei kan t.d medføre prioriteringar som inneber ein ny praksis eller økonomiske konsekvensar utover politisk vedteke eller planlagt aktivitet.

Til samanlikning er ikkje-prinsipielle saker fagleg prega. Dei er relatert til lover, føresegner og anna regelverk, og til kommunen sine eigne plan- og retningslinjer og vedtak. Dei gjev i mindre grad rom for skjønn, vert rekna som kurante, og har ikkje økonomiske konsekvensar utover politisk vedteke rammer.

Dersom det er uklårt om ei sak er prinsipiell eller kurant, skal rådmannen avklara dette med ordførar.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Reglementet i (Nye) Øygarden kommune legg til grunn prinsippet om **maksimal delegasjon**. Med det meiner ein at det som kan delegerast vert delegert. Unntak frå denne hovudregelen skal gå fram av reglementet.

Delegasjon frå kommunestyret til politiske organ er m.a meint å gje politikarane meir høve til å drøfta overordna og prinsipielle saker og planar. Dette oppnår ein også ved å delegera mynde til rådmannen for avgjerd i kurante saker, der avgjerda følgjer direkte av lov, føresegn/regelverk eller frå kommunen sine egne planvedtak eller retningslinjer.

Rådmannen kan sameleis gjera betre bruk av ressursar for tilrettelegging av prinsipp saker, skjønsprega saker og andre spørsmål som må handsamast av politisk organ.

Saksførebuinga skal i hovudsak byggja på prinsippet om **fullført sakshandsaming**. Dette betyr at politiske saker som skal handsamast av fleire politiske organ, skal ha same saksframstilling og innstilling frå rådmannen.

Rådmannen har ikkje høve til å overprøve politiske vedtak. Dette inneber at rådmannen ikkje har høve til å innarbeide ny informasjon eller ordlyd i t.d ei innstilling frå eit politisk utval som skal vidare til kommunestyret. Rådmannen skal likevel, om det er grunnlag for det, informere om eventuelle (framlegg til) ulovlege vedtak.

Klage på enkeltvedtak fatta av rådmannen eller av eit politisk utval vert først lagt fram for det vedtakande organet til ny vurdering. Dersom vedtaket blir oppretthalde, går klaga til kommunen sitt klageorgan. Dersom særlov har egne reglar om klagehandsaming, går desse føre.

Formannskap og hovudutval gjev innstilling til kommunestyret i saker som skal handsamast der. Ordføraren kan også bestemma at saker skal leggjast direkte fram for kommunestyret utan tidlegare handsaming i andre organ.

Ordføraren underteiknar på vegner av kommunen, jf. kommunelova § 9 nr. 3. Dette inneber at ordføraren representerer kommunen ved ulike høve og er kommunen sin rettslege representant i alle høve kor myndet ikkje er tildelt andre.

3. KOMMUNESTYRET SITT ANSVARSOMRÅDE

Kommunestyret tek sjølv avgjerd i slike saker:

- a) Val til formannskapet, faste kommunale utval og andre utval når myndet ikkje er lagd til andre. Val av kontrollutval og ordning av revisjonen, mottaking av rekneskapsutreiingar og utgreiingar om drifta.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

- b) Delegering av mynde til formannskapet og faste kommunale utval, til styre for kommunale føretak/aksjeselskap eller til interkommunalt styre for verksemd som er sett til å løysa kommunale oppgåver.
- c) Kommuneplanen sin langsiktige del med handlingsprogram, økonomiplan, årsbudsjett med skattevedtak, avgiftsvedtak, eigenbetalingsvedtak, låneopptaksvedtak og endringar i årsbudsjett når mynde ikkje er delegert til andre.
- d) Evt. lån utover det som er føresett i vedteke budsjett, herunder storleiken på lån(a).
- e) Vesentlege nye tiltak eller vesentlege endringar i eksisterande tiltak, når desse går utover vedtekne økonomiske rammer eller overordna planar.
- f) Årsrekneskapen og årsmeldinga.
- g) Saker om å kjøpa, avhenda, makeskifta eller pantsetja fast eigedom, og saker om å gje frå seg eller hefta bort nokon rett i fast eigedom. Slike saker er likevel delegerte til formannskapet når eigedomen eller retten har ein verdi på mindre enn kr. 10.000.000.- Når kommunestyret sjølv har vedteke at ein bestemt eigedom skal kjøpast, avhendast eller heftast bort og ikkje sjølv har fastset prisen, er mynde til å gjera det delegert til formannskapet. Mynde til å kjøpa, avhenda eller festa bort og til å fastsetja prisen har formannskapet også når det gjeld gjennomføring av vedtak kommunestyret har gjort.
- h) Saker om konsesjonar eller avtalar om leveransar, bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år, eller har mykje å seia økonomisk for kommunen. Slike saker er likevel delegerte til formannskapet når verdien det er tale om er lågare enn kr. 5.000.000,-.
- i) Tilsetjing av rådmann, herunder vedtak om løn og andre arbeidsvilkår.
- j) Saker om arbeidsvilkår og godtgjersle for kommunale tillitsverv.
- k) Eventuelle andre saker der lov krev det, eller saka sin art gjer det naturleg at kommunestyret sjølv tek avgjerd.

Nedanfor følgjer eit meir detaljert oversyn over kommunestyret (KST) sitt ansvarsfelt, med referanse til lovgrunnlag der dette er tenleg:



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Referanse	Høve til å delegere	Avgjerd
Kommunelova https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-09-25-107?q=kommuneloven		KST = Kommu nestyret
Samansetjing av kommunestyret, jf. § 7	nei	KST
Val av formannskap og fastsetjing av mynde og ansvar, jf. §8	nei	KST
Val av ordførar og varaordførar, jf. §9	nei	KST
Oppretta og leggja ned faste utval, inkl. fastsetjing av mynde og ansvar, jf.§10	nei	KST
Oppretta styre og fastsetja mynde og ansvar for kommunale institusjonar, jf.§11	nei	KST
Oppretta interkommunale styre og fastsetja mynde og ansvar, jf. §27.1	nei	KST
Tilsetja rådmann, jf. 22.2	nei	KST
Plassere mynde for til å opprette eller legge ned leiande stillingar, inkl. fastlegging av stillingsvilkår, jf. §24	nei	KST
Velja kontrollutval, jf. §77	nei	KST
Velja revisor, jf. §78	nei	KST
Gjere vedtak i samsvar med lovgrunnlaget, knytt til evt. oppretting av kommunale/ interkommunale føretak, jf. kapitel 11, jf §61 - §75	nei	KST
Fastsetja reglement for sakshandsaming i folkevalde organ, jf.§39	nei	KST
Premissar knytt til innkomne innbyggjarinitiativ, jf. §39a	nei	KST



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Føresetnader knytt til kommunen sin økonomiplan, jf. §44 og §60	nei	KST
Føresetnader knytt til kommunen sitt årsbudsjett, jf. §45 og §60	nei	KST
Fastsetjing av låneramme	nei	KST
Fastsetjing av avgifter og prisar på kommunale tenester	nei	KST
Fastsetjing av godtgjersle til personar med kommunale tillitsverv, Jf. §42	nei	KST
Saker om å erverva, avhenda, makeskifta eller pantsetja fast eigedom, og saker om å avstå eller borthefta rettar i fast eigedom når eigedomen eller rettane har ein verdi over kr. 10.000.000,-. Saker av mindre verdi enn dette er delegert.	nei	KST
Avgjere evt. suspensasjon eller fritak frå verv for folkevald(e), og vilkår i den samanheng, Jf § 15	nei	KST
Fastsetje retningsliner/vilkår for møteretten til dei tilsette i nemnder, Jf §26	nei	KST
Gje fullmakt til andre til evt. å avgjere spørsmål knytt til tariffavtale, kollektiv arbeidsopseiing, Jf. §28	nei	KST
Fastsetje reglement/reglar for møte i folkevalde organ, Jf. §30	nei	KST
Fastsetje reglar for sakshandsaming i folkevalde organ §39	nei	KST
Fremje føresetnader knytt til garantiar for verksemd som vert driven i regi av andre enn kommunen, Jf. §51	nei	KST
Arbeidsgjevaransvar for alle tilsette	nei	KST
Saker om konsesjonar eller avtalar om leveransar, bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år, eller har mykje å seia for kommunen sin økonomi. Slike saker er likevel delegerte til formannskapet når verdien det er tale om er lågare enn kr. 5.000.000,-.	nei	KST



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Forskrifter for kommunale og fylkeskommunale budsjett og rekneskap		
Vedtak av årsrekneskap, årsbudsjett og økonomiplan	nei	KST
Vedtak om avsetjing til fond	nei	KST
Vedtak om bruk av fond	nei	KST
Vedtak av investeringsbudsjett	nei	KST
Vedtak av budsjett for interkommunal samanslutning	nei	KST
Vedtak om reglement for delegering av mynde	nei	KST
Plan- og bygningslova av 27.6 - 2008 nr. 71		
Fastsetjing av planprogram for kommuneplan, Jf. § 3-3 og §11.13	nei	KST
Vedta kommunal planstrategi, Jf. § 3-3	nei	KST
Vedta reguleringsplanar, Jf. §3-3	nei	KST
Klagehandsaming knytt til reguleringsplanar (etter første handsaming i Hovudutval for miljø og stadutvikling).	nei	KST
Behandling av planprogram for planer med vesentlige verknader, Jf. § 12-9	ja	KST
Detaljplanar og områdeplanar der motsegn frå offentleg mynde ligg føre	nei	KST
Private reguleringsplanar som er avslegne fremja av Hovudutval for miljø og stadutvikling	nei	KST
Ekspropriasjon til vass- og avlaupsleidning, Jf. § 16-4	nei	KST
Ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan, Jf. §16-2	nei	KST
Ekspropriasjon for areal utanom reguleringsplanar, Jf. § 16-3	nei	KST



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Fastsetjing av forskrift om gebyr for handsaming av ulike gjeremål som det er naudsynt å utføre i samanheng med planlegging, Jf. § 33-1	nei	KST
Vedta utbetningsprogram for busetnad, areal m.v, Jf. § 31- 8	nei	KST
Vallova av 28.06.02 Nr .57		
Val av valstyre, Jf. § 4-1	nei	KST
Val av røystestyre, Jf. § 4-2	ja	valstyret
Målbrukslova av 11.04.80 Nr .5		
Fastsetjing av målform for den kommunale administrasjonen, Jf. §5	nei	KST
Skjønnsprosessloven av 01.06,17		
Forslag til skjønsmenn, Jf. § 14	nei	KST
Skattelova av 26.03.99 Nr 14		
Fastsetjing av skattesats, Jf. § 15	nei	KST
Industrikonsesjonslova av 14.12.17 Nr.16		
Uttale om konsesjonssøknad, § 24	ja	KST
Lov om eigedomsskatt til kommunane av 06.06.75 Nr.29		
Vedtak om eigedomsskatt i kommunen, Jf. § 2	nei	KST
Fritak frå eigedomsskatt, Jf. § 7	nei	KST
Reglar og satsar for eigedomsskatt, Jf. § 10	nei	KST



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Lov om mellombels tillegg til lov om egedomsskatt til kommunane av 17.12.82, Nr.82		
Vedtak om auke av taksten	nei	KST
Lov om domstolane av 13.08.15, Nr.5		
Val av forliksråd, Jf. § 27	nei	KST
Lov om betaling og innkrevjing av skatt av 24.11.52		
Oppnemning av skatteutval, Jf. § 42	nei	KST
Lov om naturvern		
Uttale før vedtak om vern, Jf. § 18	nei	KST
Drikkevassforskrifta, etter matlova av 19.12.03 og kommunehelsetenestelova av 19.11.82		
Godkjenning av vassverk, Jf. § 8-10	nei	KST
Lov og forskrift om kommunale vatn- og kloakkavgifter, miljøverndepartementet av 10.01.95 med endringar av 27.09.96		
Forskrift for vatn- og kloakkavgifter	nei	KST
Fastsetjing av vatn- og kloakkavgifter	nei	KST
Hovudplan for vatn	nei	KST
Hovudplan for avlaup	nei	KST
Forureiningslova av 13.03.81 Nr.6		
Fastsetja føresegner, § 9	nei	KST



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Fastsetja renovasjonsføresegner, § 30, 2. ledd	nei	KST
Fastsetja gebyr, § 34	nei	KST
Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg av 13.04.2000		
Fastsetjing av lokal føresegn, Jf. §5	nei	KST
Lov om hundehold av 04.07.03, Nr.74		
Sikring av hund med bandtvang m.m., Jf. §6	nei	KST
Ro og orden m.v, Jf. §11	nei	KST
Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd (eldrerådslova) av 08.11.91, Nr.76		
Skiping av eldreråd, Jf.§ 1	nei	KST
Val og samansetjing av eldreråd, J.f § 2	nei	KST
Lov om eigarseksjonar av 23.05.97		
Fastsetja seksjoneringsgebyr, Jf. § 7	nei	KST
Fastsetja gebyr for målebrevskart, jamfør delingslova	nei	KST
Fastsetja gebyr for tinglysing av seksjoneringsbegjæringa	nei	KST
Lov om brannvern av 14.06.02, Nr.20		
Fastsetja feieavgift, Jf. § 28	nei	KST
Alkohollova av 02.06.89		
Utarbeida alkoholpolitisk handlingsplan, Jf. § 1-7 d	nei	KST



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Veglov av 21.06.63, nr.23		
Avgjerd om bygging av kommunal veg, Jf. § 6	ja	KST
Eventuelle andre saker som vert handsama etter lovheimlar som tilseier at kommunestyret må, eller bør avgjera saka. Viss saka sin art tilseier det, må kommunestyret sjølv avgjera den.	nei	KST

4. FORMANNSKAPET SITT ANSVARSOMRÅDE

Formannskapet skal, der ikkje anna er bestemt, gje innstilling til kommunestyret i saker som dei gjer sluttvedtak i. Saksfordelinga skjer i politisk arbeidsutval.

Formannskapet har, om naudsynt, også høve til å gjera vedtak etter hasteparagrafen i kommunelova, §13 – *Utvidet myndighet* i hastesaker.

Formannskapet har ansvar for drøfting og innstilling til vedtak i kommunestyret innafor følgjande saksfelt: (Jf. modellen i del 1 i reglementet)

- a) Handlingsprogram, økonomiplan, årsbudsjett og revidert budsjett, jf. kommunelova § 8 pkt. 3, og årsmelding og rekneskap
- b) Kommuneplanen sin samfunnsdel
- c) Saker knytt til regionalt/ interkommunalt samarbeid og utvikling
- d) Næringslivssaker
- e) Saker knytt til eigarskap, -kommunale og interkommunale selskap og stiftingar
- f) Saker knytt til beredskap
- g) Andre saker som ikkje naturleg høyrer til hovudutvala sine arbeids- og ansvarsområde

SAKER DER FORMANNSKAPET HAR HØVE TIL Å GJERA ENDELEG VEDTAK:

Kommunelova	Høve til endeleg vedtak	Avgjerd
Vedtak om opptak av lån, §50	Nei	KST
• Tidspunkt for opptak av lån	ja	FSK*)
• Godkjenning av lånevilkår/ nye lån og refinansiering	ja	



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

• Opptak av konverteringslån utan utvidging av lånesummen	ja	
Forvaltningslova av 10.02.67		
Klageinstans ved enkeltvedtak, Jf. § 28	ja	FSK
Mynde til å endra vedtekne budsjettområde i samband med fordelinga av tilleggsøyvingar generelt.	Ja	FSK
Tildeling av næringstomt.	Ja	FSK
Tildeling tomter i kommunale bustadområde	ja	FSK
Mynde til å påleggja kommunale nemnder, styra og råd å utføra beredskapsoppgåver som vedkjem eige arbeidsområde	ja	FSK

*) FSK = formannskapet

5. HOVUDUTVALA

Hovudutvala innstiller i saker til kommunestyret og har sjølv ansvaret for sakshandsaminga i den samanheng. Dei to hovudutvala har ansvar innafor følgjande saksfelt: (Jf. modellen heilt framst i reglementet)

Hovudutval for tenester og levekår (HTL)

- Drift og planlegging av tenester knytt til tenesteområda helse, skule, sosial, omsorg og NAV
- Utarbeiding og vedtak av kommunedelplanar knytt til desse temaene/ tenesteområda
- Kontakt og sakshandsaming knytt til frivillige lag og organisasjonar, idrettsrørsla og kyrkja
- Kultur

Hovudutval for miljø- og stadutvikling (HMS)

- Alle saker etter plan- og bygningslova
- Overordna plan- og utviklingsspørsmål knytt til kommuneplanen sin arealdel, herunder planprogram, reguleringsplanar, m.m.
- Samferdslerelaterte problemstillingar, knytt til vegar og infrastruktur, kollektivtrafikk og rutetilbod, regionale problemstillingar m.v
- Kommunale eigedomar; planlegging, bygging og utvikling
- Problemstillingar knytt til fysisk miljø



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

SAKER DER HOVUDUTVALA HAR HØVE TIL Å GJERE ENDELEG VEDTAK:

Saksfelt/ lov	Høve til å delegera	Avgjerd
Lov om folkebibliotek av 20.12.85, Nr.27		
Fastsetjing av reglement, § 4	ja	HTL
Alkohollova av 02.06.89		
Sals- og skjenkeløyve, § 1-7	ja	HTL
Inndraging av løyve, § 1-8, jf. § 1-12	ja	HTL
Kontrollutval jmf. forskrift § 10, § 1-9-1	ja	HTL
Fastsetjing av sals- og skjenketider, og søknad om endring av desse, §§ 3-7 og 4-4	ja	HTL
Sosialtenestelova av 13.12.91, Nr.81		
Retningslinjer knytt til sosiallova	ja	HTL
Ymse		
Tilskot til kulturformål	ja	HTL
Godkjenning av vedtekter; barnehagar, skulefritidsordning, stipend, kontantstøtte som ikkje har økonomiske konsekvensar utover vedtekne rammer	ja	HTL
Veglov av 21.06.63, nr.23		
Ta opp privat veg som kommunal veg, §5	ja	HMS



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Uttale til, og vedtak om, omklassifisering/nedlegging av fylkeskommunal / kommunal veg, § 7, jf. § 8	ja	HMS
Oppgaver og mynde etter viltlova.	ja	HMS

6. ORDFØRAREN

Ordføreren er kommunen sin framste politiske representant, og leiar av kommunestyret og formannskapet. Andre oppgåver, rettar og roller som er lagt til ordføreren er m.a

- Kalla inn til møte i kommunestyre og formannskap i samsvar med reglane i kommunelova
- Leia møta i politisk arbeidsutval, som m.a fordeler saker til kommunestyret, formannskapet og hovudutvala
- Ta avgjerder i ikkje-prinsipielle saker ved lengre opphald i møteverksemda til kommunestyret, formannskapet og hovudutvala, t.d sommarfullmakt
- Syta for at kommunestyret og formannskapet til ei kvar tid er best mogleg kjend med reglar for sakshandsaming, den økonomiske stoda i kommunen og andre grunnleggjande føresetnader for deira verksemd.
- Vera bindeledd mellom politisk nivå og rådmannen, og sjå til at politiske vedtak vert følgd opp.
- Vera kommunen sin rettslege representant, og underteikne rettsdokument og saksdokument som har vore handsama i politiske fora.
- Vera leiar av beredskapsarbeidet i kommunen
- Førespurnader om utgreiingar av saker / sakskompleks skal stilast til ordføreren

7. DELEGASJON TIL ANDRE UTVAL

Kontrollutval. Kontrollutvalet skal føra tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegner av kommunestyret, men [kommunelova](#) gir ikkje utvalet avgjerslemynde i enkeltsaker på vegner av kommunen. Kontrollfunksjonen kan ikkje overlatast til andre.

Valnemnda. Valnemnda tilrår til kommunestyret val av nemnder, råd, styre og utval. Valnemnda førebur endringar i politisk organisering.

Valstyret. Valstyret skal førebu og gjennomføra vala i kommunen. [Vallova](#) legg det meste av avgjersdmynde om vala til valstyret. Kommunestyret delegerer til valstyret mynde til å oppnemna



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

stemmestyre og til å fastsetja kor mange stemmekrinsar kommunen skal delast inn i, jfr. vallova §§4-2 og 9-3.

Administrasjonsutvalet. Administrasjonsutvalet skal handsama alle saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, men kommunelova gjev ikkje administrasjonsutvalet avgjerslemynde i enkeltsaker på vegner av kommunen. Administrasjonsutvalet vedtek nye reglement, større revisjonar og strukturendringar av reglement, endringar i reglement som medfører at rettar for dei tilsette fell bort, og endringar og tillegg som er underlagt arbeidsgjevar sin styringsrett.

Administrasjonsutvalet avgjer søknader som ikkje er dekte gjennom reglementet og dispensasjonar frå reglementet. Administrative endringar i reglement vert meld til administrasjonsutvalet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet handsamar og gjev uttale i alle saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne sine levekår i kommunen. Dette gjeld også reguleringsplanar, budsjett og økonomiplan. Rådet er ikkje tillagt avgjerdsmynde på vegner av kommunen.

Forliksrådet. Rådet fattar avgjerder i tvistar mellom private, og er ikkje ein del av kommunen sitt avgjerdsystem. Avgjerder i forliksrådet har verknad som dom og kan klagast inn for by- og heradsrett.

Eldrerådet. Rådet kan handsama alle saker som gjeld levekåra for dei eldre i kommunen og er eit rådgevande organ for kommunen, jfr. [eldrerådslova § 3](#). Dette gjeld m.a. reguleringsplanar, årsbudsjett og økonomiplan.

Ungdommens kommunestyre. Interesseorgan for ungdom i kommunen der kommunale saker vert drøfta og påverka gjennom fast møteverksemd. UKS må tidleg inn i prosessen der relevante saker skal handsamast, og vil også fungere som høyringsinstans i saker der dette er naturleg. UKS er sett saman av 11 representantar med vara, i alderen 13-19 år. Alle er valde frå vidaregåande skule, ungdomsskular og ungdomsklubbar i kommunen.

Klagenemnda handsamar klager som vedkjem kommunale ansvarsområde, og som ikkje er innafør Hovudutval for miljø og stadutvikling sitt ansvarsfelt. Utvalet skal ha fem medlemmer utgått frå kommunestyret.

Politisk arbeidsutval er samansett av ordførar, varaordførar og leiarane for hovudutvala. Utvalet fordeler arbeidsoppgåvene til hovudutvala, vurderar kva saker, utgreiingar og innkomne dokument kommunen evt. skal gje uttale til, og liknande. Politisk arbeidsutval har ikkje fullmakt til å gjere vedtak i / avgjera politiske saker. Møta er opne for publikum, med unnatak for saker som i følgje offentleglova er skjerma mot offentleggjering. I utgangspunktet skal utvalet ha månadlege møte.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Del 3

REGLEMENT FOR MØTE

Reglementet gjeld generelt for alle folkevalde organ. I organ der det eventuelt er egne regler, blir desse nemnde spesielt.

I Nye Øygarden kommune gjeld prinsippet om meiroffentlegheit.

INNHALD

Kap.8 REGLEMENT FOR MØTE	Side 21
Kap.9 FØR MØTET TEK TIL	Side 22
Kap.10 I MØTE	Side 23
Kap.11 SPØRSMÅL	Side 26
Kap.12 SAKSORDFØRAR OG UTGREIINGSNEMNDER	Side 27
Kap.13 MØTEBOK	Side 28
Kap.14 SÆRSKILDE REGLAR	Side 29
Kap.15 FOLKEVALDE SIN RETT TIL INNSYN	Side 29
Kap.16 INNBYGGJARINITIATIV	Side 30
Kap.17 SEKRETÆRFUNKSJONEN	Side 31



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

8. REGLEMENT FOR MØTE

8.1 Møteprinsipp

Folkevalde organ fattar sine vedtak i møte, jf kommunelova § 30.

Det skal førast møtebok frå alle møte i folkevalde organ.

8.2 Opne / lukka møte

Møta i folkevalde organ vert haldne for opne dører dersom ikkje anna følgjer av lovpålagt teieplikt eller vedtak etter § 3 i kommunelova.

Når omsynet til personvern eller andre tungtvegande private eller offentlege interesser tilseier det, kan eit folkevald organ vedta å handsama ei sak for lukka dører, jf kommunelova § 31, pkt 3. Debatt om dette skjer for lukka dører dersom møteleiar krev det, eller det blir gjort vedtak om det.

Personalsaker skal alltid handsamast for lukka dører.

8.3 Teieplikt

Når det er vedteke at ei sak skal handsamast for stengde dører, har alle som er til stades i møtet, både representantane og kommunale tenestemenn, teieplikt om drøftingane. Vedtak i saka er offentleg så langt ikkje anna lovheimel hindrar dette.

Teieplikta står ved lag til dess noko anna er fastsett eller grunnane for vedtaket om stengde dører har falle bort.

8.4 Møtetidspunkt

Kommunestyret held møte til dei tidspunkt kommunestyret sjølv fastset og elles når ordføraren finn det naudsynt eller minst 1/3 av kommunestyrerepresentantane krev det. Jf. kommunelova § 32.1.

Kommunestyret vedtek også møteplan for møta i formannskapet og hovudutvala for eit år om gongen. Formannskapet og hovudutvala kan i tillegg halde møte når ordførar / hovudutvalsleiar eller formannskapet/ hovudutvala ved alminneleg fleirtal vedtek det.

Gjeldande frå 01.01.2020 skal, om ikkje særlege tilhøve tilseier det, alle møte i kommunestyret finne stad på torsdagar. Formannskapsmøta skal på same måten finne stad på tysdagar, og hovudutvalsmøta på onsdagar.

Frå same dato skal alle møte i kommunestyret, formannskapet og hovudutvala starta kl. 1400 på møtedagen. Og alle møte skal, om ikkje særleg tilhøve krev noko anna, vere avslutta innan kl. 1900.



9. FØR MØTET TEK TIL

9.1 Innkalling til møte - publisering av dokument

Ordfører / hovudutvalsleiar kallar inn til møte og set opp sakliste for kvart møte. Jf. kommunelova § 32.2. Der det oppstår uklare spørsmål omkring ei sak, avgjer ordføreren/hovudutvalsleiar om den skal stå på saklista eller ikkje. Rådmannen skal sjå til at dei sakene som vert sett opp på saklista er forsvarleg utgreidd, jf. kommunelova § 23.2.

Innkallinga vert kunngjort på kommunen si heimeside samstundes som ho vert sendt elektronisk til representantane.

Ikkje-offentlege dokument

Elektronisk utsending gjeld også for dokument som ikkje er offentlege. Desse skal skjermast for innsyn gjennom ein eigen elektronisk passordstyrt tilgangskontroll. Dette gjeld både medlemmer og varamedlemmer. Det skal gå tydeleg fram av dokumenta at dei ikkje kan offentleggjerast og dei som mottek slike dokument pliktar å syte for at dei ikkje kjem på avvegar.

Når det gjeld økonomiplan og årsbudsjett gjeld eigne reglar, jf. kommunelova § 44 og 45.

9.2 Møteplikt - forfall til møte

Det er møteplikt til møta i dei folkevalde organa med mindre det ligg føre gyldig forfall. Arbeidstakar har krav på fri frå arbeid i det omfang dette er naudsynt på grunn av møteplikta. Jf. kommunelova §40.

Kriteria for gyldig forfall er strenge. Gyldige grunnar er sjukdom, at representant ikkje kan setje til side viktig arbeid eller plikter, er på tenestereise som ikkje kan endrast på, eller av andre tungtvegande grunnar ikkje kan møte. Ferie, arrangement og møte i andre råd eller utval er ikkje godkjend som forfallsgrunn til kommunestyret, formannskapet og hovudutvala. Forfall skal så raskt som mogleg meldast skriftleg (epost e.l) med forfallsgrunn til «politisk sekretariat», som då syter då for at det snarast vert innkalla vararepresentant i samsvar med reglane i kommunelova § 16.

Representantane skal også melda frå til politisk sekretariat på førehand dersom nokon er ugild, og ikkje kan delta i handsaminga av ei sak. Vararepresentant skal berre kallast inn ved behov og i samråd med vedkomande parti sin gruppeleiar.

Må nokon på grunn av lovleg forfall forlate møtet under drøftingane, skal han/ho straks melda ifrå til møteleiaren. Vararepresentant vert kalla inn dersom det er praktisk mogleg å få til. Når ei sak er teken opp til avrøysting kan ingen ta plass i møtet før saka er avslutta.

9.3 Andre personar som kan vere med i møta

Rådmannen møter med talerett, anten personleg eller ved ein av sine leiarar, i kommunestyret, formannskapet og hovudutvala. Han har ikkje forslags- og røysterett. Sekretær som fører møteboka



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

skal og vere til stades i møtet. I tillegg skal andre leiarar og tenestemenn møta så langt ordførar / hovudutvalsleiar, i samråd med rådmannen, finn dette nødvendig. Desse kan gje opplysningar og utgreiingar, men har elles ikkje rett til å vere med i drøftingane. Utvalet avgjer om andre kan vere med i møtet når særskilte tilhøve tilseier dette.

Ordførar har møte- og tale i begge hovudutval. Ordførar kan la seg representere av eit anna medlem av kommunestyret i organ kor han/ho ikkje er medlem, jf. kommunelova §9.

10. I MØTE

10.1 Møteleiing - namneopprop - godkjenning

Ordførar/ hovudutvalsleiar styrer møtet.

Har ordførar forfall styrer varaordføraren møtet. Har dei begge forfall, skal kommunestyret/ formannskapet velja ein særskilt møteleiar (setjeordførar) etter kommunelova § 32.4.

Har hovudutvalsleiar forfall, tek nestleiar over oppgåvene. Har nestleiar forfall vel utvalet sjølv leiar mellom sine faste medlemmer, jf. §32 i kommunelova.

Møteleiar føretek namneopprop på dei frammøtte representantar og møtande vararepresentantar. Møteleiar erklærer møtet for lovleg sett dersom det lovlege minstetal er til stades og dei formelle sider vedkomande innkallinga er godkjent.

Frå møtet er lovleg sett og fram til møtet er heva, kan ingen av representantane forlata møtet utan å melda frå til møteleiaren.

Representantar eller vararepresentantar som kjem til etter namneoppropet, skal melda seg til møteleiaren før dei kan delta i møtet. Skjer frammøte etter at ei sak er teken opp til avrøysting, må representanten vente til neste sak på saklista før han kan ta del i drøftingane. Jf. punkt 3.2.

10.2 Spørsmål om innkalling, sakliste, m.m

Dersom det vert reist tvil om saker i samband med sakliste eller forretningsorden, skal dette handsamast først. Deretter skal møtet handsama dei sakene som er nemnd i innkallinga, og i den rekkjefølgje dei er nemnd der. Møtet kan med vanleg fleirtal vedta ei anna rekkjefølgje. Sak som ikkje er nemnd i innkallinga kan ikkje takast opp til realitetshandsaming dersom møteleiaren eller 1/3 av dei møtande representantane motset seg dette, jf. kommunelova § 34.1.

Er ei sak teken opp til drøfting, må møtet halda fram til saka er avgjort eller til det er gjort vedtak om utsetjing av saka.



10.3 Ugildskap

Den som er ugild i ei sak etter kommunelova § 40 eller forvaltningslova § 6, skal ikkje vere med å drøfta eller avgjera saka. Når ein representant meiner seg ugild i ein eller fleire saker på sakslista skal han, snarast etter at innkalling er motteken, gje melding om dette til møteleiar og «politisk sekretariat». Representanten skal sjølv erklære seg ugild i møtet, eller stille grunngjeve spørsmål om dette til møtet. Kommunestyret/formannskapet/ hovudutvalet tek dette opp til drøfting og avgjer spørsmålet om representanten er ugild eller ikkje.

10.4 Møteleiar si saksutgreiing, rekkjefølgje i ordskiftet

Møteleiaren skal lesa opp saksnummer og sakstittel som er brukt i innkallinga og gjera greie for fleirtalstilrådinga dersom det føreligg tilråding i saka.

Dersom nokon opprettheld eit eventuelt mindretalsframlegg i saka, må dette fremjast særskilt.

Møteleiar gjer greie for saka så langt han finn det nødvendig. Møteleiaren spør deretter om nokon ønskjer ordet til saka, og representantane får ordet i den rekkjefølgje dei ber om det.

10.5 Til forretningsorden

Ein representant som vil ha ordet til forretningsorden får ordet utanom den oppsette talarlista, til dømes for å gjera framlegg om avgrensa taletid, setja strek, merknader til handsamingsmåten, uttala seg om avrøystingsmåte m.v. Den som får ordet til forretningsorden får sterkt avgrensa taletid og får ordet berre ein gong.

10.6 Taletid og replikk/ordskifte

I kommunestyremøta kan det vere aktuelt å fastsetja taletid for ordskiftet. Ordskifte/ replikkordskifte føregår frå talarstolen.

Ved behandling av budsjett og andre større saker kan kvart parti/ kvar gruppering halde eitt hovudinnlegg innanfor ei nærare fastsett tidsramme. Etter dette innlegget vert det gjeve høve til ein replikkrunde og til å svara på replikkane.

Etter at hovudinnlegga er haldne, kan representantane få ordet til innlegg.

Generelt (alle møte i k.styre/f.skap/ hovudutval) gjeld at talarane skal retta innlegget til møteleiaren. Talaren skal halda seg til saka eller til den delen av saka som ordskiftet gjeld. Møteleiaren skal sjå til at dette vert gjort.

Talaren må ikkje ordleggja seg slik at representantane kjennar seg krenka. Ingen må gje uttrykk for si meining ved å laga bråk eller uro i salen. Møteleiaren skal sjå til at dette ikkje skjer og kan gje åtvaring om nokon bryt desse reglane. Leiaren skal også, på same grunnlag, ha høve til å vise ut frå møta.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Om møteleiar vurderer det nødvendig og rett kan rådmannen gje informasjon og tilleggsopplysningar i ei sak. Rådmannen kan elles få ordet under skriv og meldingar til orientering.

Om møteleiar har sett sluttstrek for å melda seg på talarlista, og det vert sett fram nye framlegg til vedtak, skal møteleiar gje høve til ordskifte om dei nye framlegga.

Det vert gjeve høve til replikkar etter kvart innlegg. Replikkk er ein kort merknad på inntil 1 min, med høve til svar-replikkk på inntil 1 min.

10.7 Avslutning av ordskiftet

Møteleiaren gjer framlegg om sluttstrek på talarlista når ei sak synest å vere ferdigdrøfta. Dei som har meir å tilføya til saka, kan då teikna seg på talarlista under påfølgjande innlegg. Møteleiaren refererer talarlista før strek vert sett.

Når drøftingane er avslutta, vert saka teken opp til røysting. Ved røysting er det berre dei som sit på plassane sine som har røysterett, jfr. punkt 3.2.

10.8 Framlegg

Framlegg skal vera skriftlege og underskrive av framleggsstillaren, evt. på vegner av partigruppe. Framlegg kan setjast fram munnleg om det gjeld val, eller om ei sak skal realitetshandsamast eller utsetjast. Det same gjeld framlegg om oversending til eit anna kommunalt organ eller om å vraka eit framlegg.

Oversendingsframlegg vert behandla av møteleiar.

Møteleiaren skal referera alle framlegg som vert tekne opp til røysting.

10.9 Røysting - røystetema

Når ordskiftet er slutt vert saka teken opp til røysting. Ein eller fleire representantar kan be om prøverøysting. Prøverøysting er ikkje bindande.

Ved behandling av økonomiplan eller årsbudsjett, gjeld særskilde røystereglar, jfr. kommunelova § 35.2.

10.10 Røystemåtar

Desse røystemåtane kan nyttast:

- a. Møteleiar les opp forslaget og spør om nokon er usamd i det. Om ingen motset seg dette, er det stillteiande godkjend.
- b. Møteleiar oppmodar evt. representantar som er imot eit framlegg om å reisa seg eller rekkja opp handa. Kontrarøysting skal gjennomførast hvis møteleiaren eller ein av representantane krev det.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

c. Ved namneopprop

Denne røySTEMÅTEN kan berre nyttast når det skal svarast ja eller nei til framlegget.

Møtesekretæren kontrollerer røySTINGA med avkryssing på lista over representantar. RøySTINGA med namneopprop skal nyttast når møteleiaren krev det, eller når ein representant krev det og får medhald av 1/4 av møTelyden. Like eins skal det haldast namneopprop når 1/4 av møTelyden meiner at utfallet av ei røySTING etter pkt. b) ovanfor er uklår. RøySTING over spørsmålet om namneopprop skal gjerast utan ordskite og slik som nemnd under pkt. b).

d. Ved setlar utan underskrift.

Denne røySTEMÅTEN kan berre nyttast ved val og tilsetjingar når nokon av representantane krev det, jf kommuneloven § 35.5. Ved skriftleg røySTING oppnemner møTestyraREN eit teljekorps blant representantane.

e. Alternativ røySTING.

Er det sett fram alternative framlegg, og ingen av desse får fleirtal ved første røySTING, vert det deretter røySTA alternativt mellom dei to framlegga som fekk flest røySTER. Alternativ røySTING kan berre nyttast der dette er heimla i lova, eller der ein samrøySTES går inn for det.

Om det ved røySTING oppstår likt røySTETAL, gjeld følgjande:

- ved likt røySTETAL i andre saker enn val er møteleiAR si røyST avgjerande jf. kommunelova § 35 pkt. 1, siste setning.
- ved likt røySTETAL under val, jf. kommunelova §§ 36 og 37 jf. § 35, pkt. 1, siste setning, vert saka å avgjera ved loddtrekking.
- ved likt røySTETAL under skriftleg avrøySTING ved tilsetjingar (kommunestyret), vil møteleiAREN si røyST vera avgjerande, jf. første lekken framføre. MøteleiAREN må difor i slike høve gi til kjenne korleis han har røySTA.

11. SPØRSMÅL

11.1 Kommunestyret sin spørjetime

Kommunestyret tek til med spørjetime i slutten av kvart møte. Spørjetimen skal ikkje vara meir enn ein (1) time.

Spørjetimen har to delar:

- I første del er det skriftleg varsla spørsmål med førebudde svar, grunngjevne spørsmål og interpellasjonar.
- I andre del kan det stillast munnlege spørsmål, - "Open post".



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

For heile spørjetimen gjeld det at spørsmål skal stillast til ordførar. Ordførar gjev spørsmålet vidare til ein av hovudutvalsleiarane som svarar dersom spørsmålet er deira ansvarsområde.

Spørsmål til første del av spørjetimen må vere politisk sekretariat i hende seinast 3 virkedagar før kommunestyremøtet. Spørsmåla med svar frå ordføraren vert distribuert til kommunestyrerepresentantane i møtet. Det kan opnast for debatt etter kvart spørsmål.

Ein representant kan ikkje stilla meir enn eitt hovudspørsmål i spørjetimen. Spørsmål, med grunngjeving og svar, skal ikkje vere på meir enn 3 minuttar kvar.

I den munnlege delen av spørjetimen - "Open post" - kan kvar representant stilla eitt kort hovudspørsmål - 2 minutt. Dei som ønskjer å stille spørsmål må varsle dette ved innleiinga av møtet. Avsett tid avgrensar kor mange som kan stilla spørsmål. Svar er avgrensa til to minutt. Etter at det er gjeve svar har spørjar og svarar rett til å få ordet ein gong kvar. Taletid er avgrensa til eitt minutt.

11.2 Tid til spørsmål i formannskapet og hovedutvala

Utanom dei sakene som står oppført på sakslista til formannskaps- og hovudutvalsmøta, kan faste medlemmer og møtande varamedlemmar koma med spørsmål til møteleiar, rådmannen/ den som representerer rådmannen.

Spørsmåla må gjelde kommunale tilhøve og vere av interesse for fleire. Spørsmåla bør vere korte og klare. I den grad det er mogeleg skal møteleiar eller rådmannen svare på spørsmålet i sjølve møtet. Dersom dette ikkje let seg gjere, kan ein koma attende med svar i neste møte.

12. SAKSORDFØRAR OG UTGREIINGSNEMNDER.

Kommunestyret, formannskapet og hovudutvala kan etter behov oppretta nemnder/utval til å utgreia nærare definerte oppgåver. Mandat og tidsramme for slike vert utforma i kvart einskild høve. Leiaren skal koma frå kommunestyret. Utgreiingsnemndene er tiltenkt viktige roller både med omsyn til deltaking og vitalisering av politisk arbeid. Nemndene/utvala vert lagt ned etter fullført oppdrag.

Utgreiingsnemnder/-utval kan nyttast

- som opptakt til viktige politiske ordskifte
- som fora for deltaking og rekruttering
- prosjektarbeid / planarbeid
- større utgreiingar.

Det vert presisert at slike nemnder/utval skal avgrensast til å gjelda oppgåver av sentral verdi for kommunen, og i høve der arbeidet kan vurderast som eit nyttig supplement til ordinært utgreiings- og utviklingsarbeid i administrasjonen.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

I slike saker skal ein oppnemna ein saksordførar som legg saka fram for kommunestyret. Saksordførar kan t.d. vere leiar for nemnda/utvalet. Saksordførar skal fremja fleirtalsframlegget, og også leggja fram mindretalet sitt syn. Det kan og oppnemnast saksordførar for større saker som i hovudsak er utgreidd av administrasjonen, men som undervegs har vore drøfta i politiske utval. Føresetnaden må vere at saksordførar er kommunestyrerepresentant.

13. MØTEBOK

Det skal førast møtebok for møta i folkevalde organ, jf kommunelova §30. I møteboka skal førast:

- Eventuelle merknader mot innkalling og sakliste
- Møtestad og møtetid
- Møtande medlemmer
- Meldte forfall
- Møtande varamedlemmer
- Saker nummerert i rekkefølge for kalenderåret
- Kort tekst om kva kvar sak gjeld
- Det som er naudsynt for å visa gangen i handsaminga.
- Dei som har hatt ordet i saka
- Endringsframlegg til den einskilte sak bortsett frå dei som ikkje vert teke opp til røysting.
- Det som må til for å vise at vedtak vert gjort etter rett framgangsmåte
- Utvala sitt vedtak
- Røystetal og listemedlemskap

Kjem nokon til eller må gå frå under møtet, skal dette gå fram av møteboka. Møteboka skal syne kven som har vore til stades under kvar sak.

Ein representant kan krevja å få innført merknad til ei sak i møteboka (protokollmerknad). Slik merknad må fremjast skriftleg.

Møteleiaren og minst to andre av dei som er med i møtet skriv under møteboka.

Protokoll frå møtet vert sendt til utvalsmedlemane saman med innkalling til påfølgjande møte. Merknader til møteboka kan fremjast under godkjenning av møteboka i påfølgjande møte.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

14. SÆRSKILDE REGLAR

14.1 Legalitetskontroll

Tre eller fleire av kommunestyret sine representantar kan saman bringa ei avgjerd gjort av eit folkevald organ eller av den kommunale administrasjon inn for departementet til legalitetskontroll, jf. kommunelova § 59. Krav om slik kontroll må fremjast innan 3 veker frå vedtak er gjort, jf. forskrift av 13.01.93.

14.2 Forvaltningsklage

Partar i ei sak skal få informasjon om retten til å klaga på eit vedtak samstundes med møteutskrift av saka. Klagehandsaminga føregår i samsvar med retningslinjer og fristar fastsett i forvaltningslova, kommunelova og i særlover.

14.3 Krav om å ta opp att ei sak som er avgjort

Hovudutvala, eller andre organ med direkte framleggsrett til kommunestyret, kan avvise krav om ny drøfting av saker som er lovleg avgjorde av det same kommunestyret dersom kravet kjem før det er gått 3 månader frå den dagen kommunestyret gjorde endeleg vedtak i saka. Dette gjeld ikkje dersom krav om ny drøfting av saka kjem frå fylkesmannen, eit departement, eller saker som vert fremja etter § 32.1 i kommuneloven.

15. FOLKEVALDE SIN RETT TIL INNSYN

Kommunestyret skal sjølv fastsetje eit reglement for dei folkevalde sin rett til innsyn i saksdokument og til informasjon om saker som er til behandling, jf. kommuneloven § 40, punkt 5.

15.1 Rett til innsyn

Kommunestyret har, som overordna organ for all verksemd i kommunen, rett til innsyn i alle kommunale saksdokument etter prinsippet om meir offentlegheit, jf. offentlighetsloven §2.3, med dei presiseringar som følgjer av reglane under.

Formannskapet, hovudutvala og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument når desse gjeld dei delane av kommunen si verksemd som organet behandlar.

Kontrollutvalet har sjølvstendig innsyn i høve § 6 i eigen forskrift for kontrollutval.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

15.2 Tidspunkt for rett til innsyn

Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagt/sendt til politisk behandling. Saman med saksframstillinga skal det følgje ei oversikt over alle dokument som er innsendte, innhenta eller utarbeidd i samband med saka, med unnatak av interne arbeidsdokument for administrasjonen.

For saker som skal avgjerast i administrasjonen gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig behandla.

15.3 Særskilde reglar for innsyn i opplysningar undergjevne teieplikt m.m

I utgangspunktet gjeld ikkje retten til innsyn opplysningar som er underlagde teieplikt.

Kommunestyret og andre folkevalde organ kan likevel, ved fleirtalsvedtak, krevje innsyn i slike opplysningar når dette er naudsynt ved behandling av ei konkret sak i organet, jf. forvaltningslova §13 b, nr 2 og 4.

Folkevalde har teieplikt i høve til dokument som er underlagt teieplikt etter lov. Om ei sak vert behandla for stengde dører etter kommunelova §31, pliktar dei folkevalde å teia om dei opplysningane som er underlagt teieplikt etter lov. Medlemmer av folkevalde organ underskriv ei erklæring om teieplikt når dei får innsyn i opplysningar som etter lov er undergjevne teieplikt.

15.4 Framgangsmåte ved krav om innsyn – administrative rutinar

Førespurnad om innsyn i saksdokument skal behandlast straks. Førespurnaden skal rettast til rådmannen som har eigne rutinar for dette.

16. INNBYGGJARINITIATIV

Innbyggjarinitiativ er nedfelt i §39a i kommunelova.

Innbyggjarane kan fremje forslag som gjeld kommunen si verksemd. Om minst 300 underskrifter står bak eit forslag, pliktar kommunestyret å drøfte og ta stilling til det. Dette skal gjerast seinast seks månader etter at det er fremja, men tidsfristen gjeld ikkje om forslaget vert fremja i samband med ein pågåande plansak etter plan og bygningslova. Kommunen pliktar å halde dei som har fremja forslaget orientert om avgjerder og tiltak i kommunen. Meir detaljar om dette i lovteksten.

Initiativretten er ein viktig demokratisk rett. I et demokratisk perspektiv er det viktig at innbyggjarane vert aktiviserte og trekte med i avgjerdsprosesser. Retten til å fremje forslag til behandling i kommunestyret kan bidra til å styrke dialogen mellom dei folkevalde og veljarane i perioden mellom val, og å fremje interessa for avgjerde og prosessar i kommunestyret.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

17. SEKRETÆRFUNKSJONEN

Rådmannen eller den han gjev fullmakt utfører sekretærfunksjonen for kommunestyret, formannskapet, hovudutval og andre utval. Politisk sekretariat skal vere mottakssentral for saker til politisk behandling, ha ansvar for å førebu sakene til kommunestyret, formannskapet, hovudutvala og andre utval, i tillegg til å vere til disposisjon for dei folkevalde/partia i spørsmål og saker som er knytt til lokalpolitisk verksemd. Sekretariatet skal vidare yte hjelp og støtte til ordførar, varaordførar og hovudutvalsleiarar.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Del 4

ORDNINGAR FOR GODTGJERSLE

Ved kvar ny kommunestyreperiode skal dei folkevalde ha ei drøfting om kva storleik og former for godtgjersle folkevalde skal ha. Eventuelle endringar vert rekna frå 1. mai gjeldande år for ordførar. For alle andre folkevalde vert eventuelle endringar i godtgjersle gjort gjeldande frå 1. juni.

Ordningane med godtgjersle har til føremål å sikra folkevalde kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsforteneste og dekning av reelle utgifter i samband med utøving av vervet, jfr. kommunelova §§ 41 og 42.

INNHALD

Kap.18 GENERELT	Side 33
Kap.19 FAST ÅRLEG GODTGJERSLE	Side 33
Kap.20 GODTGJERSLE PR.MØTE	Side 34
Kap.21 TAPT ARBEIDSINNTEKT	Side 35
Kap.22 PENSJON OG FORSIKRINGAR	Side 36
Kap.23 ETTERGODTGJERSLE/ ETTERLØN	Side 36
Kap.24 UTGIFTSDEKNING	Side 37



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

18. GENERELT

Ein kan dele ordningane inn i fire typar:

- Fast godtgjersle knytt til grupper av folkevalde, gjerne på generell basis
- Fast godtgjersle primært knytt til rolle, posisjon eller funksjon som den folkevalde har.
- Godtgjersle knytt til (møte-) aktivitet eller omfang av deltaking den folkevalde har eller utøver.
- Kompensasjon for ulike typer utlegg eller behov for kompensasjon som er en direkte konsekvens av rolla som folkevald

18.1 Utbetaling

Godtgjersle til dei fleste vert utbetalt månadleg i samsvar med vanlege rutinar for lønsutbetaling i kommunen.

For reiserekning og krav om tapt arbeidsinntekt skjer utbetaling etter innlevert dokumentasjon til rådmannen v/ politisk sekretariat. Sekretariatet har m.a ansvar for at det vert utbetalt møtegodtgjersle til kommunestyret, formannskapet og dei faste utvala. Skrivar og/eller ansvarleg for særnemnder/arbeidsutval har ansvar for å melde frammøte og opptent møtegodtgjersle til sekretariatet. Fast årleg godtgjersle vert runda opp til næraste 100 kroner. Godtgjersle pr. møte vert runda opp til næraste 10 kroner.

18.2 Godtgjersle som tilskot til partigruppene i kommunestyret

Kvar partigruppe i kommunestyret skal disponere ein fast årleg sum til kompetansebygging og relevant politisk verksemd. Desse kommunale midlane skal spegle storleiken på partigruppa ved at kvar gruppe får 10.000,- kr for første representant og 5.000,- for kvar av dei evt. neste representantane i partigruppa. Dersom nokon melder seg ut av partigruppa i perioden, vert gruppa trekt tilsvarande. Uavhengige får ikkje tilskot.

19. FAST ÅRLEG GODTGJERSLE – Perioden 2019 - 2023

19.1 Ordførar

Ordføraren si godtgjersle vert i KS-perioden 2019-2023, sett til 100% av stortingsrepresentantane si løn. Denne godtgjersla skal dekke alle kommunale verv. Ordførar si godtgjersle er knytt til stortingsrepresentantane si godtgjersle, og justeringar vert gjort automatisk, med justeringstidspunkt 1. mai. Når ordførar vert valt inn i styre, råd og utval i kraft av si stilling som ordførar, skal han/ho ikkje kunne ta i mot godtgjersle for dette.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Ordførar har same rettar som tilsette i kommunen når det gjeld svangerskapspermisjon, fedrekvote/pappapermisjon, opplæring og gruppeleivsforsikring. Ordførar har same rett som tilsette når det gjeld godtgjersle under sjukdom.

19.2 Varaordførar

Varaordføraren si godtgjersle vert sett til 40% av ordføraren si.

Dette inkluderar teneste som fungerande ordførar ved behov, t.d. ved ferie, sjukdom og liknande. I tillegg får varaordføraren godtgjersle for dei kommunale organ han/ho er medlem i.

19.3 Formannskapet og leiar av kontrollutvalet

Medlemene av formannskapet får ein fast årleg godtgjersle tilsvarande 8 % av ordføraren si. Formannschaftsmedlemer som vert valde inn i arbeidsutval o.l. oppnemnd av formannskapet, får godtgjersle pr møte etter gruppe A - for desse. Sjå kap.20.

Leiar av kontrollutvalet skal i same periode ha fast årleg godtgjersle tilsvarande 5% av ordføraren si.

19.4 Utvalsleiarar

Leiarar i hovudutvala skal ha fast årleg godtgjersle tilsvarande 20% av ordføraren si. Denne skal dekke all politisk aktivitet knytt til rolla som hovudutvalsleiar.

19.5 Fråvær

Fråvær frå meir enn en tredel av møta pr.år, som ikkje skuldast anna kommunal verksemd eller eigen sjukdom, medfører ein tilsvarande reduksjon i den faste godtgjersla. Fråværsgrunn skal framgå av møteboka. Ordføraren avgjer evt. spørsmål om reduksjon i godtgjersla.

20. GODGJERSLE PR. MØTE

For dei som får godtgjersle pr.møte, vert denne utbetalt for kvart enkelt møte der den folkevalde møter, også om det vert halde fleire møte på same dag. Det vert gjeve møtegodtgjersle for inntil 2 møter pr. dag.

Godtgjersla vert utbetalt etter følgjande satsar pr. møte:

Gruppe A: 2 o/oo av ordføraren si godtgjersle:

- Møtande medlemmer/varamedlemmer i kommunestyret
- Møtande varamedlemmer i formannskapet
- Møtande medlemmer/varamedlemmer i hovudutvala
- Møtande medlemmer/varamedlemmer i kontrollutvalet
- Møtande leiar eller fung. møteleiar i utval under gruppe B



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Gruppe B: 1 o/oo av ordføraren si godtgjersle:

- Møtande medlemmer/varamedlemmer i eldrerådet
- Møtande medlemmer/varamedlemmer. i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Medlemmer/varamedlemmer i kemnerutval/klagenemnd
- Kommunale representantar i samarbeidsutval ved skular og barnehagar

21. TAPT ARBEIDSINNTEKT

21.1 Legitimert tap av arbeidsinntekt som lønsmottakar

Folkevalde har rett til vederlag for tap i arbeidsinntekt. Denne vert dekkja med inntil 4000,- kr (+sosiale utgifter) pr. dag rekna etter 7.5 t/dag. For å få dekt tappt arbeidsinntekt i samband med møte eller reisefråvær, er det eit vilkår at det vert lagt fram dokumentasjon frå arbeidsgjevar om omfanget av trekket.

21.2 Frikjøpsordning

I særlege høve kan formannskapet, etter søknad, vurderer å inngå avtale med arbeidsgjevar om ei frikjøpsordning for folkevalde. I slike høve refunderer kommunen arbeidsgjevaren sine lønsutgifter i perioden frikjøpet gjeld for.

21.3 Sjølvstendig næringsdrivande

Sjølvstendige næringsdrivande får godtgjort tappt arbeidsinntekt. Denne vert dekkja med inntil 4000,- kr (+ sosiale utgifter) pr. dag rekna etter 7,5 t/dag. Tap av arbeidsinntekt må dokumenterast med likningsattest og frå eigenmelding som sannsynleggjer kravet.

21.4 Ulegitimert tap av arbeidsinntekt

Faktisk tap av arbeidsinntekt vert dekkja utan krav til dokumentasjon med inntil kr 1 257,- pr dag (168,- pr time) rekna etter 7,5 t/dag.

21.5 Personar utan ordinær lønnsinntekt

Denne gruppa får ei erstatning på kr. 1257,- pr. dag

For alle gruppene vert det elles gjeve ei erstatning med kr. 1 257,- for udokumenterte krav for møte på laurdag og sundag.

Dokumenterte krav om tappt arbeidsinntekt på laurdag og sundag går inn under dei ovanfor nemnde reglane.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Endringar som har innverknad på erstatning for tapt arbeidsinntekt skal gjevast melding om snarast til dei som føretek utbetaling.

Når satsane for fast årleg godtgjersle for politisk arbeid vert endra, vert satsane for tapt arbeidsinntekt endra med same prosentsats.

Personar som går i mindre enn full stilling eller går i turnus/skiftarbeid, får tapt arbeidsforteneste etter minstesats dersom eit møte fell på fridagen til vedkomande.

22. PENSJON OG FORSIKRINGAR

Folkevalde i verv på **50 %** eller meir av 1/1 stilling, vert meld inn i same pensjonskasse som tilsette i kommunen.

Folkevalde i minst 50% av 1/1 stilling er omfatta av gruppelivsforsikring og erstatning for yrkesskade/yrkessjukdom med same ytingar som for kommunale arbeidstakarar, jfr. HTA § 10 og 11. Folkevalde som er på reise i samband med vervet, er forsikra gjennom (Nye) Øygarden kommune si reiseforsikring.

23. ETTERGODTGJERSLE / ETTERLØN

Folkevalde i verv tilsvarande 50% stilling eller meir får ettergodtgjersle/etterløn ved utløpet av valperioden:

- I 1,5 mnd. uavhengig av om vedkomande går inn att i løna arbeid eller ikkje ved utløpet av valperioden.
- I inntil 3 månader når vedkomande ikkje går attende til løna arbeid

Etterløn stoppar frå det tidspunkt vedkomande tek til i løna arbeid.

Då det ikkje vert utbetalt feriepengar av godtgjersle, skal det etter siste funksjonsperiode betalast 1,5 mnd. godtgjersle som feriepengar. Ved evt. avkorta funksjonstid i året, vert feriepengane redusert tilsvarande.

24. UTGIFTSDEKNING

24.1 Reisegodtgjersle

Skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle vert godtgjort med grunnlag i det kommunale reiseregulativet, som samsvarar med staten sitt reiseregulativ.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

24.2 Andre legitimerede utgifter

Legitimerede utgifter til "stedfortredar", barnepass og til stell av sjuke og eldre vert godtgjort etter rekning avgrensa oppover til kr.750,- pr. møte. Kravet skal dokumenterast og attesterast av stedfortredar, barnepassar eller annan tilsynsperson.

24.3 Tolking

Dersom det oppstår tvil om tolking av reglementet, vert spørsmålet avgjort av formannskapet.

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
32/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.04.2018

Sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar

Samandrag av saka:

Hausten 2017 oppnemnte fellesnemnda eit politisk utval for eigarskapsmodellar som skulle gå gjennom all eigarskap, samarbeidsrelasjonar, interessetilknyttingar og andre medlemskap i Fjell, Sund og Øygarden kommune og koma med framlegg til framtidens eigarskapspolitikk i Nye Øygarden kommune. Utvalet er sett saman av 5 politikarar frå Fjell (3), Sund (1) og Øygarden (1) og er leia av varaordføraren i Øygarden. Mandatet for arbeidet går fram av saka. Utvalet har i alt hatt 11 møte, og har vore innom eit stort saksfelt knytt til eigarskap av ulike slag. Utvalet har utarbeidd ein sluttrapport med forslag til eigarskap som med dette vert lagt fram for fellesnemnda.

Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek å leggja sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar til grunn for organisering av eigarskap i Nye Øygarden kommune. I dette også tilknytning til samarbeids- og interesseorganisasjonar og andre slik det går fram av rapporten.
2. Etter fellesnemnda si første handsaming vert rapporten sendt ut på høyring, jamfør saksutgreiing, med høyringsfrist 22. mai. Fellesnemnda slutthandsamar saka og rapporten i møtet 18.juni.

Straume, den 09.04.2018

Willy Sørensen
Administrasjon

Dokument vedlagt saka:

- Sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar april 2018
- Elektronisk lenkje til SWOT-analyse av seks eigarskapsmodellar:

<http://www.nyeoygardenkommune.no/files/2018/04/Swot-til-sluttrapport-eigarskap-april-2018-1.pdf>

Saksopplysningar:

I møte 2. oktober 2017 sak 8/17 punkt 2 gjorde fellesnemnda slikt vedtak:

«Fellesnemnda oppnemner eit utval som ser på eigarskapsmodellar for kommunale føretak og aksjeselskap i Nye Øygarden kommune. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda. Prosjektleiaren sin stab vil vere sekretariat for utvalet.»

Utvalet vart samansett av følgjande medlemmer/varamedlemer;

Frå Fjell: faste medlemmer/personleg vara (i parentes): Egil Haaland A (Atle Justad A), Helena Morland Hansen H (Fredrik-Alexander Indrevik H), Daniel Victor Sandvik FrP (Hege Misje FrP)

Frå Sund: Fast medlem/personleg vara (i parentes): Kari-Anne Landro H (Nils Kåre Skoge H)

Frå Øygarden: Fast medlem/personleg vara (i parentes): Atle Dåvøy KrF (Silvia Haugland TVØ)

I møte den 30. oktober sak 22/17 vedtok fellesnemnda følgjande mandat for utvalet sitt arbeid:

Det politiske utvalet for eigarskap skal:

- 1. Ta utgangspunkt i samlerapport «Kartlegging av eigarskapsstruktur» som vart lagt fram for førebuande fellesnemnd 24. april 2017.*
- 2. Finna sameina, framtidsretta og tenlege organisasjonsmodellar om eigarskap og interesserepresentasjon.*
- 3. Utarbeida framlegg til eigarskapsmodellar som skal vera økonomisk berekraftige, føreseielege, effektive og gje tenestetilbod av høg kvalitet innan sine verksemdsområde.*
- 4. Arbeida for ein eigarstruktur med færrest mogleg einingar som gjev best moglegheit for demokratisk styring.*
- 5. Utvalet kjem tilbake med plan for framdrifta av arbeidet etter at dei har hatt sitt første møte, med målsetting om at fellesnemnda gjer vedtak i saka innan utgangen av første halvår 2018.*

Eit utvida mandat vart vedteke av fellesnemnda i møte 22. januar 2018:

- Fellesnemnda ber utvalet sjå nærare på oppløysing av stiftingar sett i lys av kommunesamanslåinga. Utval for eigarskap må opprette dialog med Fjell bustadstifting med sikte på oppløysing av stiftinga.*
- Utval for eigarskap må gå i dialog med dagleg leiar/tilsette i selskapa i kommunane med tanke på tidleg informasjon om utvalet sitt arbeid.*

Utvalet konstituerte seg i sitt første møte 9. november 2017 med Atle Dåvøy som leiar og Kari-Anne Landro som nestleiar. Jarle Kåre Oen frå prosjektleiaren vart sekretær for utvalet.

Utvalet har, i sine vurderingar og forslag, lagt til grunn i mandatet og intensjonen å få ein så slank, effektiv, funksjonell eigarskap og selskapsstruktur som mogeleg. Dette skal kunne gje mogelegheit for å byggja gode og effektive selskap og driftsorganisasjonar for den nye kommunen.

Utvalet har lagt til grunn ordlyden i fellesnemnda sitt mandat som seier at ein skal søkja å finna sameina, framtidsretta og tenlege organisasjonsmodellar for eigarskap og interesserepresentasjon i den nye kommunen. Ein skal samstundes utarbeida framlegg til eigarskapsmodellar som skal vera:

- økonomisk berekraftige
- føreseielege
- effektive
- gje tenestetilbod av høg kvalitet

Fellesnemnda ber utvalet arbeida for ein eigarstruktur med:

- færrest mogleg einingar, som gjev:
- best mogelegheit for demokratisk styring. (Demokratisk styring oppfattar utvalet som politisk styring).

Utvalet har til saman hatt 11 møte. I tillegg vart representantar frå berørte selskap, einingar og fagforeiningar kalla inn til informasjonsmøte 15. februar. I etterkant av møtet kom det inn fem uttalar. Utvalet har også konsultert Deloitte i spørsmål kring samanslåing og oppløysing av selskap, samt omdanning (avvikling) av stiftingar. Fjell Bustadstifting har fått presentert si verksemd i møte med utvalet.

Utvalet hadde som utgangspunkt for sitt arbeid med seg eigarskapsmeldingane frå dei tre kommunane og ein samlerapport om desse som ei administrativ gruppe la fram for førebuande fellesnemnd i april 2017.

Utvalet har vore inno m mange tema. Kartlegginga viser at dei tre kommunane nyttar desse selskapsformene:

- Kommunale aksjeselskap (AS)
- Interkommunale aksjeselskap (AS)
- Kommunale føretak (KF)
- Interkommunalt samarbeid (IKS)
- Samvirkeføretak (SA)
- Stifting (ST)

Selskapsoversikt tabell

Selskapsform	Fjell	Sund	Øygarden	Sum
Aksjeselskap (eigen lov)	8	7	9	24
Interkommunale selskap (eigen lov)	5	5	3	13
Kommunalt føretak (kommunelova)	0	1	0	1

Interkommunalt samarbeid (kommunelova)	6	7	7	20
Stifting (eigen lov)	5	6	3	14
Samvirkeføretak (eigen lov)	2	1	2	5
Andre (diverse) *	8	7	11	26
TOTALT	34	34	35	103

*medlemskap i ulike nettverk, interesseorganisasjonar og liknande

Med dette som utgangspunkt har utvalet vore gjennom «alle dei 103» aktørane under dei ulike områda, jamfør tabellen. Rapporten er bygd opp på den måten at kvar «selskapsform» får sitt av kapittel. Det er også laga lenkjer til lovverk og heimesider for dei ulike selskapa. Dette for å gje høve til eit meir komplett bilete. Under kvart «selskap» som er omtala kjem utvalet si tilråding som siste setning – «Utvalet tilrår».

Utvalet har vald å løfta fram seks hovudområde som ein meinte var dei viktigaste og som måtte prioriterast først. Desse områda er omtala særskild i kapitel 5 (men også andre stadar i rapporten) og er:

1. VVA-tenestene – veg, vatn, avlaup – Forslag til fusjon av FjellVAR AS og Sund VA AS som blir ØyVAR AS
2. R-tenesta - Renovasjon – Forslag at tenesta vert utført av ØyVAR AS eller ekstern leverandør (BIR AS)
3. Eigedomsforvaltning av kommunale bygg – Forslag nytt kommunalt føretak - Øygarden eigedomsforvaltning KF, alternativt kommunal eining(KE)
4. Forvaltning av næringsseigedomar – Forslag til eit nytt AS – Øygarden næringsseigedom AS
5. Næringsutvikling – Forslag til eit nytt AS – Øygarden næring og utvikling AS
6. Brann og redning – Forslag til eit nytt kommunalt føretak – Øygarden brann og redning KF

I arbeidet med å velja ut ei tilrådd selskapsform til desse prioriterte områda, har ein teke i bruk såkalla SWOT-analyse med vekting og vurdering av dei ulike kriteria som fellesnemnda har lagt til grunn i mandatet. Analysen følgjer saka, sjå elektronisk lenkje.

Prinsippa om vekting er henta frå mandatet til utvalet (kap. 4 «Mandat» på side 4 i rapporten). Utvalet har ut frå dette henta fram desse kriteria som ligg til grunn for SWOT-analysen.

- Demokratisk styring
- Effektiv
- Tenleg
- Høg kvalitet
- Færrast mogleg einingar
- Økonomisk berekraftig
- Føreseielege
- Framtidsretta

Utvalet har ikkje gått inn på økonomiske vurderingar knytt til oppretting av nye selskap og endra eigarskapsstruktur. Dette må kome inn som ein del av oppfølgingsarbeidet i etterkant av fellesnemnda si slutthandsaming.

Rapporten har tilrådingar for vidare eigarskap/medlemskap på alle former for selskap og medlems-konstellasjonar. På nokre område er det alternative forslag med fleirtal/mindretal.

Selskapsform	Øygarden etter 01.01.2020
Aksjeselskap AS	6
Interkommunale selskap IKS	3
Kommunalt føretak KF	2
Interkommunalt samarbeid	3
Stifting ST	8
Samvirkeføretak SA	2
Andre	18
TOTALT	32

Tabellen syner kor mange selskap fordelt på ulike kategoriar som blir tilrådd vidareført / nyoppretta frå 1. januar 2020. Det er viktig å merka seg at dei tre kommunane ofte har eigardel i same selskapet og er medlem i same organisasjon/ samarbeidet/nettverk m.m. I den nye kommunen vert dette slege saman slik at det naturleg berre vert eit selskap/ein representasjon. Interkommunalt samarbeid mellom dei tre kommunane vil naturlegvis opphøyra etter 1. januar 2020. Antal selskap er redusert frå 103 til 32.

Vurdering:

Prosjektadministrasjonen har vore sekretær for utval for eigarskapsmodellar og redigert og skrivt rapporten i nært samarbeid med medlemane.

Prosjektadministrasjonen legg til grunn at rapporten vert lagt ut til høyring før fellesnemnda gjer endeleg vedtak. Rapporten vart først offentleg ved utsending. Administrasjonen tilrår at fristen vert sett til 22. mai og at fellesnemnda slutthandsamar saka i møtet 18.juni.

Impliserte partar er m.a. dei ulike selskapa, aktuelle kommunale einingar, fagforeiningar og fagorganisasjonar som representerer dei tilsette.

Rapporten inneheld mykje informasjon som ein finn via lenkjer. Hovudgrunnen er at utvalet ønskjer å visa til det store aktuelle sakstilfanget knytt til tematikken. Ein annen grunn er å finna tilleggsinformasjon om lovverk og selskap/interesseorganisasjon m.m. samstundes som ein les rapporten. Ein tredje grunn er å spara plass slik at rapporten ikkje vert for lang. Ein vil finna desse «lenkje-typane»:

- Alt lovverk knytt til ulike selskapsformer
- Alle selskap si heimeside på internett
- Vedleggsbank med 25 ulike dokument (heilt til slutt i rapporten)
- SWOT-analyse (både i saksframlegget og heilt til slutt i rapporten)

Prosjektadministrasjonen skriv også denne saka på vegne av utvalet. Saka inneheld difor ikkje ei administrativ vurdering, anna enn at administrasjonen meiner utvalet har gjennomført det arbeidet som går fram av mandatet frå fellesnemnda.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Forslag til eigarskapsstruktur

Sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar-april 2018



nyeoygardenkommune.no



INNHALDSFORTEIKNING

1	Bakgrunn og føremål	4
2	Utvalet	4
3	Mandat	5
4	Samandrag	5
5	Innleiande vurderingar - seks hovudområde	9
5.1	GENERELT	9
5.1.1	<i>Utvalet sine forslag</i>	<i>9</i>
5.1.2	<i>Målkriterium og referansar</i>	<i>9</i>
5.1.3	<i>Kommunesamanslåing og kommunereforma</i>	<i>11</i>
5.2	VAR-TENESTER, NÆRINGSUTVIKLING OG NÆRINGSEIGEDOMSUTVIKLING, EIGEDOMSFORVALTNING, BRANN OG REDNING	12
5.2.1	<i>VA- tenestene (vatn og avlaup)</i>	<i>12</i>
5.2.2	<i>Renovasjon (R).....</i>	<i>13</i>
5.2.3	<i>Eigedomsforvaltning</i>	<i>13</i>
5.2.4	<i>Forvaltning av næringseigedom</i>	<i>16</i>
5.2.5	<i>Næringsutvikling</i>	<i>16</i>
5.2.6	<i>Brann og redning.....</i>	<i>18</i>
6	Oversikt eigarskap og interesseorganisasjonar.	18
6.1	SELSKAPSOVERSIKT TABELL	19
7	Aksjeselskap (AS).....	19
7.1	VURDERINGAR OG OPPSUMMERING	19
7.2	UTFYLLANDE KOMMENTARAR OM AKSJESELSKAP (AS):	20
7.2.1	<i>Bergen og Omland Hamn AS:</i>	<i>20</i>
7.2.2	<i>BKK AS:</i>	<i>21</i>
7.2.3	<i>Gode Sirklar AS:.....</i>	<i>21</i>
7.2.4	<i>Trigger Jobb AS.....</i>	<i>22</i>
7.2.5	<i>Norsk Bane AS</i>	<i>22</i>
7.2.6	<i>Naturgassparken Vest AS.....</i>	<i>22</i>
7.2.7	<i>Sambandet Sotra, Øygarden, Bergen AS.....</i>	<i>22</i>
7.2.8	<i>Scalpro AS.....</i>	<i>23</i>
7.2.9	<i>FjellVAR AS</i>	<i>23</i>
7.2.10	<i>Sund vatn og avlaup AS</i>	<i>23</i>
7.2.11	<i>Sambygg AS</i>	<i>23</i>



7.2.12	<i>Tide ASA</i>	24
7.2.13	<i>CCB Kollsnes AS</i>	24
7.2.14	<i>Straume Idrettspark AS</i>	24
7.2.15	<i>BIR AS</i>	24
8	Interkommunale selskap (IKS)	25
8.1	VURDERINGAR OG OPPSUMMERING	25
8.2	UTFYLLANDE KOMMENTARAR OM IKS	25
8.2.1	<i>Bergen og Omland Havnevesen</i>	25
8.2.2	<i>Interkommunalt arkiv i Hordaland</i>	26
8.2.3	<i>Øygarden brann og redning IKS</i>	26
8.2.4	<i>Driftsassistansen i Hordaland vann og avløp</i>	26
9	Kommunale føretak (KF)	26
9.1	VURDERINGAR OG OPPSUMMERING	26
9.2	UTFYLLANDE KOMMENTARAR OM KOMMUNALE FØRETAK (KF)	27
9.2.1	<i>Sund Eigedomsutvikling KF</i>	27
10	Interkommunalt samarbeid	27
10.1	VURDERINGAR OG OPPSUMMERING	27
10.2	UTFYLLANDE KOMMENTARAR OM INTERKOMMUNALT SAMARBEID	28
10.2.1	<i>Bergen og Omland Friluftsråd</i>	28
10.2.2	<i>Etablerarsenteret</i>	28
10.2.3	<i>Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor</i>	29
10.2.4	<i>IUA Bergen region</i>	29
10.2.5	<i>Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval</i>	29
10.2.6	<i>Gründerparken Vest</i>	29
10.2.7	<i>Invest In Bergen</i>	30
11	Stifting	30
11.1	VURDERINGAR OG OPPSUMMERING	30
11.2	UTFYLLANDE KOMMENTARAR OM STIFTINGAR	31
11.2.1	<i>Stiftinga Museum Vest</i>	31
11.2.2	<i>Stiftinga Kystsogevekene</i>	31
11.2.3	<i>Fjell Bustadstifting</i>	32
11.2.4	<i>Stiftinga Johannes Kleppevik sitt minnefond</i>	32
11.2.5	<i>Kystmuseet i Øygarden</i>	32
11.2.6	<i>Stiftinga Marstein fyr</i>	33
11.2.7	<i>Stiftinga Fjell festning</i>	33
11.2.8	<i>Stiftinga Nordsjøfartsmuseet i Tælavåg</i>	33
11.2.9	<i>Stiftinga Trellevik kystkultursenter</i>	33



12 Samvirke (SA)	34
12.1 VURDERINGAR OG OPPSUMMERING	34
12.2 UTFYLLANDE KOMMENTARAR OM SAMVIRKE.....	34
12.2.1 <i>Biblioteksentralen.....</i>	34
12.2.2 <i>Gjerdet kulturminnegard.....</i>	34
13 Råd, Interesseorganisasjonar, Nettverk	35
13.1 VURDERINGAR OG OPPSUMMERING	35
13.1.1 <i>Vest Næringsråd</i>	35
13.1.2 <i>Nye Øygarden forlikråd.....</i>	36
13.1.3 <i>Kommunesektorens organisasjon (KS).....</i>	36
13.1.4 <i>LNK: Landssamanslutninga av nynorskkommunar.....</i>	36
13.1.5 <i>Foreininga Basecamp.....</i>	36
13.1.6 <i>Foreininga Vest-Norges Brüsselkontor.....</i>	37
13.1.7 <i>NPK - Nettverk for petroleums-kommunar</i>	37
13.1.8 <i>NFKK: Nettverk for fjord- og kystkommunar</i>	37
13.1.9 <i>Sunne kommunar: WHOS Norske nettverk</i>	38
13.1.10 <i>Bergensalliansen.....</i>	38
14 Hovudoppsumming i tabellar	38
15 Kjelder, referansar, dokument, lenkjer m.m.:	40
16 Forklaringar på forkortingar	40
17 SWOT-analysar på utvalde område.....	41



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

1 Bakgrunn og føremål

8. juni 2017 gjorde Stortinget vedtak om å slå saman 109 kommunar til 42, inkludert kommunesamanslåinga mellom Fjell, Sund og Øygarden. Rett før jul 2017 har departementet endeleg stadfesta at namnet på den nye kommunen skal vera Øygarden. Fellesnemnda (FN), har i sitt møte 30.10.2017 oppnemnd utvalet «Utval for eigarskapsmodellar». Utvalet skal sjå på og koma med forslag til FN på framtidig eigarskapsstruktur i Nye Øygarden kommune.

2 Utvalet

Følgjande representantar vart oppnemnde til å vera med i utvalet for eigarskapsmodellar:

Fjell kommune:

Faste medlemmer:

Egil Haaland (Ap)

Helena Morland Hansen (H)

Daniel Victor Sandvik (FrP)

Vara representantar:

Atle Justad (Ap)

Fredrik –Alexander Indrevik (H)

Hege Misje (Frp)

Sund kommune:

Fast medlem:

Kari-Anne Landro (H)

Vararepresentant:

Nils Kåre Skoge (H)

Øygarden Kommune:

Fast medlem:

Atle Dåvøy (KrF)

Vararepresentant:

Silvia Haugland (TVØ)

Atle Dåvøy vart vald til å leia utvalet. Kari-Anne Landro vart vald som nestleiar. Jarle Kåre Oen vart peika ut som sekretær for utvalet

Oppsummering frå leiar Atle Dåvøy:

«Utvalet starta sitt arbeid like etter at mandatet låg føre. Utvalet har hatt 11 ordinære møte. I tillegg har det vore eit informasjonsmøte om utvalet sitt mandat og arbeid, der utvalet inviterte og informerte involverte selskap, lag og organisasjonar. Som del av møtet vart dei enkelte invitert til å gje innspel med fokus på vurderingskriteria som låg i mandatteksten frå FN. Fleire bidrog med verdfulle innspel.

Utvalet har hatt gode politiske og til dels faglege diskusjonar. Når det gjeld faglege grunngjevingar, vil dette vera avgrensa til informasjon frå Deloitte, kommuneadvokaten i Fjell og støttedokumentasjon med statistisk og fagleg signifikans. Fleire stadar i denne



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

utvalsrapporten er det vist til og sitert frå ein presentasjon frå Deloitte og rapportar som Deloitte har skrivne knytt til andre kommunesamanslåingar (Nye Asker kommune).

Utvalet avgjorde tidleg at ein ynskte å jobba i eit «levande dokument», som til slutt skulle enda opp i ein ferdig rapport. I tillegg har ein jobba med SWOT- analysar på utvalde område. Det har vore ein omfattande tematikk som skulle utgreiast på relativt avgrensa tid. Utvalet meiner likevel at rapporten skal kunna gje eit tilstrekkeleg grunnlag slik at FN skal kunna peika ut den politiske kursen vidare for eigarskapsstrukturen i Nye Øygarden.

Utvalet ynskjer å takke administrasjonen og sekretæren for hjelpa i arbeidet.»

3 Mandat

I møtet 30.10.2017, avgjorde fellesnemnda at utval for eigarskapsmodellar skal arbeida etter følgjande mandat:

Det politiske utvalet for eigarskap skal:

1. Ta utgangspunkt i samlerapport «Kartlegging av eigarskapsstruktur» som vart lagt fram for førebuande fellesnemnd 24. april 2017.
2. Finna sameina, framtidsretta og tenlege organisasjonsmodellar om eigarskap og interesserepresentasjon.
3. Utarbeida framlegg til **eigarskapsmodellar** som skal vera økonomisk berekraftige, føreseielege, effektive og gje tenestetilbod av høg kvalitet innan sine verksemdsområde.
4. Arbeida for ein eigarstruktur med færrest mogleg einingar som gjev best moglegheit for demokratisk styring.
5. Utvalet kjem tilbake med plan for framdrifta av arbeidet etter at dei har hatt sitt første møte, med målsetting om at fellesnemnda gjer vedtak i saka innan utgangen av første halvår 2018.

Eit utvida mandat vart vedteke av fellesnemnda i møte 22. januar 2018:

- Fellesnemnda ber utvalet sjå nærare på oppløysing av stiftingar sett i lys av kommunesamanslåinga. Utval for eigarskap må oppretta dialog med Fjell Bustadstifting med sikte på oppløysing av stiftinga.
- Utval for eigarskap må gå i dialog med dagleg leiar/tilsette i selskapa i kommunane med tanke på tidleg informasjon om utvalet sitt arbeid.

4 Samandrag

Utvalet har i sine vurderingar og forslag, lagt til grunn i mandatet og intensjonen med å få ein så slank, effektiv, funksjonell eigarskap og selskapsstruktur som mogeleg. Dette skal kunne



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

gjø mogelegheit for å byggja gode og effektive selskap og driftsorganisasjonar for den nye kommunen.

Utvalet har lagt til grunn ordlyden i fellesnemnda (FN) sitt mandat som seier at ein skal søkja å finna sameina, framtidsretta og tenlege organisasjonsmodellar for eigarskap og interesserepresentasjon i den nye kommunen. Ein skal samstundes utarbeida framlegg til eigarskapsmodellar som skal vera:

- økonomisk berekraftige
- føreseielege
- effektive
- gje tenestetilbod av høg kvalitet

Fellesnemnda bad utvalet arbeida for ein eigarstruktur med:

- færrest mogleg einingar, som gjev:
- best mogelegheit for demokratisk styring. (Demokratisk styring oppfattar utvalet som politisk styring).

Samlerapport «Kartlegging av eigarskapsstruktur» som vart lagt fram for førebuande fellesnemnd 24. april 2017, er brukt som utgangspunkt for arbeidsomfang.

For utvalet var det spesielt seks hovudområde som skilde seg ut som særskilte og som må prioriterast. Desse er VAR-tenestene (vatn-avlaup/renovasjon), næringsutvikling, næringsseigdomsforvaltning og eigedomshandling (kommunale bygg). I tillegg har utvalet sett på brann- og redningstenesta. Desse områda vert via ekstra merksemd i kapittel 5.2 med underkapittel. Det vert elles synt til SWOT-analyse med verdifastsetjing av kriterium. Sjå kap. 17 med lenkje.

Utvalet gjev difor framlegg om slikt eigarskap i Nye Øygarden kommune:

Aksjeselskap AS:

- ØyVAR AS
- Øygarden næring og utvikling AS
- Øygarden næringseigedom AS
- Bergen Havn AS.
- BKK AS

Aksjeselskap AS som vert føreslege avvikla, inngår i nye selskap eller der ein sel seg ut:

- FjellVAR AS, vert fusjonert inn i ØyVAR, alternativt blir selskapet ei VA-selskap
- Sund VA AS, vert fusjonert inn i ØyVAR, alternativt blir selskapet ei VA-selskap
- Gode Sirklar AS, vert endra
- Norsk Bane AS, selje aksjepost
- Naturgassparken Vest AS, inn i Øygarden næringseigedom AS



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

- Scalpro AS, selje aksjepost
- Tide ASA, selje aksjepost
- CCB Kollsnes AS, inn i Øygarden næringsseigedom AS / selje aksjepost
- BIR AS, tenester inn i ØyVAR , alternativt utfører BIR AS desse tenestene
- Trigger AS. Foreslår at Øygarden kommune sel seg ut og opprettar eit nytt eige selskap. Alternativt må Trigger endra sitt geografiske tyngdepunkt og (Nye) Øygarden kommune må få eit større eigarskap enn det dei tre kommunane har i dag.

Interkommunale selskap (IKS)

- Bergen og omland hamnevesen . Vert vidareført.
- Interkommunalt arkiv Hordaland. Vert vidareført.
- Driftsassistansen i Hordland vatn og avlaup. Vert vidareført

Interkommunalt selskap (IKS) som vert avvikla

- Øygarden brann og redning IKS. (Blir til Øygarden brann og redning KF eller KE)

Interkommunalt samarbeid:

- Bergen og Omland Friluftsråd.
- IUA Bergen. Pålagt medlemskap. Eigne vedtekter.
- Invest in Bergen.

Interkommunale samarbeid som vert omorganiserte / ikkje vidareførte:

- Etablerarsenteret. Tenesta går inn i porteføljen til Øygarden næring og utvikling AS. Sjå «Andre» punkt 3.
- Gründerparken Vest. Inngår i Øygarden næring og utvikling AS sin tenesteportefølje for Øygarden kommune.

Kommunale føretak KF eller kommunal eining KE:

- Øygarden brann- og redning KF/KE
- Øygarden eigedomsforvaltning KF/KE

Eit fleirtal (4) går inn for KF, eit mindretal (1), Egil Haaland går inn for KE (analysane syner små skilnader i score på desse modellane)

Kommunale føretak som vert avvikla:

- Sund eigedomsutvikling KF



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Samvirkeføretak:

- Biblioteksentralen SA
- Gjerdet kulturminnegard SA

Samvirkeføretak som vert endra:

- Øygarden Samfunnshus SA.

Øygarden har overtatt samfunnshuset på Rong. Øygarden samfunnshus SA er avvikla. Samfunnshuset går inn som del av porteføljen til Øygarden Eigedomsforvaltning KF

Stiftingar:

- Fjell Bustadstifting vert forsøkt omdanna for å mogleggjera tilrettelegging for samanslåing dersom lovverket i framtida vil gjera dette mogleg. Eller departementet gjer det mogleg for dette einskildtilfellet, med grunngeving i kommunesamanslåinga. Då vil Fjell Bustadstifting og Sund Eigedomsutvikling KF, saman med Øygarden kommune sine sosiale eigedomstenester danna grunnlaget for Øygarden eigedomsforvaltning KF. Fjell bustadstifting held fram som før så lenge noverande lovverk ligg til grunn.
- Stiftinga Museum Vest. Som før.
- Stiftinga Kystsogevekene. Som før.
- Stiftinga Johannes Kleppevik Sitt Minnefond. Som før.
- Kystmuseet i Øygarden. Er del av Museum Vest. Som før.
- Nordsjøfartsmuseet. Er ein del av Museum Vest. Som før.
- Fjell festning. Er ein del av Museum Vest. Som før.
- Stiftinga Trellevik kystkultursenter. Som før.
- Stiftelsen Marstein fyr. Som før.

Andre:

Vidareført:

- Vest Næringsråd – Nye Øygarden kommune held fram samarbeidet
- Kommunesektorens organisasjon (KS) – medlemskapen vidareført
- Landsamanslutninga for nynorskkommunar (LNK) – medlemskapen vidareført
- Foreininga Basecamp – medlemskapen vidareført
- Nettverk for petroleums-kommunar (NKP)- medlemskapen vidareført
- Nettverk for fjord- og kystkommunar (NFKK) – medlemskapen vidareført
- Bergensalliansen –medlemskapen vidareført

Nedlagt/endra:

- Øygarden kemnerkontor. Erstattar Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor.
- Regionrådet Vest. Vert nedlagt



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

- Fjell, Sund og Øygarden forliksråd. Vert Øygarden forliksråd.
- Foreininga Vest-Norges Brussel-kontor – medlemskapen vert avvikla
- Sunne kommunar - WHOS norske nettverk - når eit pågåande prosjekt vert avslutta, går Øygarden kommune ut av nettverket

5 Innleiande vurderingar - seks hovudområde

5.1 Generelt

5.1.1 Utvalet sine forslag

- Nye Øygarden kommune bør oppretta selskapet **ØyVAR AS** for å samla VAR-tenestene i den nye kommunen – alternativt **ØyVA AS**, sjå under
- Alternativt for renovasjonsløysinga: Om **BIR AS** utfører denne tenesta der Nye Øygarden kommune er deleigar (slik som Sund er i dag), vert det eit **ØyVA AS** (utan renovasjon)
- Nye Øygarden kommune bør etablere **Øygarden næringsseigedom AS**, eit aksjeselskap som skal og arbeida med aktiv utvikling av næringsseigedom for å fremja strategiske og økonomiske mål på vegner av kommunen. Kommunen sin eigedomsmasse bør vera eigd av kommunen sjølv .
- Nye Øygarden si forvaltning og drift av eigne bygg og anlegg, foreslår utvalet vert samla i eit eige føretak, **Øygarden eigdomsforvaltning KF** som fleirtalet (4) går inn for. Mindretalet (Egil Haaland) tilrår kommunal drift i ei eining **KE**.
- Utvalet meiner at Nye Øygarden kommune må etablere eit nytt næringsutviklingssekselskap som er inkluderande relatert til eigarskap og samhandling med alle nødvendige bidragsytarar for positiv næringsutvikling. Utvalet foreslår at namnet kan vera **Øygarden nærings- og utvikling AS**.
- Brann- og redningstenesta vert av fleirtalet (4) føreslege teke inn i eit nytt kommunalt føretak (**KF**), alternativt i kommunal etat saman med andre tenester for å få positive synergjar. Mindretalet, Egil Haaland, tilrår kommunal drift i ei eining **KE**.

5.1.2 Målkriterium og referansar

Nemnda starta sitt arbeid med å koma fram til nokre målkriterium for kva type selskapsform og eigarskapstruktur ein skulle føreslå og metode for å gjera dei vala ein til slutt hamna på. Utvalet var samd i at politisk kontroll, effektivisering, finansielle fordelar og ulemper og regional strategisk viktighet, alle var viktige moment å ha med seg i drøftingane i tillegg til det som allereie låg i mandatteksten.

Nokre hovudspørsmål som kom fram var samanslåing, avvikling, kvifor kommunal etat eller anna selskapsform, kvifor og kvar tid velja aksjeselskapsform og kor stor eigardel.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Utvalet har i arbeidet med rapporten også støtta seg på anna relevant kompetanse og informasjon knytt til eigarskap og eigarskapsmodellar. Ein av desse er NIBR rapport (By- og regionforskningsinstituttet) rapport 2015:1 «Kommunale selskap og folkevalt styring gjennom kommunalt eigarskap». Sjå elles figur på side 18 som syner grad av politisk kontroll, høgst til venstre.

Sitat frå rapporten:

«Siktemålet med prosjektet har vært å undersøke hvordan norske kommuner ivaretar hensynet til god folkevalgt styring over den delen av kommunens virksomhet som er organisert som egne selskaper. Rapporten undersøker den folkevalgte styringen over selskaper organisert etter aksjeloven og IKS-loven. Både AS og IKS er selvstendige rettssubjekter, og har dermed en spesielt selvstendig stilling sammenlignet med andre virksomheter som drives av kommunen».

Det er viktig for utvalet å peika på at oppbygginga av eigarstrukturen i etterkant av avgjerda er minst like viktig som modellane som vert valde.


I enkelte samanhengar vil selskapsform og eigarskap vera logisk og innlysande. Det å velja rett selskapsform og/- eller eigarskap handlar meir om å ta eit val kor resultatet vil vera avhengig av samhandlinga mellom politisk eigarskap og verksemda si leining. Samstundes vil det vera avhengig av politisk ståstad, ideologi og kor mykje ein er villig til å betala for tenestene.

Ei av utfordringane med å bevega seg bort frå modellar som er direkte politisk styrte, er å mista eller gje frå seg politisk styring. Det er ei almen oppfatning at dersom ein vel organisering i eit AS, vil den politiske styringa og kontrollen vera betydeleg mindre enn til dømes eit KF eller ei kommunal eining (KE). Likevel vil det demokratiske perspektivet vera ivareteke gjennom generalforsamling, selskapet sitt styre og eigarskapsmelding.

NIBR rapporten konkluderer med følgjande:

«Men etter NIBRs oppfatning er det grunn til å hevde at selskapsorganiseringen, og de mekanismene som finnes for å sikre god eierstyring, i seg selv ikke umuliggjør god folkevalgt styring». Rapporten seier også:

«Etter NIBRs oppfatning bør likevel ikke konklusjonen være at kommunene bør unngå AS og IKS ut ifra demokratiske hensyn».



Stigande grad av autonomi frå venstre mot høgre



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Rapporten peikar på at det er mogeleg å finna gode modellar for korleis ein skal samhandla mellom polisk leiing og selskapa. Det vert vist til Drammen kommune som ein kommune som har ein, etter forfattarane av NIBR- rapporten si oppfatning, god modell. Der har ein utarbeidd klare eigarskapsstrategiar for selskapa, ein har ein administrativ støttestab mot kvart selskap som har som oppgåve å sikra at ein har nødvendig kontakt og informasjon om drift av selskapet og utvikling slik at politisk leiing til ei kvar tid har det naudsynte innsyn og kompetansen for å kunne ivareta eigarrolla på ein fullgod måte.

Asker kommune har saman med Røyken og Hurum kommunar slått seg saman til Nye Asker kommune. Kommunen har som del av prosessen sett på modellar for organisering av kommunaltekniske tenester i Nye Asker kommune. Det er laga ein prosjektrapport, Prosjekt CON-10030. Denne er offentleg tilgjengeleg og utvalet har blant anna sett til denne i sine vurderingar. Rapporten peikar på at det er viktig å etablera tydelege organisatoriske skilje mellom strategiske utviklingsoppgåver, utøving av mynde og tenesteproduksjon. Rapporten konkluderer med at for sjølvkost-tenester er det formålstenleg å vektleggja effektivisering, og då er aksjeselskap (AS) den forma ein meiner ivaretek dette best. (Prosjekt CON-10030, 10.2 Anbefaling av organisering - s. 83).

Nye Øygarden kommune vil verta eigar av mange eigedomar og store areal. God forvaltning av eksisterande og nye eigedomar vil difor vera ei viktig oppgåve. Dette er eit område kommunane i dag har ulike utbyggings- og driftsmodellar. Utvalet meiner det vert viktig at ein skil mellom forvaltning og utvikling av kommunale bygg og eigedomar.

I mange av dei eigarskapa som dei tre kommunane har i dag, vil ein anten avvikla eller vidareføra. Som oversikta av selskap syner, så har dagens tre kommunane allereie fleire felles treff- og behovspunkt.

5.1.3 Kommunesamanslåing og kommunereforma

I meldinga til Stortinget om kommunereforma var det eit del sentralt punkt at ein skulle danna grunnlaget for nye og større kommunar.

Eit punkt som vart belyst, var at større kommunar ville redusera behovet for interkommunale samarbeid innanfor fleire sektorer og dermed bidra til at fleire kommunar skulle kunna løysa oppgåvene sjølv innanfor eigen organisasjon. Det vart peika på at dette ville bidra til å styrkja lokaldemokratiet. Kommunane er finansierte gjennom offentlege midlar, og det er sterkt fokus på openheit, kontroll og effektiv bruk av midlane. Kommunestyret forvaltar samfunnet sine fellesmidlar, og skal gjera dette på den måten ein meiner tener innbyggerane best.

Det er lokalpolitikarane som skal prioritera standard og utvikling av tenestene, samtidig som dei har eit stort ansvar for å ivareta kommunen sine eigedomar på en forsvarleg og god måte. Ei annan målsetting med kommunereforma var at det skulle leggjast til rette for at fleire kommunar slo seg saman. Dette skulle også gjera ein betre i stand til å møte «morgondagens»



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

utfordringar med bl.a. større ansvar og bidra til at det ville vera meir fristande for godt kvalifisert personell å søkja seg til kommunal sektor.

Færre og større kommunar skulle gje betre grunnlag for å ivareta og vidareutvikla lovpålagte oppgåver. Føremålet er også at dette skulle gje betre kvalitet i tenestene og moglegheiter for å utvikla betre lokalsamfunn. Kommunereforma handlar om å utvikla velferd og lokalt folkestyre til beste for innbyggjarane, næringslivet og lokalsamfunnet.

Regjeringa er også oppteken av at kommunane i endå større grad enn i dag skulle løysa sine lovpålagte oppgåver sjølve og ha en heilskapleg og oversiktleg forvaltning.

Det står i meldinga at «Når stadig mer av kommunens virksomhet ivaretas i ulike kommunesamarbeid, betyr det en mer kompleks forvaltning som kan svekke demokratisk innsyn og kontroll. Viktige beslutninger flyttes fra folkevalgte organer til interkommunale samarbeid».

Vidare heiter det bl.a.:

Utviklingen framover vil gi økt konkurranse om den kompetente arbeidskraften, og kommunene må være attraktive arbeidsgivere for å tiltrekke seg den arbeidskraften de har behov for. Større fagmiljø med kollegaer, tilstrekkelige oppgaver for personer med spesialistutdanning, samt rammer som gir muligheter for utvikling og støtte, kan være en forutsetning for at fagpersoner skal søke seg til kommunesektoren.

Det er ingen grunn til å tvila på at ei «attraktiv» organisering innan kommunen sin eigen administrasjon vil vera eit godt grunnlag for å rekruttera dyktige og kompetente tilsette. Føresetninga er at fagmiljøet er stort nok, oppgåvene er interessante og utfordrande nok og at dei arbeidsmessige rammene er tilfredsstillande.

5.2 VAR-tenester, næringsutvikling og næringseigedomsutvikling, eigedomsforvaltning, brann og redning

5.2.1 VA- tenestene (vatn og avlaup)

Innan VA- tenestene har dei 3 kommunane ulike modellar, der Fjell sine tenester er drifta av FjellVAR som er eit AS, Sund sine tenester er ivaretekne av Sund VA som er eit AS. Det er BIR AS som utfører Sund kommune sine lovpålagte oppgåver innanfor hushaldningsrenovasjon. Sund kommune er medeigar i selskapet. VA- tenestene i Øygarden er ein del av teknisk kommunal drift. Renovasjonstenestene i Øygarden vert kjøpt av ekstern leverandør etter anbod.

Signala frå politikarane i utvalet er at det hovudsak er 3 selskaps- eller organiseringsformer som er aktuelle. Det er Kommunalt føretak (KF), aksjeselskap (AS) eller direkte kommunal verksemd/avdeling i ei kommunal eining (KE).



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Utvalsmedlemmene frå både Fjell og Sund er nøgde slik det fungerer i dag. Det syner at tenesta kan ivaretakast på ein god måte med ulike eigarskapsløysingar. Øygarden er sårbar fordi det er avgrensa med kapasitet og til dels utsett på kompetanse, spesielt på dei nye vassbehandlingsanlegga som det har vorte investert i dei siste åra. Difor vil det verta naudsynt at VA-tenestene er samla i eit selskap som har nok kapasitet og kompetanse til å ivareta dei utfordringane som både vidare utbygging og drift av eksisterande VA- struktur krev.

Utvalet konkluderte med at ein må ha eit felles selskap som tek seg av VA for heile den nye kommunen. Utvalet ser òg at Sund sin modell der VA-selskapet er vegutbyggjar, kan vera noko eit nytt felles selskap kan eller bør ha som del av si verksemd. Ofte vert VA-struktur del av veganlegg slik at dette heng saman. Utvalet tenkjer både utbygging og drift av kommunale vegar som ein ny del av eit slikt selskap si verksemd.

Basert på ei samla vurdering og samsvar med valde kriterium vil utvalet tilråda at VVA (Veg, vatn og avlaup)-området i Nye Øygarden kommune vert organisert som eit AS. Utvalet foreslår eit nytt fusjonert selskap mellom FjellVAR AS og Sund VA AS samt at aktuelle einingar og avdelingar i noverande Øygarden kommune knyter seg til selskapet. Det nye selskapet får namnet **ØyVAR AS**.

5.2.2 Renovasjon (R)

Utvalet sine vurderingar relatert til eigarskap og modell for renovasjon, viser at totalvurderinga heller mot at dette vert lagt inn under ØyVAR. Ser ein på kriteria som utvalet meiner bør vektast mest, så er ei løysing eit selskap (der kommunen har deleigarskap (BIR) handterer denne tenesta som får høgast score. Det er difor ikkje noko fasitsvar på kva som er den beste løysinga. Dersom ein vektlegg demokratisk kontroll vil eit ØyVAR vera den føretrekte løyning. Dersom ein er ute etter stordriftsfordelar, innovasjon, reindyrking av faget, vil BIR si løysing vera å føretrekka. Ei stor uløyst oppgåve er å sjå på økonomiske konsekvensar knytt til overføring av egedelar frå det eine eller det andre selskapet. Dette har ikkje utvalet gjort og må takast omsyn til i det vidare arbeidet. Her kan det altså liggja føre to alternative løysingar: Renovasjonstenesta vert knytt til det nye selskapet ØyVAR AS eller den nye kommunen vert medeigar i BIR AS som leverer tenesta.

5.2.3 Eigedomsforvaltning

Selskapet/føretaket/eininga skal ivareta bygging og drift av alle kommunale bygg forutan næringsbygg. Dette inkluderer og kontorbygg. Typisk vil vera sjukeheimar, barnehagar, aldersbustader, andre sosiale bustader.

Med ei administrering av oppgåvene «innafor husets fire veggar» i ein kommunal etat (KE), vil samhandlinga mellom ulike fagmiljø/etatar/sektorar vera enklare å utnyttja. På ein enkel måte kan leiinga setja saman ulike team til å samarbeida om og gjennomføra ulike utfordringar og oppgåver.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Eit slikt samarbeid vil kunna gje ein meir heilskapleg oppfatning og forståing av kommunen sine oppgåver og utfordringar, og bidra til nye og framtidretta løysingar.

Ei løysing der kommunen sine eigedomar vert forvalta i KE vil gi rådmannen ein større moglegheit for å utnytta dei samla ressursane. Kommunestyret sitt ansvar og moglegheit for styring, både i høve til bl.a. bygging og vedlikehald, vil vera synleg gjennom budsjett- og planprosessane.

Når det gjeld husvære som vert drive på utleigebasis, kjem det fram at Sund kommune har gode røynsler med å organisera det innan eit kommunalt føretak (KF). Totalt er det 87 husvære til utleige i Sund Eigedomsutvikling KF. Av desse er 47 omsorgsbustader og 40 vanlege bustadar. Dette er leilegheiter som vert finansierte og drivne gjennom leigeinntekter. I dette ligg også budsjett for framtidig vedlikehald. Dette utgjer ein etter måten liten del av heile eigedomsmassen til kommunen, og eigna seg kanskje til denne organiseringa. Gjennom KF har kommunestyret folkevald kontroll.

I Øygarden er utleigebustadene forvalta av NAV og omsorgstenesta. Kommunen leiger både hjå private og eig sjølv. Til saman disponerer kommunen (2018) 56 husvære for utleige til sine brukargrupper.

Fjell kommune har husvære for utleige gjennom bustadkontoret som er organiserte som ein kommunal etat. Bustadkontoret i Fjell har også ansvar innan eigedomsaspektet i form av tildeling av bustad til brukarane, og overtok oppgåver både frå eigedomssjefen, NAV og plan- og utbyggingssjefen. Kontoret kan stå for oppkjøp av kommunale bustader og verkar samstundes som verktøy for å gjennomføra kommunen sin sosiale bustadpolitikk. Også her er røynslene gode, og gjennom kommunal forvaltning har kommunestyret ein direkte kontroll og styring.

Resten av bygningsmassen i Fjell dreier seg om skular, rådhus, barnehagar, sjukeheimar etc. Desse er i dag drivne innan den kommunale forvaltninga hos Eigedomssjefen, og drifta er nærmare omtala i årsmeldinga for 2016.

Stifting har vore eit stort og viktig tema som utvalet har brukt mykje tid på. Fjell har ei eiga bustadstifting som byggjer ut og er forvaltar av sin eigedomsmasse, i tillegg til at ein eig bygg og leiger bygg frå andre. Fjell bustadstifting har ei effektiv drift og leverer gode tenester innanfor rammene dei har. Stiftinga har ein solid økonomi, har låge driftskostnader og ein minimal administrasjon.

For å sikra korrekte juridiske vurderingar og korrekt utgangspunkt og «mogelegheitsrom» relatert til omdanning av stiftingar, konsulterte utvalet Deloitte. Resultatet vart formidla utvalet som ein presentasjon. Utvalet har også hatt dialog og møte med leiinga i Fjell bustadstifting der dei presentere stiftinga. Presentasjonane frå Deloitte og Fjell bustadstifting kan lesast via lenkje som er referert til slutt i denne rapporten.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

I presentasjon frå Deloitte AS i desember 2017 vart det presisert at ei stifting er uforanderleg i sin karakter som sjølvstendig og sjølveigande. Det er kapitel 6 i stiftelses-lova som omhandlar omdanning (mellom anna oppheving og avvikling). Stiftelsestilsynet er organet som kan gjera endeleg og gyldig vedtak om omdanning. Eit eller fleire vilkår må vera innfridde (§ 46 i stiftelses-lova), som til dømes at eit eller fleire punkt i vedtektene ikkje let seg etterleva eller er i strid med føremålet/grunnlaget for stiftinga.

Utvalsmedlemmane ynskjer at kommunen sine folkevalde skal ha ein større grad av instruksjonsmoglegheit med utviklinga av den sosiale eigedomsporteføljen enn det Fjell bustadstifting kan gje med dagens lovverk. Utvalet poengterer signala om at bustadstiftinga har ei effektiv drift og leverer gode tenester innanfor rammene dei har. Denne kunnskapen og drifta av bustadporteføljen ynskjer utvalet skal vidareførast i ny organisasjon.

Når kommunestyret bestemmer seg for å kjøpa sosiale varer, tenester så vel som byggje- og anleggsoppdrag frå andre enn kommunen sine egne verksemdar, må tilhøvet til anskaffingsreglementet vurderast.

Stifting er ikkje å sjå på som ei kommunal verksemd då stiftinga eig seg sjølv. For at målet om samarbeid om tenester skal kunna oppnåast, er det ein føresetnad at kommunane kan tildela det felles rettssubjektet oppgåver utan konkurranse. Fordi ei stifting er ei sjølveigande eining vil det det ikkje vera mogleg å tildela kontraktar til ei stifting i utvida eigenregi.

Utvalet viser til at om Fjell Bustadstifting var eit kommunalt føretak (KF), ville ikkje problemstillinga oppstått. Eit KF er del av rettssubjektet kommunen, og oppdrag kan difor tildelast i ordinær eigenregi utan ytterlegare vilkår.

Sett i lys av kommunereforma vert det arbeidd vidare med få endra naudsynte paragrafar i stiftelses-lova slik at ei omdanninga av stiftinga kan la seg gjera.

Ut frå ei samla vurdering av den noverande situasjonen med dei rammer og føresetnader som regulerer drift av stiftingar, ser utvalet at Fjell bustadstifting må halda fram som før inntil ei eventuell endring i stiftelses-lova opnar for omdanning, eller at ein får dispensasjon frå stiftelses-lova på bakgrunn av kommunereforma.

I diskusjonen om forvaltning av kommunen sine eigedomar har utvalet vore innom fleire formar for eigarskap, slik det går fram av rapporten. Det er ingen klar fasit kor ei løysing er den udiskutabelt beste.

Etter møtet som vart halde med selskap og organisasjonar i februar, har frå dei tre administrative ansvarlege for den kommunale eigedomsmassen i dei tre kommunane i eit felles innspel, føreslege at den føretrekte modellen er kommunal eining KE.

Basert på totalscore (SWOT) så vil drift av kommunale bygg samt andre nødvendige område der kommunen har ansvar, kunne driftast via eit kommunalt føretak (KF) eller ei kommunal



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

eining (KE). Fleirtalet i utvalet (4) meiner at ut frå ei heilskapsvurdering og med hovudvekt på kriteria effektiv, høg kvalitet, økonomisk berekraftig og framtidsretta, vil det vera mest formålstenleg at denne viktige delen av den kommunale verksemda vert som eit kommunalt føretak (KF). Føretaket får namnet **Øygarden eigedomsforvaltning KF**. Mindretalet (1) ved Egil Haaland meiner den beste modellen er kommunal drift i ei eining **KE**.

5.2.4 Forvaltning av næringseigedom

Når det gjeld utvikling av næringseigedomar for Nye Øygarden kommune, syner kriteria score totalt at det vil vera mest tenleg at dette vert forvalta gjennom eit AS. Legg ein til grunn vektinga og score frå dei utvalde kriteria finn ein at eit KF vil vera like tenleg. Under finn ein nokre vurderingar frå arbeidet Deloitte har gjort for Asker kommune i samband med kommunesamanslåing mellom Asker, Hurum og Røyken kommunar.

Næringseigedomar det her kan vera snakk om er i selskapa CCB Kollsnes, Naturgassparken Vest AS, kommunale kaiar og næringseigedomar elles i dei tre kommunane.

«Økonomi er et kriterium som det er knyttet noe usikkerhet til og her taler ulike momenter for ulike måter å organisere eiendomsfunksjonen. Et viktig moment er at kommunen bør unngå at eiendommer eies av et kommunalt aksjeselskap fordi kommunen kan risikere en potensiell *fremtidig skattekostnad* ved realisasjon av eiendommene eller ved avvikling av et aksjeselskap som eier eiendom. Dette kan løses ved at kommunen selv eier tomter og formålsbygg, mens utvikling, drift og vedlikehold håndteres av aksjeselskapet dersom kommunen skulle velge å organisere eiendomsfunksjonen som et aksjeselskap.

Tatt fra Asker konklusjon:

I sum er det fordeler og ulemper med de ulike eierformene knyttet til økonomi. Det konkluderes med at de potensielt positive effektene for kommuneøkonomien ved å drive med aktiv eiendomsutvikling er avgjørende for at vi mener at kommunen bør ha et aksjeselskap som skal drive med aktiv eiendomsutvikling, men at det samtidig vil være mulig å plassere utvikling, drift og vedlikehold av kommunens egne eiendommer i en etat eller et kommunalt foretak.»

Utvalet rår difor til at det vert danna eit eige selskap som skal driva med æringseigedomsutvikling og andre strategiske eigedomsoppkjøp og sal. Utvalet meiner den beste selskapsforma er aksjeselskap. Dette vil vera eit selskap som skal konkurrera i den opne marknaden. Namnet kan vera **Øygarden næringseigedom AS**.

5.2.5 Næringsutvikling

Den nye Øygarden kommune har gjennom intensjonsavtalen tydeleggjort at ein vil vera eit fyrstårn i høve til næringsutvikling og har dette som eitt av sine hovudsatsingsområde.

I intensjonsavtalen, kapittel 3, Overordna mål, står det følgjande:



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Den nye kommunen skal vera eit regionalt og nasjonalt fyrtårn innan teknologi, energi og marine næringar.

I tillegg står det følgjande i kapittel 9, Samfunnsutvikling:

Den nye kommunen skal vera ein framtidretta, nyskapande og heilskapleg næringskommune med høg kompetanse.

Når det gjeld utvikling av næringseigedomar for Nye Øygarden kommune, syner kriteriascore totalt at det vil vera mest tenleg at dette vert forvalta gjennom eit AS. Legg ein til grunnvektinga og score frå dei utvalde kriteria finn ein at eit KF vil vera like tenleg.

Utvalet landar på ein modell der Nye Øygarden kommune opprettar eit næring- og utviklingsselskap. Utvalet tenkjer seg selskapet organisert som eit AS der kommunen går inn som majoritetseigar saman med andre private og eventuelt offentlege aktørar. Utvalet foreslår at namnet kan vera **Øygarden næring- og utvikling AS**. Selskapet er tenkt til å fungera som Nye Øygarden kommune si næringseining. Dette er den same modellen som blant anna Mo i Rana har. Utvalet ser for seg at Etablerarsenteret og Grunderparken Vest vert del av selskapet sin portefølje. Gode Sirklar sitt næringsengasjement og prosjekt vert ivareteke av dette selskapet.



Modellen er ein forretningsmodell bygd på ein samhandlingsmodell mellom fleire aktørar, som alle er nødvendige i ein levande og framtidig Øygarden kommune. Utvalet tenkjer seg kommunen som majoritetseigar i selskapet men med fleire viktige aktørar på eigarsida.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Utvalet er samd i at ein slik modell er framtidsretta og vil vera med å byggja kultur for samhandling mellom privat næringsliv, kommunal, regional og statleg forvaltning og kommunalt politisk nivå. Utvalet er samstemt i at modellen er så spanande at me vil føreslå at denne modellen vert vald.

Utvalet meiner at modellen slik den er omtalt i rapporten vil vera den beste. Dette vil gje ein mogelegheit til å involvera andre nødvendige aktørar på ein mest mogeleg bindande måte. Eit AS vil opna for eit felles eigarskap i eit slikt selskap. Utvalet meiner at kommunen må vera majoritetseigar i selskapet. Selskapet vert ein paraplyorganisasjon for næringsutvikling.


5.2.6 Brann og redning

Basert på score frå kriteria og vekting av kriteria meiner utvalet at brann, beredskap og redningstenesta i Nye Øygarden kommune må organiserast som eit KF eller alternativt gå inn i ei kommunal eining KE. Utvalet meiner at begge modeller vil fungera. Det einaste utvalet set eit lite spørsmålsteikn ved, er om det er klokt at brann- og redningseininga skal føra tilsyn med kommunen sine egne bygg, og om dette ville vore problematisk. Utvalet legg til grunn at ein finn løysingar på problemstillinga.

Kva FN (fellesnemnda) landar på er meir eit spørsmål om kva forventa effektar ein vektlegg mest. Til dømes eining(ar) under ein felles kommunal administrativ leiar. Dette er meir eit strategisk val for korleis ein vil rigga den nye kommunen administrativt og kva politikarane ynskjer.

6 Oversikt eigarskap og interesseorganisasjonar.

Figuren under syner ulike selskapsformer etter aukande grad av sjølvstende.



Kartlegginga viser at dei tre kommunane nyttar desse selskapsformene:

- Kommunale aksjeselskap (AS)
- Interkommunale aksjeselskap (AS)
- Kommunale føretak (KF)
- Interkommunalt samarbeid (IKS)
- Samvirkeføretak (SA)
- Stifting (ST)



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

6.1 Selskapsoversikt tabell

Selskapsform	Fjell	Sund	Øygarden	Sum
Aksjeselskap (eigen lov)	8	7	9	24
Interkommunale selskap (eigen lov)	5	5	3	13
Kommunalt føretak (kommunelova)	0	1	0	1
Interkommunalt samarbeid (kommunelova)	6	7	7	20
Stifting (eigen lov)	5	6	3	14
Samvirkeføretak (eigen lov)	2	1	2	5
Andre (diverse)	8	7	11	26
TOTALT	34	34	35	103

Totalt syner figuren at dei tre kommunane har høvesvis 34, 34 og 35 eigarskaps- og interessekonstellasjonar – til saman 103. Om me ser før oss alle «samsvarande selskap» vil porteføljen kunna reduserast med nesten to tredjedelar. I rapporten vert selskap føreslått nedlagt, slegne saman samt oppretting av nye. Dette vil gå fram i dei påfølgjande kapitla og under tabellen i oppsummeringa, kapittel 13.

7 Aksjeselskap (AS)

Det er aksjelova som regulerer området. Aksjeselskap er aktuelt å nytta der det vert vurdert som tenleg for å løysa forvaltningsmessige oppgåver og for å løysa oppgåver av heil eller delvis forretningsmessig karakter. I selskap som skal driva forvaltning på vegner av kommunen, skal kommunen (kommunane) som hovudregel eiga 100 % av aksjane. Kommunestyret skal sjå til at aksjeselskapa har vedtekter som gjer klart greie for kva selskapet sine forretningsmessige rammer skal vera. Lenkje: [Aksjelova](#)

7.1 Vurderingar og oppsummering

Fjell	Sund	Øygarden	Nye Øygarden	Oppsummering
Bergen og Omland Hamn AS	Bergen og Omland Hamn AS	Bergen og Omland Hamn AS	Bergen og Omland Hamn AS	Som før. Viktig selskap for å oppretthalda kommunane sine lovkrav relatert til kystovervaking.
BKK AS	BKK AS	BKK AS	BKK AS	Som før. Den nye kommunen vert ein sterkare eigar enn tidlegare grunna større andel. Viktig aktør der kommunen bør vera med å spela ei rolle
Gode Sirklar AS	Gode Sirklar AS	Gode Sirklar AS	Selskapet vert endra	Avviklar kommunal medverknad. Vert del av Øygarden næring- og utvikling AS



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Trigger Jobb AS	Trigger Jobb AS	Trigger Jobb AS		Utvalet foreslår å vurdere dette som eige selskap i Øygarden kommune.
	Norsk Bane AS			Selja ut aksjepost.
		Naturgassparken Vest AS		Overdra aksjepost til Øygarden næringsseidom AS.
Sambandet Sotra Øygarden Bergen AS			Sambandet Sotra Øygarden Bergen AS	Selskapet er avvikla.
		Scalpro AS		Selja ut post.
FjellVAR AS:	Sund VA AS		FjellVAR/ Øyvar	Felles VAR-selskap (AS)
	BIR AS			Kan alternativt veljast som renovasjonsløyising for Nye Øygarden kommune. Me får då eit FjellVA AS.
Sambygg AS				Inn som del av porteføljen til Øygarden næringsseidom AS
		TIDE ASA		Selja aksjepost
		CCB Kollsnes AS		Overdra aksjepost til Øygarden næringsseidom AS
Straume Idrettspark AS				Tilråda avvikla

7.2 Utfyllande kommentarar om aksjeselskap (AS):

7.2.1 Bergen og Omland Hamn AS:

Nytt felles hamne- og kystberedskapsselskap, oppretta av fleire kommunar i 2016. Selskapet skal erstatta mange av oppgåvene til Bergen og Omland Havnevesen. Eigarskapsbrøkar frå kvar kommune vert slegne saman i den nye kommunen slik at Nye Øygarden kommune no samla får ein større eigarandel i selskapet. Noverande eigarandelar: Fjell 11%, Sund 1 % og Øygarden 8 %.

«Selskapet skal ivareta og samordne havneoppgaver i eierkommunenens havnefarvann. Selskapet skal arbeide for å utvikle havnene i regionen som attraktive havner i regional, nasjonal og internasjonal samanheng. Selskapet skal fremme sjøveistransport av personer og gods som en effektiv, miljøvennlig og fremtidsrettet kommunikasjonsform, og legge til rette for effektiv samhandling med andre transportformer. Havneanlegg og arealer skal disponeres og utvikles med sikte på en best mulig ressursutnyttelse. Selskapet skal videre kunne engasjere seg i andre former for havnetilknyttet virksomhet, herunder samferdsels spørsmål og næringsutvikling som innenfor samarbeidsområdet finnes hensiktsmessig og økonomisk fordelaktig for det næringsliv havnene skal tjene og dermed også for selskapet.»



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Utvalet foreslår: at selskapet vert oppretthalde som no med ein samla større eigarandel i Nye Øygarden kommune. Lenkje [Bergen havn](#)

7.2.2 BKK AS:

Produksjon, overføring, distribusjon og omsetning av energi samt anna verksemd knytt til desse områda. Verksemda kan også drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre foretak med tilsvarande eller liknande føremål. Noverande eigardel: Fjell 1,89 %, Sund 1,02 % og Øygarden 0,52 %. Lenkje: [BKK AS](#)

Strategisk eigarskap i den lokale nettleverandøren for elektrisitet i regionen.

Utvalet foreslår: at eigarskapsbrøkar frå kvar kommune vert slegen saman i den nye kommunen slik at Nye Øygarden kommune no samla får ein større eigardel i selskapet.

7.2.3 Gode Sirklar AS:

«Selskapet skal vera med på å utvikla region vest (Nye Øygarden kommune) til eit attraktivt område med nasjonal og internasjonal næringsverksemd innan marin og maritim verksemd, energi olje og gass samt reiseliv. Regionen sine verdiar og kultur skal prega utviklinga. Kultur og utvikling av kultur skal dessutan nyttast som verkemiddel for innovasjon og regional satsting.»

Gjennom Gode Sirklar AS går Sund, Fjell og Øygarden opp nye vegar for å tilføra regionen forskingsbasert kunnskap og kompetanse på internasjonalt nivå. Hovudsatsingsområde: næringsutvikling, utdanning og stadutvikling. Noverande eigarskap: Fjell kommune 50%, Sund og Øygarden 25 % kvar.

Kommunane eig og legg rammene, medan SINTEF har ansvar for utvikling og drift av selskapet. Samarbeidet er formalisert gjennom ein partnerskapsavtale mellom SINTEF og dei tre kommunane.

Verksemda er karakterisert av initiering og gjennomføring av utviklingsprosjekt. Den viktigaste oppgåva til selskapet er å kopla utdanning- og forskingsinstitusjonar til vårt regionale næring- og samfunnsliv. SINTEF skal tilføra selskapet forskingsbasert kompetanse frå eigen verksemd og andre FOU-miljø.

Utvalet meiner det vert nødvendig at dei kommunale einingane sjølv tek alt ansvar for utvikling og forbetring av tenester innan eigne fagområde. Utvalet legg til grunn at organisering av kommunen vert framtidretta og organisert på ein måte som gjer at det vert samhandling mellom fagområde på ein annan måte enn det som ein har i dagens etablerte struktur. Lenkje: [Gode Sirklar AS](#)

Utvalet foreslår difor at selskapet Gode Sirklar vert endra. Utvalet meiner at det nye selskapet Øygarden næring og utvikling AS får ansvar for å vera bindeleddet mellom kommunen og næringsliv. Andre prosjekterelaterte oppgåver innan dei andre einingane som i dag er del av



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Gode Sirklar, vert avslutta eller teken inn som del av dei kommunale fageiningane sine oppgåver. Prosjekt oppgåver relatert til næring inngår som del av oppgåvene til Øygarden næring og utvikling AS.

7.2.4 Trigger Jobb AS

Dette er eit selskap som Øygarden (1,7%), Fjell (7,0%) og Sund (4,4%) eig saman med Askøy kommune. Askøy kommune er største aksjonær. Hovudkontoret ligg i Bakarvågen på Askøy. Trigger Jobb AS er ei arbeidsmarknadsbedrift som tilbyr følgjande tiltak: varig tillagt arbeid (VTA), arbeidsførebuande trening (AFT), oppfølgingstiltak og avklaringstiltak. Eit rammeverk med antal disponible antal plassar i kvar kategori ligg til grunn.

Vedtektsfesta føremål: «Gjennom fabrikasjon og annen virksomhet skape sysselsetting for yrkes-hemmede». Dei fleste aktivitetar knytt til verksemda ligg på Askøy. Ei avdeling (Avd Vest) ligg på Straume. Kommunane Fjell, Sund og Øygarden har ein representant kvar i styret. Ordførarane frå dei tre kommunane møter på den årlege generalforsamlinga som eigar-representantar. Lenkje: [Trigger AS](#)

Utvalet foreslår :Dette er eit selskap skal ivareta og organisera eit kommunalt samfunns-ansvar for yrkeshemma. NØK får eit innbyggjartal på omlag 40.000. Askøy, der hovudtynga av Trigger si verksemd er lagt til i dag, har i underkant av 30.000 innbyggjarar. Selskapet skal samarbeida tett med næringslivet. Utvalet foreslår at Nye Øygarden kommune vurderer å byggje opp eit eige selskap. Alternativt må Trigger endra sitt geografiske tyngdepunkt og Nye Øygarden kommune må få eit større eigarskap enn det dei tre kommunane har i dag.

7.2.5 Norsk Bane AS

Selskapet har til føremål å planleggje og realisera eit høgfarbtsbanenett i Noreg og gjennomføre dei tiltaka som synes nødvendige for å kunne oppnå dette. Høgfarbtsbana over Haukeli er eit nøkkelelement. Selskapet kan selja jernbanefagleg kompetanse. Sund kommune har ein aksjepost på 0,1 %. Lenkje: [Norsk bane As](#)

Utvalet foreslår at aksjeposten vert seld.

7.2.6 Naturgassparken Vest AS

Utvikling og drift av næringsområdet på Ljøsnesbukta i Øygarden samt alt som står i forbindelse med dette. Øygarden kommune har ein eigardel på 50 % og Cost Center Base AS 50 %. CCB har overteke driftinga av kai på vegner av Øygarden kommune. Lenkje: [CCB Kollsnes AS](#).

Utvalet foreslår at kommunen bør overdra aksjeposten til Øygarden næringsseigedom AS.

7.2.7 Sambandet Sotra, Øygarden, Bergen AS

Selskapet har no oppfylt sin funksjon og er avvikla.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

7.2.8 Scalpro AS

Produksjon og sal av skjelyngel og tenester. Selskapet er lokalsert til Ulvsundet i Øygarden. Selskapet har etablert seg som eit solid selskap. Det er ikkje noko som tilseier at Øygarden kommune skal eller bør ha eigarinteresser i eit reint kommersielt selskap. Øygarden kommune har ein aksjepost på 0,21% av porteføljen. Lenkje: [Scalpro AS](#)

Utvalet foreslår at aksjepost vert seld. Liten aksjepost og ein ser ikkje noko grunn for at Nye Øygarden kommune skal ha aksjepost i selskapet.

7.2.9 FjellVAR AS

Føremål: Forvaltning, planlegging, utbygging og drift av vatn- og avløpsanlegg i Fjell kommune, samt anna verksemd knytt til desse områda. Vidare har selskapet ansvar for innsamling og gjenvinning av avfall. Selskapet er 100 % eigd av Fjell kommune. Øygarden kommune har som siktemål å koma til ein samarbeidsavtale om drift av tekniske tenester med FjellVAR i løpet våren 2018.

FjellVAR AS hevdar dei er den fremste næringsmiddel- og miljøbedrifta i Fjell kommune. 30 tilsette sørger for å levera drikkevatt av svært god kvalitet, og dei tek hand om avløpsvatnet og reinsar dette. Dei sørger dessutan for tømning av private slamavskiljarar og samlar inn og legg til rette for gjenbruk av avfall. FjellVAR byggjer ut nye anlegg for vassforsyning og avløpshandtering. Heile aktiviteten blir finansiert gjennom vass-, avløps- og renovasjons-gebyra. I 2016 var omsetninga 110 millionar kroner og driftsresultatet 19,7 mill. Lenkje: [FjellVAR AS](#)

Utvalet foreslår: Eit nytt selskap vert danna, ØyVAR, der FjellVAR og Sund VA vert fusjonert inn saman med eidedelar frå noverande Øygarden kommune. Alternativt for renovasjon, sjå kap. 5.2.1, 5.2.2 og 6.2.15.

7.2.10 Sund vatn og avlaup AS

Sund vatn og avlaup AS er eit aksjeselskap som står for drift, utbygging og vedlikehald av dei offentlege vass- og avlaupsanlegga i Sund kommune og andre oppgåver som heng saman med dette. Selskapet hadde i 2016 ei omsetning på 29,8 mill eit driftsresultat på 4,2 mill. Selskapet har 9 tilsette. Selskapet legg stor vekt på kvalitet i sine anlegg. Mellom anna har Sund VA bygd kommunale vegar og stått for trafikksikringstiltak. I 2015 vart drikkevattnet frå Kørelen kåra til landets beste. Lenkje: [Sund VA AS](#).

Utvalet foreslår: Eit nytt selskap vert danna, ØyVAR, der FjellVAR og Sund VA vert fusjonert inn saman med eidedelar frå noverande Øygarden kommune. Alternativt for renovasjon, sjå kap. 5.2.1, 5.2.2 og 6.2.15.

7.2.11 Sambygg AS

Sambygg AS er eit eiedomsselskap eigd av Fjell kommune (80 %) og KS Coast Center Base (20%). Selskapet, som har si forretningsadresse på Ågotnes i Fjell kommune, har som føremål å eiga og forvalta eigedom på gnr 27, bnr 512, samt å forvalta eventuelle andre eigedomar i



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Fjell kommune. Selskapet sine eigarar har sidan oppstart også vore dei einaste leigetakarane til selskapet og det er difor avtalt at selskapet skal drivast på såkalla «ikkje fortenestebasert basis». Drift og forvaltning av selskapet vert utført av CCB AS.

Utvalet foreslår at aksjeposten vert innlemma i Øygarden Næringsseigedom AS.

7.2.12 Tide ASA

Selskapet har som føremål å driva transport- og reiseverksemd, og anna tilknytta verksemd. Øygarden kommunen har eigardel i aksjar på 0,4 % og har representasjon sett på generalforsamlinga. Lenkje: [Tide AS](#)

Utvalet foreslår at kommunen bør vurderer å selja ut aksjeposten. Liten aksjepost.

7.2.13 CCB Kollsnes AS

Føremål: Utvikling og drift av næringsområde i Øygarden kommune, «samt alt som står i forbindelse med dette». Øygarden kommune har ein aksjepost på 9,6 %, Naturgassparken Vest AS 30,4 % og CCB 60 %. Lenkje: [CCB Kollsnes AS](#)

Utvalet foreslår at kommunen bør overdra posten til Øygarden næringsseigedom AS.

7.2.14 Straume Idrettspark AS

Selskapet har som føremål å utvikla idrettsanlegg i Straume Idrettspark. Fjell kommune har 34 % aksjeandelen i selskapet. Det er per i dag ingen aktivitet i selskapet.

Utvalet foreslår at selskapet vert avvikla.

7.2.15 BIR AS

BIR AS (Bergen interkommunale renovasjonsselskap) er eit av Noregs største renovasjonsselskap, og er ansvarleg for avfallshandteringa til 340.000 innbyggjarar i BIR sine ni eigarkommunar. Selskapet tilbyr også avfallsløysingar for næringslivet. Hausten 2017 har kommunane Øygarden og Fjell inngått avtale med BIR om avfallshenting. Sund kommune er medeigar med ein andel på 1,83 %. Lenkje: [BIR AS](#)

I kap 5.2.2 står det:

«Utvalet sine vurderingar relatert til eigarskap og modell for renovasjon, viser at totalvurderinga heller mot at dette vert lagt inn under ØyVAR. Ser ein på kriteria som utvalet meiner bør vektast mest, så er ei løysing eit selskap (der kommunen har deleigarskap (BIR)) handterer denne tenesta som får høgast score. Det er difor ikkje noko fasitsvar på kva som er den beste løysinga. Dersom ein vektlegg demokratisk kontroll vil eit ØyVAR vera den føretrekte løysinga. Dersom ein er ute etter stordriftsfordelar, innovasjon, reindyrking av eit fag, vil BIR si løysing vera å føretrekka. Ei stor uløyst oppgåve er å sjå på økonomiske konsekvensar knytt til overføring av egedelar frå det eine eller det andre selskapet. Dette har ikkje utvalet gjort og må takast omsyn til i det vidare arbeidet.»



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

8 Interkommunale selskap (IKS)

8.1 Vurderingar og oppsummering

Selskapsforma er mest aktuell der økonomisk utbytte av drifta ikkje er eit mål.

Fjell	Sund	Øygarden	Nye øygarden	Oppsummering
Bergen og Omland Havnevesen	Bergen og Omland Havnevesen	Bergen og Omland Havnevesen	Bergen og Omland Havnevesen	Som før grunna drift av hamne og kystberedskap
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS		Som før. Ivaretar viktige funksjonar som elles måtte «in sources»
Øygarden brann og redning (ØBR)	Øygarden brann og redning (ØBR)	Øygarden brann og redning (ØBR)	Øygarden brann og redning (ØBR)	Blir eit nytt kommunalt foretak i NØK eller eiga eining
Sotra Brannvern IKS (vert avvikla)	Sotra Brannvern IKS (vert avvikla)			Utgår. Vert erstatta av ØBR (Sjå over)
Driftassistansen i Hordaland - vann og avløp IKS	Driftassistansen i Hordaland - vann og avløp IKS	Driftassistansen i Hordaland - vann og avløp IKS	Driftassistansen i Hordaland - vann og avløp IKS	Vert vidareført

8.2 Utfyllande kommentarar om IKS

Denne selskapsforma er heimla gjennom eigen lov «Lov om interkommunale selskaper» Paragraf 1 lyder : «Loven gjelder for interkommunalt selskap. Med interkommunalt selskap menes et selskap hvor alle deltakerne er kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper. Loven gjelder likevel ikke for selskap hvor samtlige deltakere har et begrenset ansvar for selskapsforpliktelsene». Lenkje: [Lov om interkommunale selskap](#)

8.2.1 Bergen og Omland Havnevesen

Bergen og Omland havnevesen er ei interkommunal bedrift som består av medlemskommunane Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Lindås, Meland, Os, Radøy, Sund og Øygarden kommunar. Bergen og Omland havnevesen er organisert med havnerådet som øverste organ, og eit hamnestyre.

De viktigaste oppgåvene til Bergen og Omland havnevesen er å fremja sjøtransporten og å ivareta forvaltningsmessige oppgåver etter «havne- og farvannsloven». BOH skal også ivareta både kundane, eigarane og samfunnet sine interesser i utviklinga av hamna. Lenkje: [Bergen hamn](#)

Utvalet foreslår at eigarskapen gjennom Nye Øygarden kommune held fram som før.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

8.2.2 Interkommunalt arkiv i Hordaland

«Selskapet sitt føremål er å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentlig verksemd, forskning og andre administrativ og kulturelle føremål, jamfør lov om arkiv § 6.» Lenkje: [Interkommunalt arkiv Hordaland](#)

Utvalet foreslår at samarbeidet held fram som før.

8.2.3 Øygarden brann og redning IKS

Selskapet skal ivareta kommunane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i eigarstrategien for selskapet og lov og forskrift vedkomande brann- og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, samt feing og tilsyn – i tillegg til å styrkja beredskapen. Fjell har 64% og Sund og Øygarden 18 % kvar av eigardelane i selskapet.

Øygarden brann og redning vert bygd opp som eit sterkt og kompetent kommunalt føretak (KF). Det ligg fleire store olje- og gassrelaterte verksemdar i den nye kommunen (Kollsnes, Sture og CCB Ågotnes.). Nye Øygarden kommune har også ei betydeleg oppdrettsnæring der akutt forureiningar til sjøs kan få store konsekvensar. Kommunen har vidare ei lang kystline med sårbar natur. Marine næringar og etableringar er satsingsområde. Øygarden brann- og redning (ØBR) må såleis bli rusta til å møte behova og utfordringane til den nye kommunen knytt til beredskap og akutt forureining. Lenkje: [Øygarden brann og redning IKS](#)

Utvalet foreslår at dette samarbeidet (IKS) vert omgjort til eit kommunalt føretak (KF) når det nye kommunen vert etablert og får namnet Øygarden brann og redning (ØBR), eller som ei eining (KE).. Dersom fellesnemnda (FN) vel å organisera ØBR som ei eining (KE), ser utvalet det som spanande å vurdere om det er synergjar mellom ØBR og Sotra legevakt (totalitet med helse, beredskap, brann og redning).

8.2.4 Driftsassistansen i Hordaland vann og avløp

DIHVA, driftsassistanse i Hordaland for vatn og avlaup som er eigd av 30 kommunar. Kvar kommune har ein representant med eit kompetansesenter for vatn- og avløpstenester. Selskapet utføra og formidla tenester og produkt, slik som driftsassistanse eller driftsansvar. Fjell og Sund er medlemmar i selskapet. Øygarden har tidlegare vore med. Lenkje: [Driftsassistansen i Hordaland vann og avløp IKS](#)

Utvalet foreslår : Held fram som før.



9 Kommunale føretak (KF)

9.1 Vurderingar og oppsummering

Fjell	Sund	Øygarden	Nye Øygarden	Vurderingar
Ingen	Sund Eigedomsutvikling KF	Ingen		Vert avvikla. Inngår i Øygarden eigedomsforvaltning KF

9.2 Utfyllande kommentarar om kommunale føretak (KF)

Kommunalt føretak vert som regel nytta i samband med oppgåver som inneber både samfunnsmessige og forretningsmessige omsyn. I hovudsak vert kommunalt føretak nytta i forretningsdrift som normalt ikkje er i konkurranse med private leverandørar. Kommunestyret skal sjå til at godkjende vedtekter fastset oppgåvene og rammene for drift av føretaket. Kommunalt føretak (KF) er heimla i kommunelova sin § 62. Lenkje: [Kommunelova](#)

9.2.1 Sund Eigedomsutvikling KF

Kommunalt føretak (KF) med føremål etablering av utleigebustader, forvaltning, drift og vedlikehald av dette. Det er vedtekne eigne vedtekter for føretaket. I § 4 «Føremål og verksemdsområde» i vedtektene heiter det:

«Verksemda sitt føremål er å stå for utbygging, innkjøp, utleige, drift, vedlikehald og ev. sal av kommunale bustader, samt anna verksemd i tilknytning til dette. Verksemda står også for formidling og drift av utleigebustader som er i Sund kommune si eige. Bustadsosial handlingsplan ligg til grunn for føretaket si verksemd.»

Lenkje: [Sund kommune](#)

Utvalet føreslår at Sund Eigedomsutvikling KF inngår som ein del av det nyoppretta Øygarden Eigedomsforvaltning KF.

10 Interkommunalt samarbeid

10.1 Vurderingar og oppsummering

Fjell	Sund	Øygarden	Nye øygarden	Oppsummering
Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen og Omland Friluftsråd		Som før. Regionen sitt organ for ivaretaking av friluftsområda i Nye øygarden
Etablerarsenteret	Etablerarsenteret	Etablerarsenteret		Overført til Øygarden



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

				næring og utvikling AS
Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor	Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor	Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor		Vert eitt kontor, Øygarden kemnerkontor
IUA Bergen	IUA Bergen	IUA Bergen		Vidareført
Sotra legevakt: Fjell kommune helse	Sotra legevakt: Fjell kommune helse	Sotra legevakt: Fjell kommune helse		Felles legevakt som no. Øygarden legevakt
Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval	Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval	Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval		Vert nedlagt
Gründerparken Vest	Gründerparken Vest	Gründerparken Vest		Overført til Øygarden næring og utvikling AS
	Invest In Bergen	Invest In Bergen		Held fram

10.2 Utfyllande kommentarar om interkommunalt samarbeid

Dei andre deltakarane i samarbeidet refunderer utgifter etter ei fordeling som er fastsett i samarbeidsavtala. Ofte vert det oppretta eit rådgjevande organ med deltakarar frå samarbeidskommunane for å fylgja verksemda etter denne modellen. Rådet har ikkje styringsrett. Interkommunalt samarbeid er heimla i kommunelova sin § 27. Lenkje:

[Kommunelova](#)

10.2.1 Bergen og Omland Friluftsråd

«Friluftsrådets oppgave er i samarbeid med deltagerkommunene, offentlige eininger på ulike nivå og interesserte organisasjoner å arbeide for: Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområder av forskjellige slag til allment bruk. Større forståelse for friluftslivets betydning, bedre friluftskultur og utbredelse av friluftsliv.» Lenkje: [Bergen og omland friluftsråd](#)

Utvalet foreslår at samarbeidet held fram som før.

10.2.2 Etablerarsenteret

Dette er eit rettleiingstilbod til dei som treng ekstra hjelp til å koma i gang med forretningsidé eller vidareutvikla ein allereie etablert bedrift. Fjell kommune deltek i eit økonomisk samarbeid med andre kommunar og Hordaland fylkeskommune om Etablerarsenteret som er det offentlege fellestilbodet til gründerar i Hordaland. Senteret vart i 2017 ein del av Hordaland fylkeskommune og held til i Bergen sentrum. Dei tilbyr etablerlarkurs, rettleiing, nettverkstreff og andre innføringar i gründerverda, både på norsk og engelsk. Lenkje:



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

[Fjell kommune- næringsliv og grunder](#)

Utvalet foreslår: Overført til Øygarden næring og utvikling AS.

10.2.3 Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor

«Formålet med skiping av eininga er at dei tre deltakarkommunane skal løysa sine oppgåver knytt til skatteoppkrevjing og innkrevjing av kommunale krav etter pantelova § 6-1. Den einskilde kommune skal framleis utføra ordinære oppgåver knytt til eigedomsskatt og kommunale krav inntil det må setjast i verk tvangsinnkrevjing.»

Lenkje: [Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor](#)

Utvalet foreslår at Formålet blir det same, men etter 2020 blir det «Nye Øygarden kemnerkontor». Dette vert organisert som ein del av drifta, og avtalen om interkommunalt samarbeid fell då bort.

10.2.4 IUA Bergen region

Bergen kommune er vertskommune for IUA Bergen region (interkommunalt utval mot akutt forureining) som består av 3 kommunar i Sogn og Fjordane og 23 kommunar i Hordaland. IUA Bergen region ivaretek deltakarkommunane sin lovfesta plikt til å ha ein interkommunal beredskap mot akutt forureining. Vidare skal vertskommunen vera eit kompetansesenter for regionen, og skal kunne gje faglige råd om beredskap til deltakarkommunane og yte bistand også ved kommunale aksjonar mot akutt forureining.

2017 vedtok kommunane Fjell, Sund og Øygarden å inngå som medlem i Vest brann- og redningsregion. Det er eit § 27 samarbeid (kommunelova) og det første årsmøtet er sett til april 2018. Vest brann- og redningsregion vil ha ansvar for følgjande fagområde: brannførebyggande arbeid, brann- og redningsberedskap, beredskap mot akutt forureining (IUA) og nødmeldetetenesta (110-sentral).

Sjå elles punkt 7.2.3. Lenke: [IUA Bergen region](#)

Utvalet konstaterer at samarbeidet må halda fram då dette er eit lovfesta pliktsamarbeid som ikkje kan endrast. Samstundes må ØBR kunna få utvikla sin kompetanse på akutt forureining. I tillegg må ØBR kunna disponera tilfredsstillande utstyr til bruk i akutte situasjonar.

10.2.5 Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval

Dette var ei klagenemnd som skulle ivareta kvar kommune sine rettar og interesser ved ein eventuell tvist eller konflikt. Kvar kommune utgjorde ein part.

Utvalet konstaterer at klagenemnda må leggjast ned. Ikkje behov for klagenemnda lenger då alt vert samla i ein kommune. Sjå elles punkta 10.2.3.



10.2.6 Gründerparken Vest

Saman med Vest Næringsråd, Gode Sirklar, Sartor Storsenter og kommunane Fjell, Sund og Øygarden, vart Gründerparken Vest opna i mars 2017. Gründerparken Vest er eit kontor-fellesskap i **Straume sentrum** som er utvikla for gründerar og små nystarta verksemder. Her får gründerar tilgang til kontorplass tilpassa sitt behov, få disponera møterom, kjøken og få eit fellesskap med andre som er i same situasjon. Dette kan gje gründeren inspirasjon og energi, nettverk og nyttige tips. Lenkje: [Vest næringsråd - gründerparken](#)

Det er eit overordna mål av tiltaket skal vera sjølvdrive frå før 2020.

Utvalet føreslår at Gründerparken Vest vert overført til Øygarden næring og utvikling AS.

10.2.7 Invest In Bergen

Invest In Bergen er den offisielle organisasjonen for investeringar i Stor-Bergen. Dei hjelper etablerarar å finne forretningsmoglegheiter i regionen og støtter internasjonale og nasjonale selskap å busetja seg i bergensområdet og i Hordaland. Tenestene deira er gratis. Viss ein ønskjer å etablere eit selskap i bergensområdet vil dei hjelpe til frå tidleg start til endeleg etablering. Invest In Bergen har eit godt nettverk i regionen, og har tilgang til viktige bransjar og næringsklynger. Dei har kunnskap om industrielle og kommersielle område i fylket, og kan vere ein guide til å finne riktig område for ny verksemd. Invest In Bergen er finansiert av Hordaland fylkeskommune og 15 omkring liggjande kommunar (m.a. Øygarden) Lenkje: [Invest in Bergen](#)

Utvalet føreslår: Samarbeidet held fram som før.

11 Stifting

11.1 Vurderingar og oppsummering

Fjell	Sund	Øygarden	Nye øygarden	Oppsummering
Stiftinga Museum Vest	Stiftinga Museum Vest	Stiftinga Museum Vest	Stiftinga Museum Vest	Som før.
Stiftinga Kystsogevøkene	Stiftinga Kystsogevøkene	Stiftinga Kystsogevøkene		Som før
Fjell Bustadstifting				Som før (så lenge lovverket ikkje opnar for å gjera noko med dette)
	Stiftinga Johannes Kleppevik sitt Minnefond			Som før
		Kystmuseet i Øygarden		Som før
Roald Tellnes				Vert avvikla



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Kunstsamling (under avvikling)				
	Stiftinga Marstein Fyr			Som før
Stiftinga Fjell festning				Som før
	Stiftinga Nordsjøfartsmuseet i Tælavåg			Som før
	Stiftinga Trellevik Kystkultursenter			Som før

11.2 Utfyllande kommentarar om stiftingar

Utvalet foreslår at dei tre eigarstiftingane – Kystmuseet i Øygarden, Fjell Festning og Nordsjøfartsmuseet - får ein felles vald styrerepresentasjon frå den nye kommunen. Utvalet vil grunngje dette med at ein kan sameina betre og på ein god måte formidla kompetanseoverføring mellom musea. Dermed kunna utvikla og fornya museumsdrifta.

Stifting vert ofte nytta som organisasjonsform for verksemder av ikkje-økonomisk karakter, spesielt med eit sosialt eller kulturelt føremål. Verksemda er regulert gjennom eiga lov, stiftelsesloven. Eit eige statleg organ fører tilsyn med stiftingane. Lenkje: [Stiftingslova](#)
Sjå elles innleiande kommentarar i kap. 4 over.

11.2.1 Stiftinga Museum Vest

Stiftinga Museum Vest omfattar Norges Fiskerimuseum, Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene, Kystmuseet i Øygarden, Herdla Museum, Nordsjøfartsmuseet, Fjell festning og Bjørn West Museet. Styret for Museum Vest er samansett av representantar frå dei ulike avdelingane (kommunane). Samtidig har avdelingane eit eige eigarstyre, noko som er ein konsekvens av at det er driftsansvaret som er overført Museum Vest, medan eigedomsretten til bygningar og samlingar framleis ligg hos dei opprinnelege eigarane (kommunen eller ei eigarstifting).

«Stiftelsen Museum Vest skal tene samfunnets og dets utvikling og skal være åpent for publikum. Museet skal samle inn, forske i, formidle og stille ut materielle vitnesbyrd om menneskets og dets omgivelser i studie- og utdanningsformål og følge ICOM's museumsetiske regelverk.» Dei tre store musea i Fjell, Sund og Øygarden har såleis ein konsolidert driftsmodell som står seg godt etter dagens behov og utfordringar.

Lenkje: [Museum vest](#). Museum Vest ligg utanfor utvalet sitt tilrådingsmynde.

11.2.2 Stiftinga Kystsogevekene

Stiftinga Kystsogevekene er eit samarbeid mellom 22 kystkommunar i Hordaland og Gulen og Hordaland Fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune er Stiftinga Kystsogevekene sin



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

viktigaste økonomiske støttespelar. Stiftinga Kystsogevøkene er ei ikkje-næringsdrivande stifting med føremål å stimulera og virke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod og koordinering av årlege Kystsogevøker i Hordaland og Gulen.

Lenkje: [Kystsogevøkene](#)

Utvalet foreslår at stiftinga held fram som før med Nye Øygarden kommune som medlem i representantskapet.

11.2.3 Fjell Bustadstifting

«Forvaltar og eig husvære og barnehagar i Fjell kommune. Tildeler bustad, med unnatak omsorgsbustader. Tildeling av bustad er basert på faglege vurderingar av den enkelte søkjar sitt sosiale behov eller plass i servicebygg». Lenkje: [Fjell Bustadstifting](#)

Fjell Bustadstifting har i dag omlag 400 bustadar, av desse er det 140 omsorgsbustadar som Fjell kommune har tildelingsrett til. Fjell kommune har også tildelingsrett til 51 kommunale utleigebustader. Fjell Bustadstifting har 209 utleigebustader der dei sjølv vel leigetakarar og handsamer søknadene frå personer som følgjer kriteria for ein bustad hjå stiftinga.

Fjell Bustadstifting vart oppretta for å vera ein reiskap som kunne møta dei behov som kom for å kunna tilby tilrettelagte bustadar for personar som har behov for dette. Dette fungert også godt til å begynna med. Utvalet viser til at ein har enda opp med ein heilt anna modell enn det som var tiltenkt på bakgrunn av endringane i stiftelses-lova. Dette medførte at det ikkje var mogeleg å tinga direkte frå stiftinga. Alle behov for oppføring/kjøp må skje med bakgrunn i ein offentleg utlysing kor bustadstiftinga kan konkurrera på lik line med andre tilbydarar.

Utvalet foreslår : Det vert arbeidd vidare med naudsynte lovendringar (påverknad av sentrale styresmakter) slik at stiftinga kan lovleg omdannast og deretter fusjonera med Øygarden eigedomsforvaltning KF, sjå også kommentarane i kapittel 5.

11.2.4 Stiftinga Johannes Kleppevik sitt minnefond

Stiftinga Johannes Kleppevik sitt minnefond vart oppretta av Sparebanken Vest i 2002 med føremål å fremja kystkulturen i Hordaland. Kvart år deler styret for stiftinga ut ein pris om skal gå til einskildpersonar, lag og organisasjonar som på ein framifrå måte fremjar kystkulturen i Hordaland. Lenkje: [Stiftinga Johannes Kleppevik sitt minnefond](#)

Utvalet foreslår ingen endring og at stiftinga lever vidare som før med Nye Øygarden representert i styret.

11.2.5 Kystmuseet i Øygarden

Kystmuseet i Øygarden ligg ved den gamle dampskipskaia i Ovågen. Museet formidlar kunnskapen om korleis menneska i Øygarden har brukt naturen rundt seg til å skapa seg eit livsgrunnlag og danne samfunn. Museet legg til rette for at dei besøkande skal få kjennskap til denne historia gjennom utstillingar, filmvising, guida utflukter og sykkelturnar. Øygarden kommune samarbeider tett med Stiftinga Kystmuseet i Øygarden. Kystmuseet og kommunen



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

samarbeider om verdiskapingsprosjektet Perler i Nordsjøløypa. Museet til tilslutta Museum Vest og er konsolidert i ein felles driftsorganisasjon med Nordsjøfartsmuseet i Sund og Fjell festning. Lenkje: [Kystmuseet i Øygarden](#)

Utvalet foreslår: Drifta held fram som før med Nye Øygarden representert i styret. Vedtektsendringar er påkravd.

11.2.6 Stiftinga Marstein fyr

Føremål: Gjennom drift av Marsteinen Fyr og aktivitetar, å fremma reiseliv og kystkultur, samt utleige av fast eigedom. Lenkje: Ingen.

Utvalet foreslår at stiftinga held fram som før med Nye Øygarden kommune representert i styret. Vedtektsendringar er påkravd.

11.2.7 Stiftinga Fjell festning

Stiftinga sitt føremål er å vedlikehalda bygg og anlegg og utvikla Fjell Festning til eit spanande og etterspurd krigsminne. Målsetjinga er at festninga skal vera eit attraktivt reisemål som også genererer inntekter. Utviklingsarbeidet skal gjerast i tett samarbeid med dei ansvarlege for museumsverksemda. Museet til tilslutta Museum Vest og konsolidert med ein felles driftsorganisasjon med Kystmuseet i Øygarden og Fjell festning i Fjell. Lenkje: [Fjell festning](#)

Utvalet foreslår at drifta held fram som før med Nye Øygarden kommune representert i styret. Vedtektsendringar er påkravd.

11.2.8 Stiftinga Nordsjøfartsmuseet i Tælavåg

Stiftinga sitt føremål er å vidareutvikla og driva Nordsjøfartsmuseet i Telavåg. Museet skal driva innsamling og informasjon og gjenstandar, forskning og formidling med utgangspunkt - Nordsjøfarten særleg under 2. verdskrig, den norske motstandsrørsla og tema knytt til krig-fred problematikk. Museet til tilslutta Museum Vest og konsolidert med ein felles driftsorganisasjon med Kystmuseet i Øygarden og Fjell festning i Fjell. Lenkje: [Nordsjøfartsmuseet i Telavåg](#)

Utvalet foreslår at drifta held fram som før med Nye Øygarden kommune representert i styret. Vedtektsendringar er påkravd.

11.2.9 Stiftinga Trellevik kystkultursenter

Stiftinga Trellevik kystkultursenter vart stifta 6. mai 2003. Det er ein ideell stifting som legg vekt på å visa fram eigedom, inventar og båtar på ein måte som syner korleis ein i eldre tider nytta bygningane, båtane, dei gamle fiske og fangstreiskapane. Lenkje: [Trellevik Kystkultursenter](#)

Utvalet foreslår at stiftinga held fram som før med Nye Øygarden kommune representert i styret. Vedtektsendringar er påkravd.



12 Samvirke (SA)

12.1 Vurderingar og oppsummering

Fjell	Sund	Øygarden	Nye Øygarden	Oppsummering
Biblioteksentralen SA	Biblioteksentralen SA	Biblioteksentralen SA	Biblioteksentralen SA	Utvida del av bibliotek tenesta i kommunane. Same for den nye kommunen.
Gjerdet kulturminnegard SA				Som før
		Øygarden Samfunnshus SA		Vert lagt ned 2018. Kulturhuset vert overtatt av ØK. Inngår Øygarden eigedomsforvaltning KF

12.2 Utfyllande kommentarar om samvirke

Eit samvirkeføretak er ikkje eit selskap. Samvirkeføretak har medlemmer, men ikkje eigarar, og vert styrt av dei som handlar med føretaket og som dermed har direkte nytte av den verksemda som vert drive. Samvirkeføretak har ikkje fritt omsettelege eigardelar. På årsmøtet, samvirkets øvste organ – fattast avgjerda som hovudregel ut frå prinsippet om eitt medlem, ei røyst. Det er lov om samvirkeføretak (samvirkelova) av 29. juni 2007 nr. 81 som regulerer denne organisasjonsforma. Lenkje: [Samvirkelova](#)

12.2.1 Biblioteksentralen

«Være et serviceorgan for alle typer offentlige biblioteker. Biblioteksentralen har til oppgave å være hovedleverandør av produkter og tjenester til biblioteket og lignende institusjoner. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i / etablere virksomhet med det formål å betjene det totale bok-, informasjon – og kunnskapsmarkedet. Biblioteksentralen skal drives etter vanlige bedriftsøkonomiske prinsipper, slik at det skapes økonomisk trygghet og utviklingsmuligheter og slik at andelseiernes interesser ivaretas på beste måte.» Lenkje: [Biblioteksentralen](#)

Utvalet foreslår at Samarbeidet med Biblioteksentralen held fram som før.

12.2.2 Gjerdet kulturminnegard

Gjerdet kulturminnegard er eit gardsbruk frå 1800 talet. Våningshuset og løa som står på garden i dag er frå 1914, men det har vore gardsbruk her lenge før det. Kartlegging og registrering er under arbeid. Gjerdet kulturminnegard skal etterkvart framstå som eit ressurscenter for mat og handverkstradisjonar i området. Aktiviteten på Gjerdet skal



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

organiserast som eit samvirke, ein driftsmodell som vart foreslått av Gode Sirklar og vedtatt av Fjell kommune. Målsettinga er å ta vare på gamle mat- og handverkstradisjonar, utvikla opplevingspakkar i samspel mellom landbruk, kultur, historie og reiseliv, samt ta i bruk det flotte friområdet frå garden og opp til området rundt Fjell festning. Det er også eit føremål å formidla eit kvardagsperspektiv frå krigshistoria. Lenkje: [Gjerdet kulturminnegard](#)

Utvalet foreslår at Gjerdet kulturminnegard held fram som før.

13 Råd, Interesseorganisasjonar, Nettverk

13.1 Vurderingar og oppsummering

Organisasjonsform	Fjell	Sund	Øygarden	Oppsummering
Regionalt samarbeid	Vest Næringsråd	Vest Næringsråd	Vest Næringsråd	Som før
	Fjell, Sund og Øygarden forlikråd	Fjell, Sund og Øygarden forlikråd	Fjell, Sund og Øygarden forlikråd	Øygarden forlikråd
Interesseorganisasjonar	KS	KS	KS	Som før
	LNK: Landssamanslutninga av nynorskkommunar	LNK: Landssamanslutninga av nynorskkommunar	LNK: Landssamanslutninga av nynorskkommunar	Som før
	Foreining Basecamp			Som før
			Foreningen Vest-Norges Brusselkontor AS	Vert avslutta
Nettverk			NKP - Nettverk for petroleums-kommunar	Som før
		NFKK: Nettverk for fjord- og kystkommunar	NFKK: Nettverk for fjord- og kystkommunar	Som før
			Sunne kommunar: WHOS Norske nettverk	Vert avslutta etter ferdig prosjekt.

13.1.1 Vest Næringsråd

I § 1 i vedtektene heiter det: «Vest Næringsråd har som føremål å ta vare på og utvikla næringslivet sine interesser i Sund, Fjell og Øygarden.» Alle kommunane er medlem. Lenkje: [Vest Næringsråd](#)

Utvalet tilrår: Vidare medlemskap vert ivareteke av Øygarden næring og utvikling AS.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

13.1.2 Nye Øygarden forliksråd

Dei tre kommunane samarbeider om eit felles forliksråd (som er den lågaste domstolen me har). Det er representantar frå alle kommunane i rådet. Lenkje: [Forliksrådet for Fjell, Sund og Øygarden](#)

Utvalet føreslår: Held fram som før, men frå 01.01.2020 heiter det Øygarden forliksråd.

13.1.3 Kommunesektorens organisasjon (KS)

Dei tre kommunane er medlem i Kommunenes Sentralforbund som er arbeidsgjevarorganisasjon. § 1 i vedtektene: «KS er en arbeidsgiver-, interesse- og rådgivningsorganisasjon, som gjennom ivaretagelse av medlemmenes interesser, skal arbeide for en effektiv og selvstendig kommunesektor som ivaretar innbyggernes behov.» § 2.2: «Alle kommuner og fylkeskommuner har rett til å være medlemmer av KS. Medlemskapet omfatter også KS' arbeidsgjervirksomhet.» Lenkje: [Kommunesektorens organisasjon](#)

Utvalet føreslår: Medlemskapen og representasjonen held fram i Nye Øygarden kommune.

13.1.4 LNK: Landssamanslutninga av nynorsk kommunar

Alle kommunane er medlem. LNK skal arbeide for å skapa positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk. LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for. Lenkje: [Landssamanslutninga av nynorsk kommunar](#)

Utvalet tilrår: Nye Øygarden kommune vidarefører medlemskapen. I intensjonsavtalen står det at Nye Øygarden kommune skal ha nynorsk som målform. LNK-medlemskapen er med å konsolidera denne hovudintensjonen.

13.1.5 Foreininga Basecamp

Berre Fjell kommune er medlem. Foreininga Basecamp ungdomsdiakonitiltak (forkorta "Basecamp") er eit førebyggjande tiltak for ungdom mellom 13 og 20 år på Sartor Storsenter på Sotra. Primærfokus er ungdom som oppheld seg mykje på Sartor Storsenter og per i dag ikkje nyttar seg av organisert ungdomsarbeid og som er i risikosona for å starta med rus og/eller kriminalitet. Det kan også vera ungdom som på andre måtar er i ein utsett livssituasjon psykisk, fysisk og/eller emosjonelt. Gjennom inkludering og nestekjærleik ynskjer me at ungdomane skal få oppleva å bli ein del av eit fellesskap, bli sett og høyr. Visjonen til Basecamp er: «Bidra til å realisera draumane til ungdom om eit godt liv». Basecamp er eigd av Fjell sokneråd, Sartor Storsenter og Fjell kommune og vart etablert som prosjekt 1. februar 2004. Frå 1. januar 2007 gjekk Basecamp over til å bli eit fast tiltak. Lenkje: [Foreininga Basecamp Sotra](#)

Utvalet føreslår: Kommunen si rolle som medaktør vert vidareført i Nye Øygarden kommune.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

13.1.6 Foreininga Vest-Norges Brusselkontor

Her er det berre noverande Øygarden kommune som er medlem.

«Vest-Norges Brusselkontor skal:

- Synleggjøre regionen som samarbeidspartner for andre europeiske regioner
- Være lyttepost/åpen dør mot institusjonene i EU/EØS
- Formidle informasjon om det som skjer i EU/EØS av særlig interesse for Vest-Norge
- Identifisere EU/EØS-program/prosjekter av interesse for Vest-Norge.

Vest-Norges Brusselkontors målgrupper er: Offentlig sektor, næringsliv, forskning og utvikling og kultur.» Lenkje: [Vest-Norges Brusselkontor](#)

Kontingenten er kr 4,20 per innbyggjar i serviceavgift + årsavgift kr. 1.000. Med 38.000 innbyggjarar vert medlemskostnaden omlag kr. 160.000 per år.

Utvalet føreslår: Medlemskapen vert avvikla. KS og Hordaland fylkeskommune ivaretek vidare representasjon og desse kanalane kan vera viktig for innovasjon og næringsutvikling og kan vera ei dør mot Europa.

13.1.7 NPK - Nettverk for petroleums-kommunar

Nettverk av Petroleumskommunar er eit rådgjevande og koordinerande organ for kommunar med anlegg for ilandføring av olje og gass. Medlemmer i nettverket er kommunane Aukra, Aure, Austrheim, Hammerfest, Lindås, Tysvær og Øygarden. Nordkapp kommune er assosiert medlem. Det er ei årleg medlemsavgift på kr. 200.000. Nettverket bistår kommunane i til dømes saker om eigedomsskatt. Lenkje: [Nettverk for petroleumskommunar](#)

Utvalet føreslår: Medlemskapen vert vidareført til i Nye Øygarden kommune som har store anlegg for ilandføring av olje og gass samt leveranseindustri til næringa (Kollsnes, Sture, Ågotnes, Kollsnes Næringspark)

13.1.8 NFKK: Nettverk for fjord- og kystkommunar

Både Sund og noverande Øygarden kommune er medlem i dag. Frå heimesida: «Nettverket for fjord- og kystkommuner (NFKK) etableres som en egen forening med eget organisasjonsnummer i enhetsregisteret i Brønnøysund. Formålet med nettverket for fjord- og kystkommuner (NFKK) er særlig å ivareta kystkommunenes interesser i forhold til å sikre retten til lokal forvaltning av sjø- og kystsonen, og gjennom blant annet ulike former for lokal beskatnings- og avgiftsandel gi vertskommuner en rimelig del av verdiskapningen og/eller kompensasjon for ulempene som bruk av kommunenes sjø-, land- og luftterritorium medfører.» Som medlem av NFKK kan alle kommuner med kystlinje og alle fjordkommuner (benevnes heretter kun som kystkommuner) opptas». Lenkje: [Kystnettverk](#)

Utvalet føreslår: Medlemskapen vert vidareført til Øygarden nye kommune som vert ein av dei største kystkommunane på Vestlandet (unnateke byane). Med viktige marine næringar og



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

omsynet til mangfaldet av dei lokale interessene i forvaltninga av sjø- og kystsona, kan eit medlemskap i dette nettverket vera nyttig for framtida.

13.1.9 Sunne kommunar: WHOS Norske nettverk

Noverande Øygarden er ein av 26 kommunar som er medlem i nettverket. Fjell og Sund er ikkje medlem. Frå heimesida: «Sunne kommuner er et nettverk av kommuner og fylkeskommuner som setter folkehelse høyt i sitt virke og samfunnsplanlegging. Vi er en del av WHO Healthy Cities, og jobber lokalt, nasjonalt og internasjonalt for å skape lokalsamfunn det er godt, sunt og trygt å leve i. Formålet med nettverkssamarbeidet er å bidra til medlemmenes arbeid med samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Dette gjøres blant annet ved å tilby samarbeids- og utviklingsarenaer, for slik å styrke medlemmenes evne til å være kunnskapsbaserte, nyskapende og innovative i sitt folkehelsearbeid.»

Utvalet er kjent med at det er starta eit prosjekt i Nye Øygarden kommune der «sunne kommunar» inngår som eit viktig element i folkehelsearbeidet. Lenkje: [Sunne kommunar](#)

Utvalet tilrår: Når det omtala prosjektet er avslutta, vert også medlemskapen i nettverket avslutta. Folkehelsearbeidet vert koordinert innan kommunen si ordinære drift.

13.1.10 Bergensalliansen

Bergensalliansen er ein politisk møteplass for 22 kommunar i storbyregionen. Sund, Fjell og Øygarden deltek i samarbeidet og betalar årleg deltakaravgift. Samarbeidet vart etablert i 2011 til erstatning for det tidlegare regionrådet bergensregionen.

Utvalet tilrår: samarbeidet held fram med Nye Øygarden kommune som medlem.

14 Hovudoppsummering i tabellar

Selskapsform	Fjell Pr. 01.01.2017	Sund Pr. 01.01.2017	Øygarden Pr. 01.01.2017	Sum 3 Komm.	Nye Øygarden Etter 01.01.2020
Aksjeselskap AS	8	7	9	24	6
Interkommunale selskap IKS	5	5	3	13	3
Kommunalt føretak KF	0	1	0	1	2
Interkommunalt samarbeid	6	7	7	20	3
Stifting ST	5	6	3	14	8
Samvirkeføretak SA	2	1	2	5	2
Andre	8	7	11	26	8
TOTALT	34	34	35	103	32



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Kommentarar:

Tabellen syner kor mange selskap fordelt på ulike kategoriar som var registrert på kvar kommune pr. 1 januar 2017, og som blir vidareført/ nyoppretta frå 1. januar 2020 etter at utvalet har gått gjennom porteføljen. Det er viktig å merka seg at dei tre kommunane ofte har eigardel i same selskapet og er medlem i same nettverket. I den nye kommunen vert dette slege saman slik at det naturleg berre vert eit selskap/ein representasjon. Interkommunalt samarbeid mellom dei tre kommunane vil naturlegvis opphøyra etter 1. januar 2020.

A. VIDAREFØRING /NYETABLERING:

TYPE SELSKAP /ORGANISERING	ANTAL
- Aksjeselskap (AS) der kommunen er hovudeigar eller deleigar	6
- Interkommunale selskap (IKS):	3
- Kommunale føretak (KF):	2
- Interkommunale samarbeidstiltak	3
- Stiftingar (ST)	8
- Samvirkeføretak (SA)	2
- Andre	8
TOTALT	32

Tabell A syner kor mange selskap og interesseorganisasjonar fordelt på ulike kategoriar som blir vidareført/nyoppretta etter at utvalet har gått gjennom porteføljen.

B. SEL SEG UT/MELDER SEG UT/AVVIKLA:

Tabell B syner fordelinga av ulike selskap m.m. på ulike kategoriar som er føreslege avvikla etter 1. januar 2020.

TYPE SELSKAP /ORGANISERING	ANTAL
- Aksjeselskap (AS) der kommunen sel ut sin aksjepost/avviklar selskapet	8
- Interkommunale selskap (IKS):	1
- Kommunale føretak (KF):	1
- Interkommunale samarbeidstiltak	4
- Stiftingar (ST) som vert avvikla	1
- Samvirkeføretak (SA) som vert avvikla	1
- Andre	2
TOTALT	18

Detaljane knytt til tabell 13A og 13B finn ein i kap 4 Samandrag.



15 Kjelder, referansar, dokument, lenkjer m.m.:

- Samandrag av eigarskapsmeldingane – forprosjekt til førebuande fellesnemnd (2017)
- Opprettingssak og vedtekter til Sund Eigedomsutvikling KF
- Opprettingssak og vedtekter til Fjell Bustadstifting
- Presentasjon frå Deloitte desember 2017
- Rapportar (2) frå Nye Asker kommune
- KS (Kommunesektorens interesseorganisasjon) –rapportar om eigarskap
- Rapportar frå NIBR og Telemarksforskning
- Fem uttalar/ innspel etter informasjonsmøte 15. februar 2018
- Presentasjon frå Vest næringsråd
- Presentasjon frå Fjell Bustadstifting
- Oversikter over kommunale kaiar og andre næringsseigedomar (tre kommunar)
- M.M

Alle desse dokumenta finn ein ved å gå til denne lenka:

<http://www.nyeoygardenkommune.no/planarrapportar/vedleggsbank-vedlegg-til-sluttrapport/>

16 Forklaringar på forkortingar

AS = aksjeselskap

BIR AS = Bergen interkommunale renovasjonselskap

BKK AS = Bergenshalvøens kommunale kraftselskap

FjellVAR AS= Fjell vatn-avlaup- renovasjon

FN= Fellesnemnda

IUA-(Bergen): Interkommunalt utval for akutt forureining

IKS= Interkommunale selskap

KE= kommunal eining

KF= kommunalt føretak

LNK= Landssamanslutninga av nynorskkommunar

NIBR=By- og regionsforskningsinstituttet

NPK= Nettverk for petroleumskommunar

NFKK: Nettverk for fjord- og kystkommunar

SA= Samvirke

Sund VA AS= Sund vatn-avlaup

SWOT= *strengths* (styrkar), *weaknesses* (svakheiter), *opportunities* (moglegheiter), og *threats* (trugslar)

ØBR= Øygarden brann og redning



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

17 SWOT-analysar på utvalde område

Gå til lenkje:

<http://www.nyeoygardenkommune.no/files/2018/04/Swot-til-sluttrapport-eigarskap-april-2018-1.pdf>



SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
33/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.04.2018

Lokaldemokrati og identitet - rammebudsjett for tiltak og arrangement

Samandrag av saka:

I møte 22 januar 2018 vedtok fellesnemnda mandatet til arbeidsgruppa lokaldemokrati og identitet. Fellesnemnda bad og om at arbeidsgruppa til fellesnemnda sitt møte 16. april 2018, skulle leggja fram eit rammebudsjett for dei tiltak og arrangement som mandatet for arbeidsgruppa presenterer.

I denne saka vert tiltakspakke og milepælsplan lagt fram for fellesnemnda, saman med eit budsjett som peikar attende på dei enkelte tiltaka.

På bakgrunn av rådmannen si vurdering i saka vert den lagt fram utan innstilling.

Innstilling:

Straume, den 06.04.2018

Willy Sørensen
administrasjon

Dokument vedlagt saka:

1. Mandat for arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet. Sak i Fellesnemnda 22.01.2018:
<http://www.nyeoygardenkommune.no/moteinnkalling-og-protokoll/>
2. <https://reellmedvirkning.no/>
3. <http://sunnekommuner.no/>

Saksopplysningar:

I møte 22. januar 2018 vedtok fellesnemnda mandatet til arbeidsgruppa lokaldemokrati og identitet (ILD). Fellesnemnda bad og om at arbeidsgruppa, til fellesnemnda sitt møte 16.april 2018, skulle leggja fram eit rammebudsjett for dei tiltak og arrangement som mandatet for arbeidsgruppa presenterer:

1. *Fellesnemnda sluttar seg til mandat presentert i saka, med følgjande korrigeringar og føringar:*
 - *Fellesnemnda skal vera ein støttespelar til gjennomføring av MOT-festival i 2018.*
 - *Utval for lokaldemokrati og identitet går i dialog med turlaga knytt til Kystpass*
 - *Utval for lokaldemokrati og identitet skal gå gjennom eksisterande venskapsavtalar i dei tre kommunane og koma med forslag til kva ein kan gjera på dette området i nye Øygarden kommune.*
 - *Interne kulturarrangement for tilsette går ut av mandatet. Fellesnemnda ber prosjektleiar koma tilbake med ei vurdering på korleis interne kulturarrangement for dei tilsette skal løysast.*
2. *Fellesnemnda vedtek at det skal gjennomførast framtidseminar i 2018.*
3. *Fellesnemnda ber om at arbeidsgruppa til fellesnemnda sitt møte 16.april 2018 presenterer eit rammebudsjett for dei tiltak og arrangement som mandatet for arbeidsgruppa presenterer.*

I denne saka vert difor tiltaka i prosjektet presentert visuelt, med omtale av nokre av tiltaka. Budsjettet vert presentert i tabell, og peikar attende på dei same tiltaka. Nokre av budsjettpostane vert forklart ytterlegare etter budsjettabellen. Målet er at ILD og fellesnemnda gjennom denne tiltakspakka startar arbeidet for fullt med å byggja identiteten til den nye kommunen, samt sikra gode lokaldemokratiske arenaer for den frivillige sektoren. Prosjektet varar i utgangspunktet ut 2019, men fleire av tiltaka vil kunna vidareførast.

Visualisering av tiltak under kulturparaplyen Øygarden 2020



Om tiltakspakka innunder kulturparaplyen Øygarden2020:

Frivilligforum:

Fjell, Sund og Øygarden gjennomførte kvart sitt frivilligforum i mars, der prosjektet Øygarden 2020 vart presentert av leiar av arbeidsgruppa Tom Georg Indrevik. I forumet vart det og presentert ei enkel digital innspelsløyding som lag og organisasjonar kunne melda inn si interesse gjennom. Det vart og opplyst om at det vil bli arrangert forum for friluftsliv, idrett og kultur, der målet er å skapa gode arenaer som kan sikra lokaldemokratiet knytt til frivillig sektor inn i den nye kommunen. I 2019 er det tenkt at det vert arrangert eitt felles frivilligforum.

0-barometer

Øygarden kommune, saman med Fjell og Sund, har gått inn i eit medlemskap og samarbeidsprosjekt med organisasjonane «*Sunne kommuner*» og «*Reell medvirking*» (Sjå vedlegg 2 og 3). I høve dette samarbeidet, og i høve mandatet til arbeidsgruppa, kan dei gjennomføra ei 0-barometer-undersøking. Dette er ei undersøking som tek «temperaturen» på dette med lokaldemokrati og identitet, og som baserer seg på telefonintervju og undersøking på om lag 1000 respondentar. Målet er at denne undersøkinga vert gjennomført våren 2018, og at det vert lagt fram ein rapport august 2018. Rapporten skal då presenterast for fellesnemnda, og dannar samstundes grunnlaget for tema som vil bli teke opp i debattane som biblioteka skal stå for frå hausten 2018 av.

Ei ny undersøking bør gjennomførast ei tid etter at Øygarden2020-prosjektet er gjennomført, for å sjå på kva effekt ein kan spora.

Friluftslivsforum

I mandatet står det at det skal takast kontakt med turlaga i dei tre kommunane, og starta arbeidet med felles turkart og Kystpass. ILD vil difor fasilitera eit forum 6. juni på Bergen- og Omland Friluftsråd sitt område på Hissøyna. Her vil ILD invitara inn friluftslivsaktørar som vil få i oppgåve å ha klart eit felles Kystpass i 2019, samt starte arbeidet med eitt felles turkart for Nye Øygarden kommune. Eit vidare mål for deltakarane i forumet bør bli at dei samlar seg kring eit lokalt friluftsråd for den nye kommunen. Målet er at det vert årlege forum.

Idrettsforum

Fjell, Sund og Øygarden har alle idrettsråd, som har som mål å slå seg saman til eitt idrettsråd innan våren 2019. Det ligg føre årsmøtevedtak på dette i Sund og Øygarden, og Fjell idrettsråd har det som sak i sitt kommande årsmøte. Dei ønskjer å samla idretten i alle tre kommunane i august/september, for å forankra arbeidet med samanslåinga. Dei ønskjer at eit slikt forum vert halde i nye Hjeltefjorden arena i Øygarden. Målet er at det vert årlege forum.

Kulturforum

For å sikra at alle aktørar innanfor kulturfeltet vert høyrte, vert det arrangert eit kulturforum for alle innafor musikk, bibliotek, grendalag/utval, teater og liknande. Førebels dato for forumet er sett til 4. oktober på Panorama hotell i Sund. Målet er at det vert årlege forum.

Ungdomshøyring

Det har ofte vore ei utfordring å sikra røysta til ungdomane. Alle tre kommunane i dag har anten ungdomsråd eller ungdomens kommunestyre (UR/UKS), og alle har MOT-ungdomar. Men erfaringar viser at det likevel kan vera vanskeleg å fanga røysta til dei mange. I samarbeid med Sunne kommuner og Reell medvirking, vil ILD legge til rette for ei ungdomshøyring, i samarbeid med ungdomsrådet/ungdommens kommunestyre. Målet er at dette vert gjennomført i løpet av hausten 2018, og gjerne på kvar ungdomsskule (5 stk).

Kulturparaplyen Øygarden2020

ILD peikar på at det vil vera viktig å samla eksisterande kulturarrangement og liknande innunder kulturparaplyen Øygarden2020. Det er allereie utforma ein logo knytt til profileringa av kulturparaplyen. Målet er å få flest moglege arrangement i løpet av hausten 2018, og ha profileringsmateriell og liknande klart for dei aktørane som melder si interesse for dette. Det er og ønskjeleg at det vert utforma ein form for kulturkalender med alle arrangementa som då vil liggja innunder kulturparaplyen.

Felles tilskotsordningar

Det bør i løpet av hausten 2018 etablerast ei arbeidsgruppe for felles tilskotsordningar som vert gjeldande frå våren 2019. Merk at det førebels berre er snakk om harmonisering av ordningane, og at kvar kommune framleis har kvar sin pott med midlar ut i frå budsjetteringa i budsjettåret 2018. Bakgrunnen for dette er at ein i prosjektperioden for Øygarden2020 vil trenga insentivmidlar, samt at det er behov for ein generell harmonisering knytt opp til frivillig sektor. Vedtak om felles tilskotsordning er slik sett ikkje avhengig av budsjettprosessane i den enkelte kommune hausten 2018.

Øygardskonferansen

Næringslivet, Vest næringsråd og kommunane i nye Øygarden kommune samarbeider om å etablere Øygardskonferansen – ein årleg konferanse der fokus er utvikling i den nye storkommunen. I mandatet til ILD er det peika på at det skal gjennomførast eit Framtidsseminar i løpet av 2018. ILD foreslår at fellesnemnda går inn med midlar til gjennomføringa av Øygardskonferansen i staden, og at ein representant frå fellesnemnda trer inn i programkomiteen til konferansen. Øygardskonferansen er tenkt som ein årleg konferanse, og det bør, når den nye kommunen er etablert, opp ny sak om representasjon og tilskot.

MOT-festivalen

Det er sett saman ei arbeidsgruppe for MOT-festivalen, som har lagt fram forslag til innhald, budsjett og tidspunkt. ILD har gjeve melding attende om at prosjekteringa må arbeidast fram meir, samt at tidspunktet for gjennomføring av festivalen bør vera våren 2019, natt til 1. mai. For å sikra god progresjon er det foreslått at ein vurderer ei eiga rolle som leiar av festivalen.

Rammebudsjett for identitet og lokaldemokrati:

2018:

Kva	Når	Økonomi
Fasilitering av ulike forum, samt ungdomshøyring	Vår og haust 2018	30 000
Kystpass og turkart – forarbeid og fasilitering		30 000
0-barometerundersøking		50 000
Øygardskonferansen	Haut 2018	100 000
MOT-festival forarbeid	2018	50 000
Marknadsføring, kommunikasjon og profilering (marknadsføringsmidlar, identitetsbyggerar, utvikling av profilartiklar og liknande)	Haut 2018	260 000
Øygaardsgenseren	Vår 2018	40 000
Sum 2018	2018	560 000

2019:

Kva	Når	Økonomi
Fasilitering av ulike forum	Vår og haust 2019	30 000
Kystpass og kart	2019	170 000

Øygardskonferanse	Haust 2019	100 000
MOT-festival	Vår 2019	370 000
Marknadsføring, kommunikasjon og profilering (marknadsføringsmidlar, identitetsbyggerar, utvikling av profilartiklar og liknande)	Vår og haust 2019	300 000
Sum	2019	970 000

Totalt for heile 2018 og 2019: **Kr. 1 510 000,-**

Vurdering:

I mangel av prosjektleiar for Nye Øygarden kommune har ordførarane gitt rådmannen i Øygarden i oppdrag å ta prosjektleiarrolla i saka.

Arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet skriv at dei legg fram ei tiltakspakke, tiltaksplan og budsjett som er innanfor mandatet, og som er berekraftig. Dei meiner at det gjennom den sterke involveringsprosessen som tiltakspakka peikar på, vert sikra fokus på eigarskap, demokratisering og bygging av identitet nedanfrå og opp. Dette vil etablera eit godt grunnlag for å skapa felles og positiv vi-kjensle i nye Øygarden kommune.

Arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet har omtalt tiltak og arrangement og legg fram for fellesnemnda eit rammebudsjett for aktiviteten i 2018 og 2019. Når det gjeld marknadsføring, kommunikasjon og profilering er det samla for begge åra sett av kr 560 000 til dette formålet. Det står i saka at det allereie er utforma ein logo knytt til profilering av «Kulturparaplyen» og at det skal lagast profileringsmateriell som ulike aktørar kan nytta seg av.

Det står innleiingsvis i tidlegare sak 7/18 handsama i fellesnemnda den 22.01.18 og som gjeld mandat for arbeidsgruppe for lokaldemokrati: «*Arbeidsgruppa sitt arbeid med lokaldemokrati og identitet vil ha mange berøringspunkt med Nye Øygarden kommune sin vedtekne kommunikasjonsplan*».

Det står vidare: «*Å bruka Øygarden 2020 som namn i omdømmebygging fram mot 2020 er foreslått for å tydeleggjera startpunktet for vår nye kommune. Arbeidsgruppa meiner at vår nye kommune og Øygarden2020 begge bør brukas vidare i kommunikasjonsplattformer. Øygarden2020 vil fungere svært treffsikkert på prosessarbeidet som vert arbeidd med innan lokaldemokrati og identitet. Visjonen er «eit fyrtårn i vest»*».

Rådmannen meiner at omtalte «berøringspunkt» med allereie vedteken kommunikasjonsplan i sak 7/18 i for liten grad vert drøfta og vurdert. Nye Øygarden kommune har eigen logo som etter kvart har etablert seg som «merkevare» for den nye kommunen. Logoen har ikkje status og restriksjonar slik eit ordinært kommunevåpen har, og kan soleis nyttast fritt. Det er i tidlegare sak omtalt å ha eigen logo for «Kulturparaplyen». Det spørst om ikkje den vedtekne kommunikasjonsplanen inkludert logo og bildemateriale, skal halda fram og vera det viktige «berøringspunktet» som ILD skal byggja vidare på, også i «Kulturparaplyen».



Eksisterande logo og profilering

Budsjettet som ligg føre innan marknadsføring mm. utgjer til saman kr 560 000. Dette utgjer ein stor del av eit samla budsjett på kr 1 510 000.

Rådmannen vil elles gjera fellesnemnda merksam på at utvalet som har jobba med eigarskapsmodellar har føreslått at Nye Øygarden kommune ikkje vert medlem av Sunne kommunar (Øygarden kommune har eit slikt medlemskap i dag). ILD legg til grunn at nye Øygarden kommune vert medlem.

Det vert i denne saka lagt fram ei rekke tiltak som er godt presentert/visualisert og omtalt. I oppdraget frå fellesnemnda ber ein om å få presentert eit rammebudsjett for ulike tiltak. Dette ligg no føre. Når det gjeld mandat for gjennomføring av Framtidsseminar i 2018, vert dette føreslått endra til at næringslivet, Vest næringsråd og kommunane i nye Øygarden kommune etablerer eit samarbeid om å etablere ein årleg Øygardskonferanse – «Øygardskonferansen». Det er sett av kr 100 000 til konferansen for kvart av åra. Det er føreslått at ein kjem tilbake med eigen sak når det gjeld representasjon og tilskot. Det trengs avklarast om dette gjeld ytterlegare tilskot utover det som allereie ligg i budsjettet.

Arbeidet med å byggja nye Øygarden kommune er i gang. Når det gjeld oversikt og omfang av utgifter til «prosjektet», så meiner rådmannen at det er viktig å merka seg at ein framleis er tidleg i prosessen. Det kan vera nyttig å sjå til kva erfaringar andre kommunesamanslåingar har gjort seg.

I 2017 laga Telemarksforsking ein rapport om «*Erfaringer og lærdom fra sammenslåingsprosessen mellom Sandefjord, Andebu og Stokke*». I rapporten står det at «nye Sandefjord kommune» hadde eit prosjektbudsjett på kr 47 mill kr og halvparten av budsjettet vart disponert til ulike IKT- tiltak. Det er ei påminning om dei 35 mill kr som nye Øygarden kommune har fått til samanslåingsprosessen vil gå med, og at det er langt fram og mykje som treng nødvendig finansiering i tida som kjem.

Saka vert lagt fram slik arbeidsgruppa for identitet og lokaldemokrati har jobba den fram. På bakgrunn av rådmannen si vurdering i saka vert den lagt fram utan innstilling.

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
34/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.04.2018

Deltaking i prøveordning - Overtaking av ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta frå 2020

Samandrag av saka:

Fylkesmannen i Hordaland har, på vegner av Helse- og omsorgsdepartementet (HOD), sendt brev til kommunane i Hordaland med spørsmål om kven av kommunane i fylket som ønskjer å delta i ei prøveordning med å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta. Samanslåingskommunar vert særskilt oppmoda om å delta. Prøveordninga vil gjelde frå 01.01.2020. Svarfrist for kommunar som ønskjer å vere med i ordninga er 20.05.18. Etter kartlegging er gjort vil HOD sende brev til kommunane om vidare søknadsprosess.

Det vil vere ei fullstendig overføring av oppgåver frå fylkeskommunen, både det som omfattar spesialisttannhelsetenesta og allmenntannhelsetenesta. Overføring vil også gjelde for pasienttransport til og frå den kommunale tannhelsetenesta. Dei økonomiske rammene vil departementet komme tilbake til i seinare budsjettframlegg. Det vil bli gjort uttrekk frå rammeoverføringa til fylkeskommunen som vert overført til kommunane som er med i ordninga. Det må vidare gjennomførast ei verksemdsoverdraging frå fylkeskommunen til dei aktuelle kommunane før ansvaret vert overført den 01.01.20. Overdraginga vil også gjelde t.d. personell, egedelar og avtalefesta rettar og plikter.

Ordførarane i Fjell, Sund og Øygarden kommunar, er positive til at nye Øygarden frå 01.01.2020 deltek i denne prøveordninga. Fjell kommune har allereie inngått ein intensjonsavtale med Hordaland fylkeskommune om leige av areal i lokalmedisinsk senter til tannhelse-føremål.

Innstilling:

Fellesnemnda vedtek:

Nye Øygarden kommune er positiv til å delta i Helse- og omsorgsdepartementet si prøveordning med å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta i dei tre kommunane, i samsvar med dei rammene som ligg til grunn for ordninga.

Saka skal vidare sendast til dei tre kommunestyra til orientering.

Straume, den 09.04.2018

Willy Sørensen
Administrasjon

Dokument vedlagt saka:

- Brev frå Fylkesmannen i Hordaland – Kartlegging av kommunar som ønskjer å delta i prøveordning

Saksopplysningar:

Innleiing

Kommunane i Hordaland mottok brev frå Fylkesmannen i Hordaland den 05.03.18 kor det på vegner av Helse- og omsorgsdepartementet, skulle karteleggast kven av kommunane i fylket som ønskjer å delta i ei frivillig prøveordning med å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta. Frist for tilbakemelding til Fylkesmannen er 20.05.18.

Helse- og omsorgsdepartementet har ansvaret for å leggje til rette for prøveordninga, og vil på bakgrunn av kartlegginga sende brev tilbake til dei kommunane som er interessert i å delta med informasjon om den vidare søkeprosessen.

Fylkesmannen i Hordaland oppmodar særleg Bergen kommune og dei to nye kommunane frå 2020, Nye Øygarden og Alvær, til å melde si interesse.

Fellesnemnda skal i denne saka ta stilling til om nye Øygarden kommune frå 01.01.2020 skal søkje om å få delta i prøveordninga.

Bakgrunn

I ei melding til Stortinget (Meld. St. 14 (2014-2015)) vedtok eit fleirtal i Stortinget at ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta bør overførast til kommunane. Ved behandling av endringar i helselovgjevinga (*overføring av det offentlege tannhelsetjenesteansvaret, lovfesting av kompetansekrav m.m.*), vart det også vedteke av Stortinget at regjeringa skal legge til rette for ei prøveordning som inneber at kommunar som ønskjer det, etter søknad kan få løyve til å overta ansvaret for tannhelsetenesta frå 2020 (Prop. 71 L (2016-2017)). Stortinget ber vidare regjeringa om å komme tilbake med eiga sak som skal vurdere overføring av den samla tannhelsetenesta basert på erfaringane frå prøveordninga. Overføring av samla tannhelseteneste vil i så fall vere aktuelt frå 2023.

Juridiske rammar for prøveordninga

Ved behandling av Prop. 71 L (2016-2017) vedtok Stortinget endringar i helse- og omsorgstenestelova og pasient- og brukarrettslova som legg til rette for, og er nødvendige for, å overføre ansvaret for tannhelsetenester til kommunane. Stortinget sitt vedtak inneber at Kongen kan setje i kraft lovendringane til ulik tid for ulike delar av landet. Det er dette lovverket som frå 1. januar 2020 skal gjelde for kommunane som får delta i prøveordninga.

Lovendringane inneber at dei aktuelle kommunane får nokon fleire plikter knytt til tannhelsetenesta enn dei fylkeskommunen i dag er pålagt etter tannhelsetenestelova. Pliktene er i hovudsak administrative og vil i varierende grad medføre meirarbeid. Dette omfattar mellom anna:

- utvida krav om å innhente politiattest, uavhengig av kven kommunen yter tannhelsetenester til
- lovfesta krav til systematisk arbeid med kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik
- krav til brukarmedverknad på systemnivå
- lovfesta ansvar for transport av tannhelsepersonell
- krav til koordinering av deltenester for personar med rett til individuell plan
- plikt til å medverke til vidare- og etterutdanning av private tenesteytarar (tannlegar og tannpleiarar) som har avtale med kommunen
- plikt til å medverke til forskning

I tillegg vil kommunane som deltek i prøveordninga, overta fylkeskommunen sitt ansvar for dekking av utgifter til pasienttransport til og frå den kommunale tannhelsetenesta. Kva omfang dekking av reiseutgifter skal ha, må fastsettast i lokal forskrift.

Rusmiddelavhengige som bur eller oppheld seg mellombels i kommunen, vil ha lovfesta rett til nødvendig tannhelsehjelp frå kommunen og rett til å klage på manglande hjelp.

Økonomiske rammer for prøveordninga

Departementet opplyser om at dei vil komme til bake til dei økonomiske rammene i seinare budsjettframlegg og at kommunane vil vere kjende med dei økonomiske rammene når dei søker om å få delta i prøveordninga.

Prøveordninga vil innebere at det vert gjort uttrekk frå rammeoverføringa til fylkeskommunen og overført til dei aktuelle kommunane.

Samarbeid med fylkeskommunen og direktoratet

Kommunane som ønskjer å overta ansvaret for tannhelsetenesta frå 2020, må sjølve vere aktive og så tidleg som mogleg innleie samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet og fylkeskommunen slik at det vert tid til å utgreie dei rettslege, praktiske og økonomiske sidene ved oppgåveoverføringa. Kommunane må gjere greie for samarbeidet med fylkeskommunen når søknad om å delta i prøveordninga vert sendt.

Omfanget av oppgåveoverføringa

Prøveordninga vil innebere ei fullstendig overføring av oppgåver, kor både spesialisttannhelseteneste og allmenntannhelseteneste vert omfatta. Det vert ikkje opna for delvis overføring av tannhelsetenester. Kommunar som ønskjer å delta i ordninga, må legge til rette for å kunne kjøpe tannhelsetenester frå andre dersom kommunen sjølv ikkje kan levere tenesta. Interkommunale samarbeidsløysingar kan vere nødvendig å etablere når de gjeld tenesteyting og drift av klinikkar.

Verksemdsoverdraging

Det må utførast ei verksemdsoverdraging frå fylkeskommunen og til dei aktuelle kommunane, før ansvaret vert overført den 01.01.2020. Det følgjer av Stortinget sitt vedtak at frå tidspunktet for iverksetting av lovendringane overfor prøvekommunane, har den kommunen der verksemda er lokalisert, rett og plikt til å overta formueposisjonar som er knytt til verksemd i den fylkeskommunale tannhelsetenesta. Dette omfattar mellom anna offentlege tannklinikkar og regionale odontologiske kompetansesenter med utstyr, forbruksmateriell og journal- og IKT-system. I høve til dei kommunale helse- og

omsorgstenestene generelt, er den fylkeskommunale tannhelsetenesta ei utstyrsintensiv verksemd, mellom anna med teknisk avanserte behandlingstolar, digitalt røntgenutstyr og klinikkinnreiing. Overtakinga skal i utgangspunktet omfatta alle eigedelar, avtalefesta rettar og plikter som er nødvendig for at prøvekommunane skal kunne vareta ansvaret for tannhelsetenester på ein forsvarleg måte. Det er samstundes føresett at fylkeskommunen beheldt eigedelar og avtalefesta rettar og plikter som er nødvendige for å yte tannhelsetenester til dei kommunane i fylket som ikkje deltek i prøveordninga. Denne delinga bør vere eit tema i dialogen mellom aktuelle prøvekommunar og fylkeskommunen. Overføringa til aktuelle kommunar skal skje vederlagsfritt. Fylkeskommunen kan ikkje krevje kompensasjon frå stat eller kommune.

Verksemdsoverdraginga inneber også at prøvekommunane trer inn og overtek Fylkeskommunen sine rettar og plikter etter avtalar mellom fylkeskommunen og private tannlegar ved tidspunktet for iverksetting av lovendingane.

Om overføring av personell frå fylkeskommunen til prøvekommunane, opplyser departementet at det i hovudsak vil føregå som verksemdsoverdraging etter reglane i arbeidsmiljølova kapittel 16.

Lokalitet for dagens regiontannklinikk

Til saksopplysning så må det nemnast at Fjell kommune har inngått ein intensjonsavtale med Hordaland fylkeskommune om bruk av areal i lokalmedisinsk senter (LMS) til tannhelseføremål. Det betyr at frå byrjinga av 2019 så vil regiontannklinikken for Fjell, Sund og Øygarden flytte inn på LMS på Straume med 13 behandlingseiningar.

Vurdering:

På bakgrunn av svar frå kommunane vil departementet seinare sende brev til kommunar som er interesserte i å delta, slik at dei kan søkje om å delta i prøveordninga.

Ordførarane er klår over at å delta i prøveordninga vil medføre ekstra administrative oppgåver med å utgreie dei rettslege, praktiske og økonomiske sidene ved oppgåveoverføringa i forkant av iverksetjing frå 01.01.2020.

Dei tre ordførarane i Fjell, Sund og Øygarden er positive til ei løysing for den offentlege tannhelsetenesta som skissert i saka, og tilrår fellesnemnda å vedta innstillinga. Saka skal vidare til orientering i dei tre kommunestyra.



Likelydande til:
Kommunane i Hordaland v/rådmann
Bergen kommune, Byrådsleders avdeling v/kommunaldirektør

Kartlegging av kommunar som ønskjer å delta i prøveordning med å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta

Helse- og omsorgsdepartementet har bedt om at vi kartlegg kva kommunar som ønskjer å delta i ei prøveordning der kommunen overtek ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta frå fylkeskommunen.

Vi ber om at kommunane som ønskjer å vere med i prøveordninga, gir tilbakemelding om dette til fylkesmannen innan 20. mai 2018.

Send svaret til fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Helse- og omsorgsdepartementet har ansvaret for å leggje til rette for prøveordninga. På bakgrunn av svar på kartlegginga vil departementet seinare sende brev til kommunar som er interesserte i å delta, slik at dei kan søkje om å delta i prøveordninga.

Fleirtalet i helse- og omsorgskomiteen legg til grunn at deltaking i prøveordninga skal vere frivillig og omfatte om lag 15 av kommunane i landet. Der ein fylkeskommunal tannhelseklinikkk omfattar fleire kommunar, må desse kommunane som hovudregel stå samla om ei slik oppgåveoverføring. Samstundes meiner fleirtalet i helse- og omsorgskomiteen at det bør opnast for unntak i tilfelle enkelte kommunar ikkje ønskjer å vere med i prøveordninga. Føresetnaden er då at denne/desse kommunane kan overførast til ein annan fylkeskommunal/ regional tannhelseklinikkk.

Nedanfor følgjer ei orientering om bakgrunnen og juridiske og økonomiske rammer for prøveordninga.

Bakgrunn

Ved behandling av Meld. St. 14 (2014-2015) *Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner*, jf. Innst. 333 S (2014-2015) vedtok eit fleirtal på Stortinget at ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta bør overførast til kommunane.

Ved behandling av Prop. 71 L (2016-2017) *Endringer i helselovgivningen (overføring av det offentlige tannhelsetjenesteansvaret, lovfesting av kompetansekrav m.m.)* vedtok Stortinget forslaget til lovendringar, jf. Innst. 378 L (2016-2017). Samstundes vedtok Stortinget følgjande:

I

"Stortinget ber regjeringen legge til rette for en prøveordning som innebærer at kommuner som ønsker det, etter søknad kan få tillatelse til å overta ansvaret for tannhelsetjenesten fra 2020."

II

"Stortinget ber regjeringen sørge for at prøveordningen som starter i 2020, i de kommunene som ønsker å overta tannhelsetjenesten, følge evalueres frem til 2023. Basert på erfaringene i prøvetiden og endringer i kommunestruktur etter 2020, kan en videre utvidelse til flere kommuner tidligst skje etter 2023."

III

"Stortinget ber regjeringen vurdere behovet for økonomiske incentiver for kommuner som ønsker å overta tannhelsetjenesten".

IV

"Stortinget ber regjeringen komme tilbake med egen sak som vurderer overføring av den samlede tannhelsetjenesten basert på erfaringene fra prøveordningen som kan gi grunnlag for beslutning om overføring fra 2023."

V

"Stortinget ber regjeringen starte arbeidet med å bygge opp tannpleierkompetanse i kommunene. Slik oppbygging av tannpleierkompetanse i kommunene vil ha økonomiske og administrative konsekvenser som regjeringen vil måtte komme tilbake til i budsjettssammenheng."

For informasjon om lovendringane viser vi til kapittel 10 i Prop. 71 L (2016-2017), <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-71-l-20162017/id2546178/>.

Juridiske og økonomiske rammer for prøveordninga

Fylkeskommunen har ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta, med unntak av kommunane som får delta i prøveordninga.

Ved behandling av Prop. 71 L (2016-2017) vedtok Stortinget endringar i helse- og omsorgstenestelova og pasient- og brukarrettslova som legg til rette for og er nødvendige for å overføre ansvaret for tannhelsetenester til kommunane. Stortingets vedtak inneber at Kongen kan setje i kraft lovendringane til ulik tid for ulike delar av landet. Det er dette lovverket som frå 1. januar 2020 skal gjelde for kommunane som får delta i prøveordninga. Lovendringane inneber at dei aktuelle kommunane får nokon fleire plikter knytt til tannhelsetenesta enn dei fylkeskommunen i dag er pålagt etter tannhelsetenestelova. Pliktene er i hovudsak administrative og vil i varierende grad medføre meirarbeid. Dette omfattar mellom anna:

- utvida krav om å innhente politiattest, uavhengig av kven kommunen yter tannhelsetenester til
- lovfesta krav til systematisk arbeid med kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik
- krav til brukarmedverknad på systemnivå
- lovfesta ansvar for transport av tannhelsepersonell
- krav til koordinering av deltenester for personar med rett til individuell plan
- plikt til å medverke til vidare- og etterutdanning av private tenesteytarar (tannlegar og tannpleiarar) som har avtale med kommunen
- plikt til å medverke til forskning

Kommunar som deltek i prøveordninga, overtek i tillegg fylkeskommunes ansvar for å dekkje utgifter til pasienttransport til og frå den kommunale tannhelsetenesta. Kommunane skal sjølve fastsetje lokale forskrifter om omfanget av dekking av reiseutgifter. For andre

kommunale helse- og omsorgstenester enn tannhelsetenester, er det framleis dei regionale helseføretaka som har ansvaret for organisering og finansiering av pasienttransport.

Personar som er rusmiddelavhengige og bur eller mellombels oppheld seg i ein prøvekommune, får lovfesta rett til nødvendig tannhelsehjelp frå kommunen og rett til å klage over manglande hjelp.

Når det gjeld dei økonomiske rammene opplyser departementet at dei vil kome tilbake til dette i seinare budsjettframlegg. Kommunane skal vere kjende med dei økonomiske rammene når dei søker om å få delta i prøveordninga.

Prøveordninga inneber at det blir gjort uttrekk frå rammeoverføringa til fylkeskommunen og overføring til dei aktuelle kommunane. Utrekket blir bestemt av Helse- og omsorgsdepartementet i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Samarbeid med fylkeskommunen

Fleirtalet i helse- og omsorgskomiteen legg til grunn at kommunane som ønskjer å overta ansvaret frå 2020, så tidleg som mogeleg innleier samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet og fylkeskommunen slik at det vert tid til å greie ut og gjennomføre dei rettslege, praktiske og økonomiske sidene ved oppgåveoverføringa. Fylkeskommunen/regionen kan ikkje motsetje seg at kommunar ønskjer å overta ansvaret for tannhelsetenesta.

Departementet ventar at kommunane er aktive og startar dialogen med fylkeskommunen. Ved ein ev. seinare søknad om å få vere med i prøveordninga, må kommunen gjere greie for samarbeidet med fylkeskommunen.

Omfanget av oppgåveoverføringa

Ordninga med frivillig oppgåveoverføring frå 1. januar 2020 inneber ei formell og overføring frå fylkeskommunen til kommunane som ønskjer dette. Det skal vere ei fullstending overføring av oppgåver. Dette omfattar både spesialisttannhelsetenesta og allmenntannhelsetenesta. Det blir ikkje opna for ei delvis overføring som berre gjeld allmenntannhelsetenesta.

Kommunar som ønskjer å delta i prøveordninga og kor det er lokalisert eit regionalt odontologisk kompetansesenter, må også ta over verksemda og drifta ved senteret. Per i dag er det seks kompetansesenter. Eit av dei er i Bergen. Kompetansesentra tilbyr tannhelsetenester utført av spesialistar. Dei har eit tilrettelagt behandlingstilbod til pasientar med odontofobi og til pasientar som har vore utsette for tortur eller overgrep. Sentra skal tilby rådgjeving, kursverksemd og klinisk, praksisnær forskning.

Departementet understrekar at kommunar som ønskjer å delta, må leggje til rette for å kunne kjøpe tannhelsetenester frå andre dersom tenesta ikkje kan leverast av kommunen sjølv. Det vil truleg vere behov for å etablere interkommunale samarbeidsløysingar mellom kommunar som skal delta i prøveordninga, både når det gjeld tenesteyting og drift av klinikkar.

Det er venta at kommunar som er med i prøveordninga, deltek aktivt i følgjeevalueringa av ordninga.

Verksemdsoverdraging

Verksemdsoverdraging frå fylkeskommune til aktuelle kommunar må vere gjennomført før ansvaret blir overført 1. januar 2020.

Det følgjer av Stortingets vedtak at frå tidspunktet for iverksetting av lovendingane overfor prøvekommunane, har den kommunen der verksemda er lokalisert, rett og plikt til å overta formueposisjonar som er knytte til verksemdar i den fylkeskommunale tannhelsetenesta. Dette omfattar blant anna offentlege tannklinikkar og regionale odontologiske kompetansesenter med utstyr, forbruksmateriell og journal- og IKT-system. I høve til dei kommunale helse- og omsorgstenestene generelt, er den fylkeskommunale tannhelsetenesta er ei utstyrsintensiv verksemd, blant anna med teknisk avanserte behandlingsstolar, digitalt røntgenutstyr og klinikkinnreiing.

Overtakinga skal i utgangspunktet omfatta alle eigedelar, avtalefesta rettar og plikter som er nødvendig for at prøvekommunane skal kunne vareta ansvaret for tannhelsetenester på ein forsvarleg måte. Det er samstundes føresett at fylkeskommunen beheldt eigedelar og avtalefesta rettar og plikter som er nødvendige for å yte tannhelsetenester til dei kommunane i fylket som ikkje deltek i prøveordninga. Denne delinga bør vere eit tema i dialogen mellom aktuelle prøvekommunar og fylkeskommunen. Overføringa til aktuelle kommunar skal skje vederlagsfritt. Fylkeskommunen kan ikkje krevje kompensasjon frå stat eller kommune.

Verksemdsoverdraginga inneber også at prøvekommunane trer inn og overtek fylkeskommunens rettar og plikter etter avtalar mellom fylkeskommunen og private tannlegar ved tidspunktet for iverksetting av lovendingane. Dei enkelte elementa i verksemdsoverdraginga er nærare omtalte under punkt 10.22 i Prop. 71 L (2016-2017).

Om overføring av personell frå fylkeskommunen til prøvekommunane opplyser departementet at det i hovudsak vil føregå som verksemdsoverdraging etter reglane i arbeidsmiljølova kapittel 16.

Fylkesmannen oppmodar særleg Bergen kommune og dei to nye kommunane frå 2020, Alver og Øygarden om å vurdere å delta i prøveordninga.

Vår frist for å svare Helse- og omsorgsdepartementet er 28. mai. Vi ber om tilbakemelding frå kommunane innan 20. mai.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Helga Arianson
fylkeslege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Helse- og omsorgsdepartementet	Postboks 8011 Dep	0030 OSLO